

Arbeidsprogram for SV i perioden 2009-2013

Vedteke på SV-landsmøtet i Bergen 19.-22. mars 2009



SOSIALISTISK VENSTREPARTI



Innhald

kapittel 1	Meir endring!	side 3
kapittel 2	Klima og miljø	side 4
kapittel 3	Retttferd	side 8
kapittel 4	Velferd	side 10
kapittel 5	Arbeid til alle	side 13
kapittel 6	Kunnskap, læring og meistring	side 15
kapittel 7	Ein framtidsretta næringspolitikk	side 19
kapittel 8	Kultur og idrett	side 22
kapittel 9	Feminisme, kjønns makt og motmakt	side 24
kapittel 10	Likestilling og likeverd	side 26
kapittel 11	Fred og solidaritet	side 27
kapittel 12	Mykje meir demokrati	side 32



Innleiing: Meir endring!

SV er eit sosialistisk parti. Vi vil ha ei radikal endring i fordelinga av eigedom og rikdom, i Noreg og i verda. Vi vil styrkje fellesskapen og folkestyret på kostnad av marknadskreftene. SV er eit miljøparti. Vi meiner kampen mot klimaendringane er det viktigaste spørsmålet i vår tid. SV er eit feministisk parti. Vi aksepterer ikkje at løn og makt skal fordelast etter kjønn. SV er eit fredsparti. Vi arbeider for nedrusting og fredeleg konfliktløysing. SV er eit antirasistisk parti. SV kjempar for ikkje-diskriminering, rettfærd og mangfald.

SV vil skape eit samfunn der menneske og miljø er overordna profitt. Eit samfunn der fridom og tryggleik for den einskilde blir garantert gjennom eit sterkt fellesskap. Eit samfunn med mykje meir demokrati enn i dag, der den einskilde har meir makt over eigen arbeidsstad og eige samfunn.

SV arbeider for ei verd der alle menneske har same menneskeverd, rettar og fridom til å ta dei viktigaste vala i livet sitt. Vi vil kjempe mot alle former for diskriminering på bakgrunn av kjønn, hudfarge, etnisk tilhørsle, religion, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk og status elles.

I fire år har SV site i regjering. Vi har brukt dei til å endre Noreg. Titusenvis av barnehageplassar er bygde, Noreg har sett seg nye og modigare mål i klimapolitikken, privatisering er stoppa, svekkinga av Arbeidsmiljølova er reversert, norske soldatar er trekte ut av USAs krigføring i Irak, tusenvis av nye tilsette er i sving i eldreomsorga, minstepensjonistane har fått betre kår og arbeidsløysa har aldri vore lågare. Vi har fått til mykje. Men vi vil ikkje nøye oss med det. SV er eit radikalt parti. Vi vil endre meir. Så lenge klimatrugsmålet framleis heng over oss, så lenge skilnader og fattigdom eksisterer, så lenge skule og helsestell framleis kan forberast, og så lenge kapitaleigarar kan la egne interesser gå framfor fellesskapsinteressene – så lenge trengst eit sterkt og utolmodig SV. I dette programmet viser vi kva vi ynskjer å gjere med Noreg. Di meir støtte vi får, di meir endring får vi til.

Vil skal skape meir endring. Dette er vegvala våre:

Berekraft, ikkje klimaendringar

Store klimaendringar trugar heile grunnlaget for menneske-samfunnet, og kan føre til mangel på mat og vatn, store flyktningstraumar og meir konflikt i verda. Det må gjennomførast ei radikal, nasjonal og global omlegging for å få utsleppa av klimagassar ned på eit akseptabelt nivå. SV vil at Noreg skal vere ein internasjonal pådrivar for dette. Samstundes meiner SV at vi i Noreg skal redusere oljeutvinninga, reinse sterkt ureinande gasskraftverk, satse på jarnbane og annan kollektivtransport, energieffektivisering, miljøvenleg energi og teknologi.

Arbeid til alle

Den økonomiske krisa har ført til dramatisk stigande arbeidsløysa. SV vil i perioden ha arbeid til alle som eit absolutt hovudmål i den økonomiske politikken. Det offentlege må gjennom eit breitt sett av tiltak vere med på å skape nye og berge eksisterande arbeidsplassar, og sikre økonomien til dei som i kort eller lang tid fell utanfor arbeidslivet. Ei etter- og vidareutdanningsreform der det offentlege går først for å motarbeide arbeidsløysa og auke kvaliteten på det offentlege velferdstilbodet, må gjennomførast.

Velferd, ikkje skattelette

Velferdsstaten har gjort Noreg til eit av dei beste landa i verda å bu i. Han byggjer på at vi i fellesskap finansierer skule, helse og omsorg, i staden for at kvar einskild må kjøpe tenester og forsikringar. Det store fleirtalet av folket får meir att frå velferdsstaten gjennom livet enn det dei betalar inn i skatt. SV vil styrkje velferdsstaten i staden for å svekke han gjennom å bruke pengane på skattelette til dei rike.

Fellesskap, ikkje privatisering

Gode, offentlege tenester er meir effektivt enn å overlata oppgåvene til private. I staden for profitt til private verksemdar bør skattepengane gå til å skape betre tilbod til innbyggjarane. Ved å styre viktige delar av samfunnet i fellesskap syter vi for at det folk har trong for kan stå i sentrum, i staden for at alt skal målast i pengar. Slik skaper vi eit tryggare samfunn for alle.

Rettfærd, ikkje skilnad

Noreg er framleis eit klassesamfunn der sjansar, pengar og makt er skeivt fordelte. SV vil stå opp mot ei overklasse som prøver å bli stadig rikare på same tid som andre lever i fattigdom. Gjennom eit betre organisert arbeidsliv, meir styring av samfunnsressursane, meir rettviss skattepolitikk, betre sosialpolitikk og med hjelp frå bedriftsdemokrati kan skilnader reduserast og fattigdom haldast nede.

Kunnskap, ikkje konkurranse

Kunnskap må stå i sentrum i skulen. Meir kunnskap og ein skule som fleire meistarar og fullfører, blir skapt gjennom å satse på lærarane og tilføre den offentlege skulen fleire ressursar. Det blir ikkje skapt gjennom auka rangering av skular, konkurranse mellom elevar eller privatskular for dei privilegerte. SV-skulen vil gjere meir læring og sosial utjamning.

Førebygging, ikkje brannsløkking

SV vil prioritere å hjelpe utsette born. Ikkje alle born har like gode sjansar og livsvilkår. Når problem ikkje blir løyste tidleg, veks dei og blir større. SV vil at born som har vanskar, skal prioriterast like høgt som ein 50-åring som får hjarteinfarkt. Nødvendige tiltak må setjast inn med ein gong.

Folkemakt, ikkje pengemakt

Demokratiet må avgjere meir og marknaden mindre. Eit sterkt offentleg eigarskap i ressursar, infrastruktur og næringsliv vil seie meir makt til folk og folkevalde, i staden for at makta skal liggje hos dei som har flest pengar. Men det er ikkje nok. Folk må òg få meir makt over politikken. SV arbeider for eit meir deltakande demokrati.

Arbeid, ikkje sosial dumping

Eit arbeidsliv der alle har ein jobb med gode løns- og arbeidstilhøve er grunnlaget for eit godt og rikt samfunn. Ei sterk fagrørsla, tydelege lover og reglar og kompromisslaus kamp mot utnytting av arbeidsfolk er viktige byggjesteinar i eit slikt samfunn. SV vil at offentlege styresmakter skal slå hardare ned på sosial dumping og styrkje rettane til dei tilsette og makta fagforeiningane har til å sikre desse på arbeidsplassane.

Fridom, ikkje diskriminering

Det er framleis langt til likestilling i Noreg. Likeløn for kvinnedominerte yrke og kamp mot menns vald mot kvinner handlar om fridom. Ingen skal bli stoppa av tronge og gammaldagse kjønnsroller. SV vil kjempe for at inkludering, ikkje frykt, skal liggje til grunn for korleis etniske og religiøse minoritetar blir behandla i Noreg. I tillegg vil SV framleis gå i front for rettane til lesbiske og homofile. Fysisk utestenging og sosial isolasjon er diskriminering. SV vil sikre likestilling og full deltaking i samfunnet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Mangfald, ikkje sentralisering

Store verdjar blir skapte i distrikta, og Noreg er avhengig av at busetjing og sysselsetjing blir oppretthalde i heile landet. Kvaliteten på grunnleggjande velferd skal ikkje avgjerast av kvar i landet du bur. Noreg treng fleire tyngdepunkt enn hovudstadsområdet, og heile landet må ha rom for viktige, nasjonale oppgåver og ressursar.

Solidaritet, ikkje krig

Mange stader i verda kjempar menneske mot naud og undertrykking. Noreg må støtte retten alle folk har til tryggleik, velstand og høve til å påverke eiga framtid. Utanrikspolitikken i Noreg kan ikkje baserast på støtte til stormaktsinteressene til USA og andre NATO-land. SV vil ha eit forsvar som konsentrerer seg om forsvar av Noreg, ikkje krigføring i andre land. Og SV vil ha ein human og solidarisk flyktning- og asylpolitikk som tek meir ansvar for dei mange i verda som treng vern.

Sosialisme, ikkje marknadliberalisme

Vi lever i ei tid der alt er mogleg. Aldri har menneska hatt slike økonomiske og teknologiske ressursar til disposisjon som i dag. Kapitalismen hindrar oss i å bruke denne sjansen til å løyse dei grunnleggjande problema menneska har. Difor er vår tid òg ei tid med alvorlege kriser. Marknadliberalismen skaper stadig økonomiske kriser som trugar arbeid og heim for millionar av menneske over heile verda. Klimakrisa har røter i eit økonomisk system som er avhengig av omsynslaus forbruksvekst, og kan øydeleggje tilgangen på mat, vatn og stabile livsvilkår over store delar av kloden. I tillegg opplever verda i dag ein enorm konsentrasjon av rikdom i dei øvste laga av samfunnet. Denne fordelingskrisa øydelegg sjansane for utvikling i fattige land og undergrev velferd og solidaritet i land som vårt eige.

Vi lever i eit land der alt er mogleg. Den norske velferdsstaten er frukta av kampen for rettfærd i meir enn eitt hundreår. Grunnlaget for velstanden vår har vore eit offentleg velferdssystem basert på universelle rettar, styring av marknadskreftene og nasjonalt eigarskap til viktige ressursar og infrastruktur. Denne modellen må forsvarast, men han må òg utviklast vidare. Skilnader og fattigdom kan kjempast ned med sterkare velferdsordningar og eit meir inkluderande arbeidsliv. Marknads- og kapitalmakta kan svekkjast til fordel for meir demokratisk styring. Målet til SV er eit sosialistisk samfunn der kapitalisme og utemde marknadskrefter blir erstatta av solidaritet, rettviss fordeling, miljøomsyn og eit utvida økonomisk og politisk demokrati. Dette programmet skildrar steg på vegen mot eit slikt samfunn.

SV er eit parti med sterke røter i arbeidarrørsla og med sterk inspirasjon frå kvinnerørsla, miljørørsla, fredsrørsla og anti-rasistiske rørslar. Denne arven vil vi vidareføre i arbeidet vårt dei neste fire åra. Vi vil prøve å endre Noreg i samarbeid med menneske og rørslar som vil trekkje Noreg i rett retning. Dette programmet er invitasjonen vår til å bli med oss i arbeidet. Styrken til SV vil avgjere kor mange av måla i dette programmet vi når. Di sterkare vi blir, di meir vil vi få til i dei sakene vi her lovar å kjempe for. Saman skal vi skape meir endring.

Kapittel 2: Klima og miljø

Klimaendringane er eit trugsmål mot alle menneske. Samstundes gjev klimatrugsmålet nye sjansar til å gjennomføre radikale endringar i retning av eit meir miljøvenleg og menneskevenleg sosialistisk samfunn.

Berekraftig utvikling er ein grunnfesta del av SV-politikken, og dette omgrepet rommar eit absolutt krav om solidaritet med komande generasjonar. Ein politikk for berekraftig utvikling inneber vern av miljøressursar og ei forsvarleg forvaltning av naturressursane. I dag belastar det rike mindretallet av folkesetnaden på jorda miljøet og ressursane så sterkt at dei andre ikkje får rom til velstandsvekst utan at tolegrensene til jorda blir sprengde. På fleire område er desse grensene alt overskridne. I tillegg råkar miljøydeleggingar hardast dei som har minst høve til å tilpasse seg endringar. Det er òg ei utfordring at økonomiske strukturar i mange tilfelle fremjar ikkje-berekraftig bruk av naturressursar i fattige land.

Skal vi løyse klimaproblemet, må det takast i bruk langt kraftigare verkemiddel og mykje større ressursar enn det som blir gjort i dag.

Den største og viktigaste utfordringa i vår tid er å løyse dei globale klimaproblema. Forskarane i FN-klimapanelet har vist oss at temperaturauken på jorda ikkje må gå over to gradar, viss vi skal hindre store skadar på menneske og miljø som ikkje kan rettast opp att. Skal vi nå togradarsmålet, må utsleppa globalt reduserast seinast i 2015 og totalt reduserast med 50–85 prosent innan 2050. I dag aukar utsleppa både i rike og fattige land. Skal vi løyse klimaproblemet, må det takast i bruk langt kraftigare verkemiddel og mykje større ressursar enn det som blir gjort i dag.

Noreg, med oljeformuen sin, har eit spesielt ansvar for å vere med på å løyse dei globale klimautfordringane. Viss dei fattige landa skal kunne heve levestandarden slik vi i Vesten har gjort, må den høgaste reduksjonen av klimautslepp skje i dei industrialiserte landa. På same tid må vi gjennom teknologioverføring og anna hjelp gjere vårt til at velferdsutviklinga i fattige land ikkje baserer seg på same fossile energibruk som ligg til grunn for den økonomiske veksten vår.

SV meiner det både er påkravd og mogleg å omstille Noreg til eit framtidssamfunn med låge utslepp. I kjølvatnet av den økonomiske krisa vil ei rekkje verksemder gå gjennom store omstillingar. Det er avgjerande at desse omstillingane fører til ny, miljøvenleg verdiskaping. SV vil bygge landet med nye arbeidsplassar, ny infrastruktur og nye idear for eit moderne og miljøvenleg Noreg. Omstillingar blir kravde både i næringslivet og i det offentlege. Den einskilde må òg endre forbruksmønster i meir miljø- og klimavenleg retning.

2.1 Målsetjingar og verkemiddel i klimapolitikken

SV meiner målsetjingane i klimapolitikken må byggje på vitskaplege reknestykkje som viser kor store globale utsleppskutt som må til, for å nå togradarsmålet. Ei rettvis internasjonal fordeling av byrdene må liggje til grunn for desse kuttane.

SV arbeider for ein internasjonal klimaavtale der alle menneske i verda blir behandla likt ved at det blir sett eit strengt globalt tak på utslepp som sikrar ein høg kostnad ved å ureine og ei landvis fordeling av byrdene for å oppnå målet. Utsleppsrettane til kvart einskilt land skal vere basert på innbyggjartal. I tillegg må ein avtale binde dei rike landa med det historiske ansvaret og dei finansielle musklane til å betale både for egne utsleppsreduksjonar og utsleppsreduksjonar i fattige land, og på den måte vere med på å jamne ut globale skilnader på inntekts- og velferdsnivå.

I tråd med dette meiner SV at Noregs utslepp av klimagassar må reduserast til maksimalt 30 millionar tonn CO₂-ekvivalentar innan 2020, noko som svarar til ein 40 prosent reduksjon frå 1990-nivå. Innan 2050 må Noreg ha tilnærma nullutslepp av klimagassar. I tillegg til desse nasjonale bindingane må Noreg hjelpe til internasjonalt med finansiering, teknologioverføring og mobiliserings- og informasjonsarbeid som reduserer klimagassutsleppa i utviklingsland.

Dersom vi legg dette til grunn for Noregs klimapolitikk, vil det vere styrande for planlegging av all verksemd i samfunnet. Vi må frå i dag ta ei fast avgjerd om at det ikkje skal byggjast nye, store utsleppskjelder, og det må leggjast konkrete planar for omstilling og reinsing av utsleppa i alle sektorar. Utset vi ei nødvendig omstilling, vil det bli langt meir dramatisk og mykje dyrare å gjennomføre dei nødvendige utsleppskutta.

SV meiner at målsetjingane og dei viktigaste verkemiddele i klimapolitikken må lovregulerast. SV vil styrkje ureiningslova og andre relevante lovverk for å sikre reduserte utslepp. Det må stillast krav om klimahandlingsplanar i alle kommunar og fylke, og det må sikrast tilstrekkeleg kompetanse til utarbeiding og gjennomføring av desse. SV vil arbeide for at det blir oppretta klimaseksjonar i alle fagdepartement for å sikre forståing for klimafølgjer av sakene dei handsamar.

Det skal løne seg å leve miljøvenleg. SV arbeider difor for ei grøn omlegging av skatte- og avgiftssystemet. Reduksjon av utslepp kan oppnåast gjennom satsing på miljøteknologi, lovregulering av utslepp og prinsippet om at ureinar betalar. Grøne skattar og avgifter reduserer etterspurnaden etter miljøfiendteleg produkt, aukar konkurransekrafta til miljøvenlege alternativ og skaffar inntekter som kan brukast på miljøtiltak og kompensasjon til låginntektsgrupper. SV meiner at delar av inntektene frå grønne skattar og avgifter bør øyremerkjast miljøfremål, slik at til dømes inntekter frå ei russtidsavgift blir brukt på kollektivtransport i same område. På same tid er det viktig å sikre det fordelingspolitiske perspektivet i skattesystemet. Fordeling og miljø må gå hand i hand for å sikre brei folkeleg støtte for miljøpolitikken, og det må takast omsyn til følgjene for lokal busetnad og sysselsetjing. SV arbeider difor for ei grøn skatteveksling med fordelingsprofil. Det vil seie at miljøskattar blir kompenserte som lågare skatt på arbeid for dei med lågast inntekt.

Klimautfordringane gjer at ei svært rask og omfattande omstilling til eit samfunn med låge klimautslepp er uunngåeleg. Stern-rapporten slår fast at om lag 1 prosent av global BNI må brukast til klimatiltak i åra framover, viss ein vil unngå langt større kostnader i framtida. Ei rettvis byrdefordeling inneber at dei rike landa må bruke mellom 1,5 og 3 % av BNI. SV meiner difor det er naudsynt og ansvarleg å bruke delar av midlane i Statens Pensjonsfond til å gjere større investeringar som vil redusere norske klimautslepp i framtida. Samstundes meiner SV at pensjonsfondet må få ein sterkare klimaprofil. Det må stillast sterkare miljøkrav til selskapa fondet investerer i, og det må berre kjøpast statsobligasjonar i land som vil ta på seg klimareduserande oppgåver. Ein monaleg del av oljefondet bør investerast i selskap som driv med fornybar energi og miljøteknologi.

Noreg kan bli internasjonalt leiande når det gjeld finansiering av klimavenleg teknologi og forskning. SV meiner Noreg, i tråd med tilrådingane i Stern-rapporten, må setje av 1,5–3 prosent av årleg BNI til klimatiltak fram til ein klimaavtale som set tak på utsleppa i alle land, er på plass. Dei første 100 milliardane bør setjast av til eit internasjonalt forskingsfond som finansierer utvikling av klimavenleg teknologi på ein måte som sikrar at tiltak kan gjennomførast raskt. Både statar, forskingsmiljø og verksemder over heile verda kan søkje om midlar.

Hovudmåla for fondet må vere å stimulere til teknologisk utvikling og raskast mogleg innføring av lågkarbonteknologiar i utviklingsland og veksande økonomiar. Noreg bør òg sterkt medverke til internasjonalt informasjonsarbeid og global mobilisering mot klimatrugsmålet.

→ Sjå òg 6.3 «Forskning og høgare utdanning»

Noreg må gjennom teknologioverføring til fattige land medverke til meir klimavenleg økonomisk vekst. Ikkje minst gjeld dette u-land med sterk vekst. Utvikling og miljø heng nært saman. SV meiner miljørelatert bistand bør stå for 15 prosent av norsk bistand. Noreg må halde fram, og styrkje, innsatsen for å ta vare på regnskogen. Noreg må òg hjelpe dei som alt er råka av klimaendringane.

System for handel med klimakvotar er etablerte. Det er viktig for Noreg å ta del i utviklinga av slike system, men ein sidig tru på kvotehandel som verkemiddel i klimapolitikken kan føre til at tiltak og utvikling av ny teknologi som trengst, blir utsette. Kvotehandel vil først vere eit effektivt verkemiddel om det går inn som eitt av fleire tiltak i regionale og internasjonale avtalar mellom land. Føresetnaden er at landa set klare tak på utslepp og har godt utvikla lov- og regelverk som blir følgde. Eit alternativ til kvotehandel kan vere ei internasjonal CO₂-avgift. Kvotehandel mellom land med utsleppsbindingar, som mellom Noreg og EU-land, sikrar at utsleppa blir reduserte på ein effektiv måte. Kjøp av kvotar frå land utan utsleppsbindingar medverkar til pengeoverføring og miljøfokus i utviklingsland, men det er klart at slike kvotekjøp ikkje alltid fører til utsleppsreduksjonar. SV meiner at slike kvotekjøp ikkje må brukast for å oppfylle klimaforpliktingane til Noreg, men berre til å fremje miljøfokus og overføre pengar til utviklingsland. SV vil at Noreg skal gå lenger enn å oppfylle dei avtale klimaforpliktingane. Dette vil vi gjere gjennom å investere og overføre teknologi til klimaprojekt i sør, og ved å «kjøpe og brenne» kvotar innafor det mangelfulle kvotesystemet vi har i dag.

2.2 Ein klimavenleg energipolitikk

Visjonen SV har for energipolitikken, er å gjere Noreg til ei miljøvenleg energistormakt. Ei storsatsing på energisparing og energieffektivisering må vere ein viktig del av denne omstillinga. Samstundes må vi bli mindre avhengig av olje. Ei storstilt satsing på ny, fornybar energi vil danne grunnlag for ei ny, miljøvenleg industriutvikling i Noreg. I framtida vil Noreg òg ha eit stort potensial for eksport av rein energi og energikrevjande produkt produserte med rein energi. Dette potensialet må byggjast ut på same tid som eksporten av fossil energi blir trappa ned.

Ein kWh (kilowattime) spart eller attvunne er betre og meir effektivt enn ein ny kWh produsert. Noreg er ein stor energisløsar og har i dag eit energieffektiviseringspotensial på 20–30 TWh. Det vil seie energi tilsvarende om lag ti gasskraftverk. Bygningar representerer meir enn halvparten av dette sparepotensialet. Passivhus må bli standard for nye bygg i framtida. Energi- og nettselskap må gjevast insentiv til å investere i energisparing på lik line med ny produksjon og utbygging av nettet. Støtte til energieffektivisering og energiomlegging må styrkjast. I tillegg finst eit stort sparepotensial i industrien, i betring av kraftnettet og opprusting av eksisterande vasskraftverk. Attvinning av energi, hovudsakleg i industrien, har òg eit potensial på 5–10 TWh. Det må leggjast til rette for at attvinning av energi blir gjort lønsamt.

Energikjelder for framtida er fornybar energi som sol-, vind-, bølge-, tidevass- og bioenergi og jordvarme. Noreg har høve til å bli ein storprodusent av miljøvenleg energi. På same måte som då Noreg bygde opp vasskraftproduksjonen og seinare den norske olje- og gassindustrien, må staten spele ei sentral rolle i utbygginga av energikjelder for framtida. SV meiner staten før bruke

Statkraft i utbygging av ny fornybar energi i Noreg. SV vil arbeide for ei kraftig satsing på framtidens forskning og utvikling av fornybar energiteknologi. Staten må etablere rammevilkår som gjer det lønsamt å produsere ny fornybar energi i Noreg.

Noreg har enormt potensial for utbygging av vindmøller til havs, og vil i framtida kunne etablere utsleppsfri industriproduksjon og forsyne store deler av Europa med miljøvenleg energi. Utvikling av ein norsk industri knytt til havkraft avheng av at vi òg tek i bruk den vindkraftteknologien som er tilgjengeleg i dag. SV vil difor òg satse på landbasert vindkraft. Utbygging av vindmøller på land må ta utgangspunkt i planar som òg tek andre miljøomsyn, baserte på grundige konsekvensanalysar. Om det er råd å byggje bølge- og tidevasskraftverk i større skala, bør òg utgreiast.

SV er for ein felles, grøn sertifikatmarknad med Sverige. Fram til ei slik ordning er på plass, må Noreg ha støtteordningar som gjer det lønsamt å byggje ut fornybar energi.

Straum bør først og fremst brukast til lys, elektriske apparat og næringsverksemd – ikkje til oppvarming. For å redusere energitrongen og for å gjere folk flest mindre avhengig av straum til oppvarming, vil SV at det blir gjeve meir stønad til energieffektivisering og omlegging til vassboren varme og nye, fornybare oppvarmingskjelder. SV vil støtte tilrettelegging for auka bruk av bioenergi i lokal- og fjernvarmeanlegg, og utforme finansieringsordningar som medverkar til innføring av vassboren varme i eksisterande bygningar.

Med så mange gode alternativ er det ingen grunn til å fase inn fossil gass i oppvarmingssektoren. SV meiner offentleg støtte til bruk av naturgass utan bruk av CO₂-deponering ikkje skal gjevast meir. All fossil oppvarming skal utfasast og bli forbode innan 2013. Parallelt med dette må støtteordningane for omstilling frå fossilt brensel til fornybar varme bli betre.

SV vil arbeide for eit rettvis og klimavenleg prissystem på straum som gjer det lønsamt å spare på straumen. Straumprisen skal vere gradert etter forbruk. Dette vil gjere at det høge luksusforbruket på straum blir vesentleg dyrare enn vanleg forbruk. Nettleiga skal vere rettvis. SV vil fjerne fastleddet på nettleiga slik at det er sjølve straumforbruket folk betalar for. SV vil ha sterkare utjamning av nettleiga. Dette bør skje gjennom kompensasjonar som gjev prisreduksjon i distrikta. SV ynskjer ei betring av nettkapasiteten frå Nord-Noreg og ei styrking av nettet dei stadene det er nødvendig for å overføre rein vindenergi. På same tid vil SV ta vare på reinbeiterettane til samane.

SV meiner det er viktig med eit sterkt offentleg eigarskap i energisektoren. Produksjon og distribusjon av energi skal i størst mogleg grad vere politisk styrt og offentleg ått. SV vil oppretthalde og sikre heimfallsinstituttet for vasskraftressursar og utvide heimfallsinstituttet til òg å gjelde nye eigarsektorar. Når ein ny konsesjonspolitikkk for havvindmøller skal leggjast, må offentleg styring stå sentralt. Energilova må endrast med mål om auka prisstabilitet. Dessutan bør oppdekkingsplikta i energilovgjevinga innførast att. Ein bør vurdere å innføre ein lokal naturressursskatt, slik at kommunen får kompensasjon for bruk av areal til produksjon av rein energi.

→ *For meir om heimfall og vindkraft sjå 7.7 «Energilandet»*

Auka bruk av kol, olje og gass er den viktigaste årsaka til menneskeskapte klimaendringar. Forbruket av desse energikjeldene må difor fasast ut. Noreg må gjere seg mindre avhengig av olje og gass, og gjere sitt til at nye, fornybare energikjelder erstattar kol og olje internasjonalt. SV meiner Noreg må redusere

oljeutvinningstempoet og oljeinvesteringsnivået, og vil ha utarbeidd ein plan for ei slik styrt omstilling. SV vil utsetje tildelinga av nye leitekonsesjonar til ein slik plan er på plass. Ei redusert satsing på petroleum vil vere med på å flytte kompetanse og investeringar over til næringer baserte på ny fornybar energi.

SV meiner somme sårbare havområde må sikrast varig vern gjennom at dei blir gjorde til petroleumsfrie område. Petroleumsfrie område er havområde verna frå olje- og gassverksemd. Der skal det heller ikkje utførast geologiske og petrofysiske granskningar, leiteboring eller andre førebuingar til utvinning. Dette er nødvendig for å sikre ei god forvaltning av fiskeriressursane, verne verdfulle delar av norsk natur og kjempe mot klimaproblema. SV meiner omsynet til ei berekraftig forvaltning av fiskeriressursane må gå framfor ynsket om auka oljeutvinning i nord.

SV meiner at mellom anna områda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, og Mørkekysten i tillegg, skal gjerast til varig verna, petroleumsfrie område. Noreg skal arbeide aktivt for å sikre naturmiljøet i Arktis, og sørgje for at Arktis får eit like godt miljøvern som områda i Antarktis. Dette kan skje gjennom ein internasjonal traktat som Antarktistraktaten og/eller ved at ein byggjer på prinsippa i Svalbardmiljølova.

SV arbeider for større openheit, innsyn og politisk styring i oljepolitikken. Vi meiner staten må bruke eigarskapen sin i StatoilHydro til å gjere selskapet til eit energiselskap for framtida som satsar på ny, fornybar energi.

Utsleppa i petroleumssektoren må reduserast kraftig gjennom ein plan for elektrifisering av norsk sokkel. Petroleumssektoren må få rammevilkår som gjer det meir attraktivt å gjennomføre klimatiltak på installasjonane. Inntekter frå auka CO₂-avgift på norsk sokkel bør øyremerkjast eit fond som skal finansiere store elektrifiseringsprosjekt på installasjonane. Alle nye utbyggingar av olje- og gassfelt må baserast på landbasert kraft eller klimanøytral kraftproduksjon. Dessutan må det vere krav om nullutslepp til luft og sjø for alle igangsette prosjekt. Elektrifisering av sokkelen må dimensjonast og tilretteleggjast for framtidig bruk med tanke på vindmøller til havs.

SV vil styrkje oljevernberedskapen for å førebyggje ulukker og for å redusere helse- og miljøkonsekvensane av ei eventuell ulukke. SV støttar desentraliserte modellar som den såkalla finnmarksmodellen, der fiskarane er ein aktiv del av vernebuinga. Vidare vil SV styrkje den statlege slepebåtkapasiteten i heile landet, og styrkje og oppdatere oljeverndepota.

Ingen nye gasskraftverk må byggjast utan CO₂-handtering frå dag éin. På same tid må vi styrkje forskinga for å avklare usikre moment knytte til CO₂-deponering. Infrastruktur for slik CO₂-handtering må drivast av staten, medan kostnadene må dekkjast av brukarane gjennom ein eigen tariff. Både pilot- og fullskalareinsing ved Mongstad må fullførast i samsvar med tidsplanen. Gasskraftverket på Kårstø må reinsast eller leggjast ned. Sv meiner industrien må ta sin del av reduksjonane i klimagassutsleppa. Staten bør gjere ein avtale med industrien for å oppnå dette. Ein handlingsplan for CO₂-reinsing av andre store punktutslepp i samband med dei eksisterande gasskraftverka i tillegg til industrien i Grenland, skal òg lagast.

Tida for dei store vassdragsutbyggingane er over. Den norske vassdragsnaturen er unik i verdsstålestock og bør vernast. Verna vassdrag må ikkje opnast for kraftutbygging att. Vassforskrifta, innføringa av vassdirektivet til EU i Noreg, legg opp til ei heilskapleg, økosystembasert forvaltning av vassressursane. Nye konsesjonar og revidering av gamle konsesjonsvilkår må samordnast med denne prosessen. Eldre vasskraftverk må moderniserast for å gje større effekt, og overførings-

linene må styrkjast. SV er positiv til mikro-, mini- og småkraftverk der dei ikkje kjem i konflikt med viktige natur- og friluftinteresser.

Atomkraft slepper ikkje ut klimagassar, men genererer høgradioaktivt avfall som må lagrast i over 100.000 år. Atomkraft inneber ein risiko for ulukker med svært alvorlege følgjer for menneske og miljø, og for spreing av radioaktivt materiale som kan brukast til atomvåpenproduksjon. SV meiner at Noreg må arbeide aktivt for å få stengt atomkraftverka i nærområda våre og vere pådrivar i arbeidet med å rydde opp i atomavfall. SV vil arbeide for ei styrt avvikling av reaktoranlegga på Kjeller og i Halden. Det må gjevast statleg økonomisk støtte til forskning og omstilling av drifta til ny kunnskapsbasert, industriell verksemd.

2.3 Ein klimavenleg transportpolitikk

SV vil auke satsinga på samferdsel dei neste ti åra. All auke bør gå til klimavenleg transport. Investeringar i jarnbane og vegar må fordelast rettvis og tilpassast regionale skilnader i eit langstrakt land. Hovudmålet for SV er å gjennomføre ei grøn modernisering og klimaomstilling av norsk samferdsel.

Den mest effektive måten å redusere klimagassutslepp frå transportsektoren på, er å redusere trongen for transport i samfunnet. SV vil arbeide for at all areal- og samfunnsplanlegging medverkar til å redusere transporttrongen. Den kommunale planlegginga må leggje til rette for at det blir enklast råd for innbyggjarane å nå arbeid, skule og barnehage med minst mogleg bilbruk, til dømes gjennom samanhengjande og trygt nett for gåande og syklande. Vi vil ha ein restriktiv politikk overfor nye kjøpesenter. Sentra skal etablerast slik at det fører til redusert bilbruk. Det er òg klimapolitisk nødvendig å forsterke satsinga på kortreist mat og auka regional sjølvforsyning av varer som er eigna for dette. IKT og breiband er grøne verkty som bør utviklast for å redusere reisetrongen, effektivisere varetransporten og gjere kollektivtransporten meir brukarvenleg.

Ein tredel av norske klimagassutslepp kjem frå vegtrafikk, sjøtransport og luftfart. Transportsektoren har auka utsleppa sine med nær 30 prosent frå 1990 til 2007 og har passert både industrien og olje- og gassnæringa som utsleppskjelde. Prognosane viser ein vidare vekst på meir enn 30 prosent om vi held fram som no. Lokale miljøproblem gjer det òg nødvendig med nye transportløyningar. Vegtrafikken er ei hovudkjelde til svevestøv og står for 80 prosent av dei registrerte støypлагene våre. Vekst i biltrafikk vil bandleggje mykje meir matjord på landet og areal i byane enn vekst i kollektivtrafikk vil gjere.

SV arbeider for ei heilskapleg og langsiktig finansiering av samferdsleprosjekt som gjev føreseielege rammer for utbygging. Dette er ikkje minst viktig i arbeidet med å planleggje og finansiere ei heilt påkravd omlegging til eit meir klimavenleg transportsystem.

SV vil gjere jarnbana til eit attraktivt og lønsamt alternativ til bil- og flytrafikk. SV vil modernisere og utvide det norske jarnbanenettet slik at toget blir eit naturleg førsteval for dei fleste lange og mellomlange reiser i Sør-Noreg. For å lukkast med dette vil SV etablere eit høgfartnett mellom dei store byane i Sør-Noreg, kombinert med ei stor nærtrafikksatsing på jarnbane. I komande periode vil SV trappe opp investeringane i jarnbana til ti milliardar kroner årleg. SV ynskjer òg ei utgreiing av jarnbane i Nord-Noreg.

I komande planperiode vil SV prioritere å modernisere og utbetre jarnbanenettet. Kapasitet og det å vere presis både for persontrafikk og gods må forbetrast gjennom fullføring av fjernstyring, nok kryssingsspor og fjerning av strekningar der ein må køyre sakte. I tillegg må togsetta oppgraderast for å gjere jarnbana konkurransedyktig. Det vil mellom anna seie at alle togreisande bør ha nettilgang.

Dei store investeringane må i første omgang konsentrerast om nærtrafikk ved byane og fullføring av dobbelspor i intercity-trianglet. SV vil arbeide for å få gjennomført dei prosjekta partiet har prioritert i arbeidet med Nasjonal transportplan for perioden. Utbetringar og utbyggingar av jarnbanenettet må dimensjonast og tilpassast krava til eit framtidig høgfallsnett.

Talet på reisande med fly mellom dei store byane i Noreg er så høgt at fleire strekningar ligg i europatoppen. Dette gjev eit grunnlag for å etablere eit høgfallsnett mellom dei store byane i Sør-Noreg og Skandinavia. SV vil starte utbygginga av høgfallsnettet innan 2015. Planlegging og vedtak om finansiering må gjerast i stortingsperioden 2009–2013, slik at første strekning kan prioriterast.

Planlegginga må sjå snøggotog som del av ei integrert og heilskapleg kollektivløsning. Ho må ta høgde for særnorske tilhøve, og må sjå på løysingar som gjer at snøggotog òg kan fungere som intercitytog i tettbygde område. SV vil styrkje det internasjonale samarbeidet for å gjere det lettare å reise med tog mellom land. SV vil følgje opp Nordisk råds vedtak om eit tett samarbeid for å bygge ut jarnbane og andre klimavenlege transportløysingar mellom dei nordiske landa.

Med dei klimautfordringane vi står overfor, må utsleppa frå luftfarten i Noreg reduserast. SV vil innføre ei avgift på flyavgangar som skal øymerkjast bygging av høgfallsnett. Noko av inntektene må òg brukast til å redusere prisane for flytilbodet på delar av Vestlandet og Nord-Noreg. SV seier nei til ei tredje rullebane på Gardermoen og til fleire rullebaner ved dei andre store flyplassane. I store delar av distrikts-Noreg der jarnbane ikkje er eit alternativ, vil SV arbeide for eit godt flytilbod parallelt med at eksisterande busstilbod vert styrkt.

I dag blir altfor mykje gods frakta på veg i Noreg. Dette er lite miljøvenleg og skaper farlege situasjonar i trafikken. Målet må vere at ein større del av godstransporten skjer med skip og jarnbane, noko som krev opprusting både av jarnbanenett og hamner, og at det blir lagt til rette for løysingar som gjer eit skifte mellom transportformer lettare.

Kollektivtransporten skal vere rygraden i transport-systemet i byane og nærområda deira. SV vil styrkje tilskota til kollektivtransport slik at han kan tilby konkurransedyktige billettprisar med gode overgangsvilkår. Rimeleg pris saman med god frekvens og fleksibilitet er grunnleggjande for eit godt kollektivtilbod. SV vil ha forsøk med gratis kollektivtrafikk. SV vil òg arbeide for at studentar, elevar, lærlingar og all ungdom under 20 år skal få tilbod om eit kort som gjev rimelege kollektivreiser. SV vil gje statleg støtte til system for parkering med skyss i kommunane.

Organiseringa av lokal kollektivtrafikk er viktig for å lukkast med dei politiske måla. Anbodssystemet fører ikkje til ein betra kollektivtrafikk, men fører til press på løns- og arbeidsvilkåra til dei tilsette. SV er difor mot anbudssystemet. Andre organisasjonsformer for kollektivtrafikk bør vurderast.

SV vil prioritere kollektivnettet framfor vidare veg-utbygging i byområde. Lokale vegpakkar bør erstattast med regionale transportpakkar som kombinerer offentlege løyvingar og eventuelle trafikkinntekter. Slike transportpakkar skal prioritere kollektivtrafikk og gang- og sykkelveggar, og innehalde tiltak som fører til redusert biltrafikk. SV vil arbeide for minimum ei dobling av den statlege vederlagsordninga for kollektivtransporten i dei store byane. I samband med tildeling av statlege tilskot vil SV stille som vilkår at byområda innfører rushtidsavgifter, restriktivt parkeringspolitikk eller andre tiltak som reduserer biltrafikken tilsvarende. Ein offensiv sykkelpolitikk skal òg lønast. SV vil innføre miljøsoner i dei største byane der køyrety

med høge utslepp har innkøyringsforbod eller må betale høge avgifter.

SV vil innføre skatt for føremonen med gratis parkeringsplass i område med avgiftsparkering, og skattefritak for kollektivkort betalt av arbeidsgjevar. SV vil innføre fullt skattefrådrag etter dokumentasjon for klippekort og månadskort for kollektivtransport.

Kollektivtransporten i dei store byane må gjevast klare føremonar i trafikken, slik at han får ein konkurranseforsprang med omsyn til tid. Når nye bydelar eller bustadstrok skal planleggjast, må det leggjast til rette for kollektive transporttilbod. Ein meir miljøvenleg samferdslepolitikk i byar og tettbygde strom inneber at kollektivtransporten og transportårene i større grad skal vere eit statleg økonomisk ansvar. Kollektivfelt skal ha større vern i plan- og bygningslova.

I distrikta er det òg viktig med eit godt kollektivtilbod. Mange stader finst likevel ikkje noko alternativ til privatbilen, og satsinga på klimanøytrale drivstoff må styrkjast på same tid som framkomst og tryggleik på mange vegar må betrast. SV vil prioritere vegløyvingar i distrikta.

Hurtigruta er viktig for samferdsla langs kysten både for gods, lokale reisande og for turistnæringa. SV vil gå inn for at hurtigruta framleis skal ha daglege avgangar.

Inga form for transport er så sunn og miljøvenleg som å gå eller sykle. Likevel reiser færre med sykkel i Noreg i dag enn i 2001. SV meiner det bør leggjast langt betre til rette for gåande og syklande slik at fleire enn i dag kan gå eller sykle til og frå arbeid. Det må vere klare planmål om gang- og sykkelveggar i arealplanlegging. Alle tettstader med meir enn 5000 innbyggjarar bør ha ein plan for eit samanhengjande sykkelvegnett innan 2010. SV vil arbeide for betre veganlegg for sykkeltrafikk. Sykkel gjeven av arbeidsgjevar, skal ikkje føre til skatt på inntekt. Vi vil òg sørge for at kollektivknutepunkt har eigne parkeringsområde for sykklar med vern for vør og vind, og tiltak for å hindre sykkeltyveri.

Mindre bilkøyring gjev lågare klimautslepp og mindre lokal luftureining. I tillegg til å lage betre kollektivløysingar vil SV gjennomføre tiltak som reduserer unødvendig bilbruk. SV vil innføre rushtidsavgift i dei store byane og øymerkje inntektene til betre kollektivtransport for reisande i same område. SV vil arbeide for færre parkeringsplassar i bysentrum og gjere forsøk med bilfrie dagar i sentrum av dei store byane.

SV vil gjennom premieringsordningar, lover og avgifter medverke til omstilling frå fossile drivstoff til meir miljøvenlege alternativ for bilkøyring. SV vil arbeide for eit forbod mot sal av nye bilar som berre skal gå på fossilt drivstoff seinast frå 2015. I tillegg vil SV at Noreg skal ta initiativ til eit samarbeid med fleire land om å gjere det same. Ein opptrappingsplan for innfasing av nullutsleppskøyrety som involverer pålegg overfor bilimportørar, må utarbeidast. Alle nye køyrety i offentleg verksemd skal kunne køyre på fornybar eller utsleppsfrie energikjelder frå 2010. Offentlege verksemdar må påleggjast å utarbeide ein konkret plan for korleis dei skal få ned, og gradvis fase ut, utsleppa frå bil- og maskinparken. SV vil ha ein bindande opptrappingsplan for etablering av ladestasjonar på parkeringsplassar og på bensinstasjonar. Transnova bør styrkjast monaleg, til dømes med øymerkte inntekter frå drivstoffavgiftene. SV vil etablere ei premieringsordning der statleg verksemd og kommunar blir gjevne stønad til å kjøpe inn elbilar og plugg inn-hybridbilar. Løyvingane til forskning på, utvikling og demonstrasjon av klimavenleg drivstoff må aukast.

Det bør leggjast til rette for auka bruk av klimanøytrale drivstoff i marin sektor. For ferjene som er ute på anbud,

bør det stillast krav om bruk av klimanøytrale drivstoff dersom dette er teknisk mogleg. Klimaeffekt skal ha mykje å seie i anbudsrunder. Noreg må vere ein pådrivar for å få på plass internasjonale avtalar for regulering av utsleppa frå skipstrafikken.

Biometangass er drivstoffet i nær framtid for lokal tungtrafikk. Tiltak må setjast i verk slik at fleire bussar kan gå på biometangass, mellom anna fleire biometangassanlegg.

SV arbeider for eit sertifiseringssystem for biodrivstoff som sikrar berekraftig produksjon som ikkje går ut over matproduksjonen eller det biologiske mangfaldet. Når dette er på plass, vil vi vurdere ulike tiltak for å auke omsetnadspåbodet for biodrivstoff i marknaden.

→ *For samferdslepolitikken elles sjå 7.5 «Betre infrastruktur»*

2.4 Ein miljøvenleg kvardag

SV arbeider for at det skal vere lett for vanlege folk å ta miljøvenlege val i kvardagen. SV vil arbeide for betre merking og forbrukarinformasjon, slik at forbrukaren lett kan sjå kva ei vare inneheld og korleis ho er produsert. SV vil redusere omfanget av reklame og arbeide for å redusere kjøpepresset, spesielt det som er retta mot born og ungdom.

→ *Sjå òg 12.5 «Forbrukarmakt»*

SV vil premiere privatpersonar som hjelper til med å redusere klimautsleppa. Miljøvenlege tiltak som byte av oljefyr, tilknytning til fjernvarmeanlegg, kjøp av bil med alternativt drivstoff og/eller patrikkelfilter bør kvalifisere til tilskot, skattefrådrag eller avgiftsreduksjonar.

Som forbrukarar blir vi dagleg utsette for stoff som kan vere skadelege både for miljøet og for menneskehelsa. I tråd med føre var-prinsippet vil SV arbeide for at ingen nye kjemikalie skal tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kan skade natur eller menneske.

Eit resultat av kjemikaliebruk i tidlegare tider er deponi og fyllingar som inneheld store mengder miljøgifter, mellom anna hormonhermande stoff som PCB. Målet må vere å sikre at alt miljøgiftavfall blir handtert på ein forsvarleg måte, og at det blir rydda opp i gamle giftdeponi. Løyvingane til opprydding og overvaking av ureina hamner skal aukast.

Det offentlege må bruke innkjøpsmakta si til å fremje miljøvenleg produksjon og forbruk. Ein systematisk, miljøvenleg innkjøpspolitikk frå det offentlege kan gjere miljøvenlege produkt og tenester meir lønsame, og fremje utvikling av ny og meir miljøvenleg teknologi.

Ei miljøvenleg avfallshandtering er eit viktig tiltak for å redusere norske klimautslepp og ta vare på naturmiljøet. Den aukande avfallsproduksjonen kan ikkje løysast med rydding, reinsing og attvinning åleine. SV vil styrkje innsatsen for tiltak som set grenser for produksjonen av avfall og medverkar til ombruk. I tillegg må det leggjast til rette for materialattvinning, energiattvinning og sikker slutthandsaming av avfallet. SV vil halde på den grunnavgiftsordninga på eingongsemballasje og drikkevarer som vi har i dag.

SV vil gjere byane meir miljøvenlege. Parkanlegg skaper både gode offentlege rom, redusert biltrafikk og grøne lunger. SV vil bygge nye og rehabilitere eksisterande parkanlegg.

→ *For økologisk landbruk sjå 7.9 «Produksjon av mat»*

2.5 Naturmangfaldet

Det er avgjerande at naturrikdommen av plantar, dyr og andre organismar, i tillegg til leveområde og landskap, blir sikra for framtida. Dette føreset ein berekraftig og langsiktig arealpolitikk for det landskapet som ikkje

er verna. Det krev òg at vi vernar naturområde, både i Noreg og internasjonalt, med utgangspunkt i faglege råd om vern og berekraftig bruk.

SV arbeider for at Noreg skal vere eit føregangsland når det gjeld å ta vare på naturmangfaldet sitt, og vere i front når det gjeld oppfølging av internasjonale avtalar om naturmangfald. Noreg har ein rik natur og difor eit spesielt internasjonalt ansvar for vern av naturtypar og artar der vi forvaltar store delar av førekomstane som er att i verda.

Det er ingen nødvendig motsetnad mellom naturvern og lokal verdiskaping. SV arbeider for ein vernepolitikk som sikrar viktige naturverdiar. På same tid må det leggjast til rette for å utnytte verdfull natur til lokal verdiskaping. SV meiner naturmangfaldet og landskapet blir tekne betre vare på om vernet i større grad blir utforma i samarbeid med dei som blir råka. Ved å sikre lokal medverknad kan dessutan konfliktnivået i vernesaker reduserast. Lokalsamfunn må òg sikrast påverknad etter at vernevedtak er gjorde. Forvaltninga av verna område må gjennomførast som del av ei samla, nasjonal verneforvaltning med tydelege, statlege retningslinjer. Forvaltninga skal skje i samarbeid med lokalsamfunna, med eit styrkt verkemiddelapparat som sikrar både verneverdiane og berekraftig naturbruk i og ved verneområda.

Nasjonalparker, naturreservat og landskapsvernområde gjev grunnlag for ny lokal verdiskaping i form av grønt reiseliv. Nasjonalparker kan bli ei viktig merkevare, men dette krev auka bruk av ressursar på marknadsføring, og at nasjonalparksentra blir styrkte. Forvaltninga av vernet må ikkje hindre verdiskaping, så lenge ho ikkje kjem i konflikt med verneføremålet eller reduserer verneverdiane. SV vil gjere sitt til å utvikle naturbruksstrategiar som respekterer både vernekviljetar og trongen for verdiskaping i lokalsamfunnet. SV vil arbeide for framleis å ha ein restriktiv politikk for motorisert ferdsel i utmark. Hyttebygging og utbygging av turistanlegg må gå føre seg slik at naturen blir teken omsyn til, og må ikkje gå utover leveområde for truga artar og sårbare naturtypar. SV vil arbeide for rikspolitiske retningslinjer som medverkar til dette.

→ *For meir om miljø og næring, sjå kapittel 7 «Ein framtidsetta næringspolitikk»*

Vesentlege nasjonale og regionale natur- og landskapsverdiar er truga av omfattande planar for kraftoverføring via luftspenn. SV vil arbeide for eit forvaltingsregime som sørgjer for at meir av kraftoverføringa skjer via kabel i jord og sjø. Det må opnast for i større grad å kunne krevje anleggsbidrag for å dekkje opp ekstrakostnadene frå dei som utløyser trongen for nye liner.

Arbeidet for å stoppe utryddinga av plante- og dyreartar innan 2010 vil måtte halde fram på eit høgt nivå. Aktiv bruk av den nye naturmangfaldslova vil vere sentralt i dette arbeidet. SV meiner at denne lova skal gjelde både i sjø og på land. I tillegg legg SV vekt på kunnskapsbasert forvaltning, og vil difor satse langt meir enn i dag på betre kartlegging og auka kunnskapsnivå om det norske naturmangfaldet.

For å verne om naturmangfaldet i Noreg vil SV arbeide for å sikre levedyktige bestandar av alle artar som naturleg høyrer heime i Noreg, mellom anna gjennom å sikre dei utryddingstruga artane. Skal dei truga plante- og dyreartane i Noreg vernast om, må leveområda sikrast. Barskog og våtmarksområde er leveområde med spesielt rikt artsmangfald. I tråd med FN's mål arbeider SV for at minst 4,6 prosent av den produktive skogen skal vernast, føresett at dei viktigaste områda for naturmangfald blir sikra. Det er òg viktig å sikre den inngrepsfrie naturen (såkalla INON-område).

40 prosent av dei truga artane i Noreg finst i kulturlandskap. Mange av desse artane er truga av ikkje-bruk. For å verne om desse artane må kulturlandskapet stellast og haldast i hevd. Det viktigaste tiltaket for å få til dette er eit levande distriktslandbruk med aktivt dyrehald, der tradisjonelle driftsformer som slåtteeng og beite i kystlynghei blir haldne i hevd. Støtteordningar til pleie av kulturlandskap og skjøtsel må styrkjast kraftig i åra framover.

→ *Sjå òg 8.5 «Kulturvern»*

SV arbeider for at Forsvaret ikkje skal leggje under seg nye naturområde. Det må i bruken av skyte- og øvingsfelt takast større miljøomsyn.

Introduerte artar blir rekna som eitt av dei største trugsmåla mot miljøet, og Noreg er i samsvar med internasjonale avtalar bunde til å forvalte uynskte introduerte artar. Kongekrabben er ikkje først og fremst ein ressurs, men ein potensielt svært skadeleg art i økosystemet vårt. SV vil forvalte kongekrabben som ein uynskt introdusert art. Fritt fiske vil vere eit tiltak for å halde bestanden så langt nede som råd. Det må òg utarbeidast strategiar for å uskadeleggjere andre framande artar som alt er i Noreg.

SV går inn for økosystembasert fiskeriforvaltning. Det inneber at vi i større grad må ta omsyn til det marine miljøet og hindre at fiskeria øydelegg korallområde, svampskogar og annan botnfauna. SV vil arbeide for å etablere fleire verna kyst- og havområde langs kysten for å sikre trygge oppvekstområde, naturmangfald og viktige referanseområde for forskning på forvaltingsregima våre.

Noreg har eit internasjonalt ansvar for å sikre gode leveområde for villrein. Vi forvaltar dei siste flokkane av den europeiske villreinen som tidlegare fanst over heile Europa. Villreinen krev auka aktsemd i fjellregionane i Sør-Noreg. Spesiell varsemd må utøvast når det gjeld å setje i verk tiltak som kan påverke leveområda til villreinen.

Villaksstamma i mange vassdrag er truga. Ulike laksesjukdommar, oppdrettsnæringa, regulering av elver, sur nedbør og framande artar er mellom dei viktigaste årsakene til at villaksen står i fare for å døyt ut fleire stader. Nivået på kalking av vassdrag må framleis vere høgt. Oppdrettsnæringa må stillast til ansvar for rømt laks. Det bør innførast forbod mot all form for fiskeoppdrett i nasjonale laksefjordar.

Målet til SV er å sikre levedyktige bestandar av dei fire store rovdyrartane i norsk natur. Samtidig er det viktig at miljøvenleg kjøt- og mjølkeproduksjon basert på utmarksbeite blir halde oppe. Styresmaktene, i samarbeid med næringa, har ansvaret for å sikre at denne kombinasjonen kan vere mogleg.

Noreg har òg eit særskilt ansvar for å redusere presset på områda i Arktis og Antarktis i form av overfiske, naturinngrep, ureinande aktivitetar som oljeutvinning, og opphoping av miljøgifter. Noreg må vere særleg aktiv på forskingssida for å kunne ta vare på desse områda. Difor må forskingskapasiteten i nord aukast. SV vil arbeide for eit internasjonalt forbod mot prioriterte miljøgifter.

Fattige folkegrupper er mest avhengige av naturressursane, og blir først og hardast råka ved tap av biologisk mangfald. Norsk handels- og utviklingspolitikk må difor medverke til å ta vare på naturmangfaldet i fattige land.

Berekraft og vern av artsmangfaldet må leggjast til grunn for all utnytting av genetiske og biologiske ressursar. SV går imot framlegg om å utvide patentrettar til å gjelde patent på liv. SV ynskjer eit mellombels forbod mot å dyrke genmodifiserte plantar i Noreg og å importere genmodifisert fôr til fiskeoppdrett og landbruk. SV vil gjennom ein restriktiv handheving av den norske genteknologilova arbeide for å sikre retten bønder og forbrukarar må ha til å velje ikkje-genmodifiserte produkt i framtida.

Avskoging i tropiske strok står for 20 prosent av CO₂-utsleppa i verda. På same tid er regnskogen av dei eldste og mest artsrike økosystema på jorda. Vern av han er eit internasjonalt ansvar. SV vil arbeide for at vern av naturmangfald, spesielt i utsette regnskogområde, blir gjort til ei prioritert oppgåve i norsk utviklingspolitikk. Noreg skal bruke minst tre milliardar kroner årleg på å berge regnskog. I tillegg må all import av tropisk trevirke som ikkje er godt nok miljøsertifisert, hindrast.

→ *For friluftsliv og allemannsrett sjå 8.6 «Idrett og friluftsliv»*

3. Rettferd

SV arbeider for eit samfunn med små skilnader i makt og ressursar. Arbeid til alle, eit rettvis skattesystem og ein god, offentlig velferdsstat er saman med ei sterk fagrørsløse og eit utvida demokrati den beste garantien for eit meir rettvis samfunn. SV vil kjempe imot privatisering, velferdskutt og auka marknadsmakt for å forsvare dei beste sidene ved den norske velferdsmodellen. Ei meir rettvis fordeling av goda handlar først og fremst om å gje einskildmenneske auka fridom, men vi veit at samfunn med små økonomiske skilnader og gode fellesskapsløysingar er dei mest produktive. Fridomen til vanlege folk er avhengig av felles styrke vunne gjennom organisering i til dømes fagforeiningar og andre interesseorganisasjonar.

→ *For meir om retten til arbeid sjå 5.2 «Full sysselsetjing»*

→ *For meir om velferdsstaten sjå kapittel 4 «Velferd»*

3.1 Den økonomiske politikken

Dei overordna måla for den økonomiske politikken til SV er full sysselsetjing, å styrkje velferdsstaten, å kjempe mot ulikskap og å sikre alle i Noreg tryggleik for arbeid og bustad gjennom ulike former for verdiskaping.

Oljeformuen gjev Noreg store høve til å investere i eit betre samfunn. Skatt er likevel eit nødvendig verkemiddel for å finansiere offentlig velferd. SV arbeider for eit rettvis skattesystem som medverkar til å utjamne sosiale skilnader og ta vare på miljøet.

→ *For meir om skatt og miljø sjå 2.1 «Målsetjingar og verkemiddel i klimapolitikken»*

Å dele goda inneber at dei som har mest og tener mest, må yte meir til fellesskapen enn folk med låg formue og inntekt. Stor grad av sosial likskap er svært positivt for samfunnet og styrkjer tilliten og solidariteten eit godt samfunn byggjer på. I den raudgrøne regjeringssperioden har skattesystemet blitt meir rettvis, ei rekkje skattehol er tetta og inntektsskilnadene har blitt mindre. Likevel er det framleis trong for ei radikal endring av skattesystemet for å sikre meir omfordeling, særleg gjennom høgare skattlegging av dei som tener på arbeidet til andre gjennom høge kapitalinntekter og aksjeutbyte. SV arbeider difor for mindre lønsskilnader og for skatteendringar som reduserer skilnadene. Endringane må ikkje gjere det ulønsamt å gå frå trygd til arbeid.

SV vil ha ein aktiv motkonjunkturpolitikk der det offentlege aukar den økonomiske innsatsen i nedgangstider for å skape sysselsetjing og berekraftig vekst. I oppgangstider må staten føre ein aktiv politikk for å sikre at det finst kapasitet i økonomien til viktige investeringar i offentlig sektor. Skattepolitikken er ein slik reiskap for å overføre kapasitet.

SV vil i den komande stortingsperioden foreslå vidare omleggingar i skattesystemet for å sikre meir rettvis fordeling, oppmode til meir miljøvenleg åtferd og aktivt sikre finansiering av velferdsstaten. SV vil difor i nedgangstider ikkje auke skattenivået, men heller auke bruken av oljepengar over offentlege budsjett. I periodar med velstandsvekst vil SV auke det samla skattenivået for å sikre satsing på prioriterte velferdsoppgåver som utdanning, helse, eldreomsorg og satsing på offentlig infrastruktur.

SV vil redusere inntektsskatten for lågtlønne gjennom høgare botnfrådrag og redusert marginalskatt, og finansiere dette ved å auke skattane for dei med høgast formue og dei største arbeids- og kapitalinntektene. Folk som tener under gjennomsnittleg heiltids arbeidsinntekt, skal skjermast mot inntektsskatteauke.

SV vil skattlegge verdipapirhandel og vil difor innføre ei avgift på børstransaksjonar.

SV vil at reiarlaga skal betale overskotsskatt på lik line med andre næringar, og vil samstundes arbeide for eit internasjonalt reiarlagsskatteregime.

SV vil halde fram miljøomlegginga av skattesystemet for å støtte opp under miljøvenleg åtferd og finansiere tiltak for eit betre miljø.

SV vil arbeide for eit enkelt og forståeleg skattesystem utan kompliserande element og unntaksreglar som gjev hol i systemet og motiverer til skattetilpassing og unnaluring.

Svart arbeid, kvitvasking av pengar, korrupsjon og skatte- og avgiftsunnaluring er tjuveri frå fellesskapen. SV vil styrkje arbeidet mot økonomisk kriminalitet.

3.2 Den økonomiske krisa

Den globale, økonomiske krisa er eit resultat av eit økonomisk system basert på overforbruk av ressursar, manglande demokratisk styring og for sterk tru på marknaden. Krisa er skapt av marknadliberalistiske reformer drivne fram av høgresida. Politikken til høgresida har gjeve uansvarlege investorar, spekulantar og bankar stort spelerom for havesjuekulturen sin. Dette har destabilisert økonomien og til slutt utløynt krisa. På same tid har nedbygging av offentlig sektor og svakare regulering av arbeidsmarknadene i fleire land gjort verda meir sårbar for krisa.

Det er difor tid for ein heilt annan kurs i den økonomiske politikken. Eit sterkt offentlig eigarskap og ein omfattande velferdsstat fungerer stabiliserande og gjev auka tryggleik for folks arbeid, bustad og velferd. Difor trengst ei varig styrking av den offentlege delen av vekst og verdiskaping i samfunnet vårt. Dessutan må krisa møtast av ein aktiv motkonjunkturpolitikk, der det offentlege gjennomfører tiltak som kan auke sysselsetjinga som eit ledd i omstillinga til eit miljøvenleg næringsliv.

Kampen mot arbeidsløyse er ei hovudoppgåve for SV. Stabilitet er eit viktig mål i den økonomiske politikken til SV. Det krev auka styring og regulering av finanssektoren. Finansielle verkty som oppmuntrar til spekulasjon og fungerer destabiliserande, må ikkje tillatast eller sterkt avgrensast. Rekneskapsreglar må gjennomgåast for å unngå at verdier blir blesne opp, og kontrollen med revisjon og kredittvurderingsbyrå må styrkjast. SV vil arbeide for at banksektoren fungerer stabiliserande på økonomien. Det må stillast strengare krav til bankane knytt til kredittvekst og kapitallager. Ein sterkare statleg eigarskap i forretningsbankane og opprettinga av eigne statlege bankar kan òg verke stabiliserande. Økonomisk støtte til bankane må ha auka statleg eigarskap som vilkår. Slikt eigarskap må vere varig.

SV meiner det må vere sterk politisk kontroll over pengepolitikken for å sikre hovudmåla om høg sysselsetjing, stabil produksjon og om å unngå for høg inflasjon. Pengepolitikken til sentralbankane i verda har gjort sitt til å løyse ut finanskrisa, mellom anna med for låge renter over lang tid, noko som har ført til altfor stort utlån. For å sikre at pengepolitikken fungerer stabiliserande, og for å unngå at pengepolitikken medverkar til nye finanskriser, må både mandatet til pengepolitikken og ansvarstilhøva mellom Noregs Bank og regjeringa vurderast.

→ *For meir om internasjonal økonomi sjå 11.4 «Ein regulert verdsøkonomi»*

→ *For meir om marknad og demokrati sjå 12.7 «Mindre marknad, meir fridom»*

3.3 Kamp mot fattigdom

I eit rikt land som Noreg, handlar det å vere fattig i stor grad om påført skam, ufridom og utestenging frå samfunnet, noko som råkar born særleg hardt. Fattigdom, sjukdom sosiale problem eller manglande norskkunnskap gjev somme born dårlegare

utgangspunkt enn andre. Desse borna har rett til hjelp frå samfunnet, men mange av dei får ikkje det i dag. Dei må bli sedde og få hjelp så tidleg som råd, og dei må prioriterast høgt. Dette må bli eit tydeleg ansvar for alle som arbeider med born, og barnevernet må få større ressursar og mynde for å kunne følgje opp dette. Kontantstøtta må fjernast for å sikre at foreldre med dårleg råd ikkje taper økonomisk på å ta imot barnehageplass. Gjennom bruk av ressursar på born som har fått ein vanskeleg start på livet, tek vi tak i det grunnleggjande problemet – i staden for å prøve å reparere problema i etterkant. Dette er nødvendig for å løyse fattigdomsproblemene på sikt.

Målte til SV er å avskaffe fattigdommen. Ein politikk for låg arbeidsløyse, små økonomiske skilnader og ein sterk velferdsstat er den mest effektive måten å kjempe imot fattigdom på. I tillegg må det først ein politikk for inntektssikring for dei som ikkje har høve til å få arbeid.

→ *For internasjonal fattigdomskamp sjå kapittel 11 «Fred og solidaritet»*

Reduserte økonomiske skilnader gjev færre fattige, og skattesystemet må medverke til dette. God kvalitet på offentlege velferdsgode gjer at følgjene av å ha lite pengar blir mindre alvorlege, fordi velferdstenestene dekkjer viktige behov og forebyggjer utestenging. Det er avgjerande å sikre låge eigendelar på desse tenestene. SV meiner at eigendelar er skatt på sjukdom og at det må reknast med når det samla skatte- og avgiftsnivået blir vurdert. SV vil arbeide for lågare eigendelar.

SV vil arbeide for betre kvalitet i attføringsarbeidet og lengd på tiltaka som gjer at fleire vil lukkast i både å få og halde på arbeid. SV vil halde nivået på arbeidsmarknadstiltak høgt sjølv når arbeidsløysa er låg, sikre individuelt tilpassa opplegg og gje tryggleik for økonomiske rettar i omstillingsperiodar.

Einslege forsørgjarar er ei gruppe som ofte slit tungt økonomisk. Av 2,1 millionar norske husstandar har 40 prosent berre eitt medlem. Ein firedel av familiar med born som bur heime, har berre ein forsørgjar. SV vil halde fram arbeidet med desse utfordringane og ta initiativ til forbetringstiltak for den økonomiske situasjonen til dei som bur aleine og for aleineforsørgjarar, med hjelp av auka bustonad, skattetilpassing og/eller differensierte avgifter.

Dei som av ulike grunnar i kort eller lang tid ikkje kan forsørge seg gjennom ordinær arbeidsinntekt, må sikrast offentlege ytingar som er så høge at dei ikkje fører til fattigdom. Den vedtekte opptrappinga av minsteytingane i folketrygda til 2 G (to gonger grunnbeløpet i folketrygda) må gjennomførast, og nivået på minsteytingane må etter dette som eit minimum, følgje den generelle velstandsutviklinga som ei hjelp til større utjamning. Ulike tiltak mot fattige barnefamiljar må prioriterast, og SV vil arbeide for ei ordning med garantert minsteinntekt med utgangspunkt i minsteytingane i folketrygda og den økonomiske sosialhjelpa.

SV vil innføre nasjonale minstesatsar for sosialhjelp baserte på reelle utrekningar av levekostnader. Klageretten i sosialtenestelova på området stønad til livsopphald må styrkjast. Det er eit mål at alle blir sikra inntekt, trygdeytingar og/eller stønad til livsopphald ut over den gjeldande relativt fastsette fattigdomsgrensa. Dei nasjonale satsane for sosialhjelp må justerast i takt med lønsutviklinga for å unngå at dei som har minst å rutte med, taper i høve til andre. Kvalifiseringsstønad i sosialtenestelova og tilbod om kvalifiseringsprogram er eit eigna verkemiddel til avklaring mellom arbeidslivstilknytning og eventuelle folketrygdrettar for den einskilde. SV meiner det må bli lettare å kombinere arbeid og trygd.

Nivået på minsteytingane i folketrygda er i dag så lågt at ein del menneske som lever på trygd, må ha sosialhjelp

i tillegg. Alle trygdeordningar og barnetillegg må vere nok til å leve eit verdig liv. Barnetrygd og barnebidrag skal ikkje trekkjast frå sosialhjelpsatsane. SV meiner det bør vere ein tydeleg låginntektsprofil på trygdeoppgjera, der minstepensjonen og ytingane til unge blir prioriterte.

NAV-reforma er i ein gjennomføringsfase. SV vil sikre at denne viktige velferdsreforma når dei målsetjingane som blei sette ved innføringa. Reforma må sikrast ei sterk statleg oppfølging i høve til organisering og ressursbruk. Etaten må tilførast nok ressursar til å vidareutvikle organisasjonen gjennom kompetansebygging og fagleg utvikling mellom dei tilsette. Målet er raskare sakshandsaming og tettare oppfølging av kvar einiskild brukar.

SV vil etablere ei ordning med velferdsombod som kan dekkje heile helsetenesta, sosialtenesta og NAV.

Høg gjeld er ei viktig årsak til fattigdom. SV vil innføre eit gjeldsregister og forsterke frårådingsplikta til bankane ved utlån av store pengesummar. Kravet til skriftleg avtale i lovverket må utgreiast med tanke på ei mogleg skjerping, slik at ein får ei tenkjepause i samband med opptak av forbrukskjeld. Det må setjast fleire grenser for høvet til aggressiv marknadsføring av forbrukslån og vidaresal av gjeld. Ei ordning der den som skuldar pengar, får forkjøpsrett ved overdraging av fordringar må utgreiast, og inkassogebyra må reduserast. Ulike offentlege tvangsinnkrevjingsordningar opererer med ulike satsar for livsopphald, det vil seie beløpet gjeldsofferet har å leve for etter at kreditor har fått sitt. Det bør vere ein offentleg instans som har ansvaret for ulike tvangsinnkrevjingsordningar, og satsane for livsopphald må bli meir like.

Menneske utan arbeid og inntekt er ofte i ein avmakts-situasjon og har få høve til å ta del i samfunnsdebatten og forsvare interessene sine. SV vil vere med på å styrkje organisasjonane til dei fattige, og arbeide for betre system for brukarmedverknad både på individ- og systemnivå.

Dei som har størst trong for sosiale ytingar er dei som minst kjenner til rettane sine. Den udekte rettshjelps-trongen knyter seg i stor grad til lovgjeving som skal sikre utjamning i samfunnet. Rettshjelpstilbodet bør vere ein del av velferdssystemet og ein viktig reiskap for å sikre rettar og rettstryggleik for alle.

→ *For sosial skilnad og helse, ruspolitikk og forebygging sjå kapittel 4 «Velferd»*

3.4 Ein pensjon å leve av

Folketrygda er grunnlaget for ein trygg og meningsfull alderdom og ein berebjele i den norske velferdsstaten. SV arbeider for eit pensjonssystem som sikrar alle innbyggjarar ein pensjon å leve av, og jamnar ut økonomiske skilnader. SV meiner folketrygda skal drivast og styrast av det offentlege, og vil gå imot alle framlegg til privatisering.

SV meiner det norske pensjonssystemet etter pensjons-reforma i for liten grad tek vare på folk med låge inntekter, og i for stor grad stimulerer til privat sparing. SV er framleis mot kutt i framtidige pensjonar, fordi slike kutt vil forsterke desse problema. Det vil i framtida bli nødvendig å gjere endringar i pensjonssystemet som rettar opp fordelingsproblema pensjonsreforma skaper. SV ynskjer eit ytingsbasert pensjonssystem og vil innføre besteårsregelen att. Pensjonsutbetalingane må regulerast i samsvar med den generelle lønsutviklinga. SV vil auke pensjonsoppteninga under omsorgs- og foreldrepermisjon.

AFP er høvet slitarar har til ein best mogleg avgang frå yrkeslivet. SV vil gå mot alle framlegg til svekking av AFP-ordninga og forsvare høvet til å gå av ved 62 år. Dei offentlege tenestepensjonane må vidareførast på like høgt nivå som i dag. SV vil arbeide for ei samordning av pensjonskassene for tenestepensjon i privat sektor,

og sikre arbeidstakarane større påverknad på kva slags tenestepensjonssparing verksemda vel.

SV vil innføre pensjonsopptening for studentar. Pensjonsrettane til innvandrarakar med kort butid i Noreg må sikrast.

3.5 Ein sosial bustadpolitikk

Retten til bustad er ein menneskerett. SV vil gjere framlegg om å grunnlovsfeste retten til bustad. SV meiner det er på tide å atterreise den sosiale bustadpolitikken. Sentrale verkemiddel må vere ein sterk husbank med politisk styrt rente, lånerammer til å drive motkonjunkturpolitikk og høg grad av fastrente for å stabilisere bustadprisane. Ein stor ikkje-kommersiell låginnskots- og utleigebustadmarknad der bustadbyggjelaga, kommunane og studentsamskipnadene har ei viktig rolle, saman med ei langt sterkare politisk regulering av utleigemarknaden er andre viktige verkemiddel.

SV vil setje i gang ei storstilt sosial bustadbygging med vekt på ikkje-kommersielle utleigebustader og studentbustader. Eit sentralt verkemiddel må vere at bustadtilskota blir auka.

SV meiner det må lagast ei lov om ikkje-kommersielle leigebustader. Det må satsast sterkt på å bygge utleigebustader og studentbustader på ikkje-kommersiell basis. I tillegg må det leggjast til rette for bygging av prisregulerte låginnskotsbustader.

For å sikre at fleire med låg eller usikker inntekt skal kunne kjøpe bustad må fleire få bustadtilskot, eit tilskot som skal betalast attende ved sal. Fleire må dessutan få startlån. SV vil vidareutvikle startlånordninga med fleksibel avdragstid slik at fleire får høve til startlån. Vi vil endre vilkåra for låneordninga slik at studentar òg får tilgang til henne.

For å sikre fleire innpass i bustadmarknaden vil SV skape ein ny sektor for prisregulerte bustader. Kommunar, stat og bustadsamvirka må ta ansvar for bygging av langt fleire bustader med låge innskot og pristak ved vidaresal. Folk kan òg gjerast mindre utsette for marknadssvingingar, viss det blir gjort meir lønsamt å ha fastrentelån som norm ved bustadkjøp.

Eit sterkare husleigevern må innførast med husleigetvistutval alle stader der det er trong for det. Bustadprisane må stabiliserast gjennom ei stabil bustadbygging med hjelp frå Husbanken, og gjennom å gjere det meir lønsamt å velje fastrentelån ved bustadkjøp. Tiltaka Husbanken set i verk for å utvikle gode bumiljø og opprusting av eksisterande bustader, må styrkjast. Særleg viktig er opprusting av standarden for ikkje-kommersielle utleigebustader og bustader i område der det er fare for forslumming.

Å ha ein eigen heim er heilt sentralt for å meistre ulike delar av livet. Svært mange bustadslause har rusproblem, psykiske lidningar eller andre samansette problem. Den raudgrøne regjeringa har styrkt bustønsordninga monaleg. Ho skal framleis utviklast som eit fordelings-verkty for å styrkje økonomien til folk som har låge inntekter og høge buitgifter.

I fleire av dei store byane lèt eigedomsspekulantar bustader stå tomme og forfalle gjennom fleire år slik at dei seinare kan rivast. SV vil foreslå at det skal bli lovleg å bu i hus som er regulerte til bustadføremål, men som ikkje har vore i bruk dei siste åra. SV vil utvide den kommunale oreigningsretten til bustader åtte for næringsføremål, slik at denne buetnaden kan nyttast til samfunnsnyttige føremål. SV meiner kommunane må få høve til å påleggje eigaren vedlikehald.

Kommunen har ansvar for gjennomføringa av bustadpolitikken. SV meiner at kommunen må sikrast gunstige lån til strategiske tomtekjøp og tilskot til å kunne ta del som ein aktiv part i områdeutvikling, byfornyng, universell utforming og miljøprosjekt.

SV meiner at framtidig bustadfeste må forbydast, og at bustader på festa grunn skal kunne innløyast til ein rettvis pris. Vi vil ikkje avvike tomtefesteinstituttet for fritidsbustader, under føresetnad av at avgiftsnivået blir halde på eit akseptabelt nivå.

Kapittel 4: Velferd

Velferdsstaten er ein føresetnad for å skape eit meir rettvisst og solidarisk samfunn. Gode fellesskapsløysingar gjev einskildmennesket fridom og tryggleik. SV går difor mot privatisering og konkurranseutsetjing. Berre slik kan vi sikre eit velferdssamfunn som tek omsyn til alle innbyggjarar, og berre slik kan påverknaden folk har over velferdsutviklinga styrkjast. SV vil ikkje at kommersielle verksemdar der føremålet er overskot, skal utføre viktige velferdsoppgåver. Dei skal utførast anten av det offentlege eller i eit samarbeid med ideelle organisasjonar. SV går imot å setje velferdstenester ut på anbod.

God, offentlig velferd er avhengig av ein god kommuneøkonomi. Mange av dei viktigaste velferdsgoda som barnehage, skule og omsorgstenester har kommunar og fylkeskommunar ansvaret for. Det er lettare å skape gode tilbod lokalt, fordi innbyggjarane kan påverke avgjerdene i større grad. SV vil kjempe for ein god kommuneøkonomi fordi det er avgjerande for å skape eit samfunn med små skilnader og eit godt velferdstilbod. Manglande samsvar mellom oppgåver og ressursar i kommunane trugar kommunal handlefridom og lokaldemokrati. Målet til SV er å sikre meir langsiktige og føreseielege rammer og sørje for at det er godt samsvar mellom velferdsoppgåvene til kommunen og dei statlege overføringane.

Dei tilsette og kompetansen deira er den viktigaste faktoren for gode velferdstenester. SV vil medverke til at stat, fylkeskommunar og kommunar tek vare på dei tilsette på ein god og inkluderande måte. Tilsette skal ha gode løns- og arbeidstilhøve, medrekna rett til etter- og vidareutdanning og rett til full stilling i staden for ei rekkje deltidstillingar innafør same sektor. Det er stadig trong for endringar og omstillingar for å skape betre velferdstenester. Slike endringsprosessar må utførast i samarbeid med dei tilsette og organisasjonane deira. SV vil difor støtte omstillingsprosessar som er gjorde på initiativ frå dei tilsette, til dømes modellkommunane og pilotsjukehusa.

4.1 Gode velferdstenester

4.1.1 Førebyggjande og helsefremjande arbeid

Livsstilfaktorar, ikkje mangel på helsetilbod eller dårleg organisering av helseforvaltninga, fører til dødsfall og redusert livskvalitet for mange menneske i den vestlege verda. SV meiner difor det førebyggjande helsearbeidet må prioriterast langt høgare enn i dag, ikkje minst for å redusere helseskilnader mellom ulike grupper. Spesielt viktig er det å sørje for at helsestasjonen, skulen og barnehagen blir naturlege arenaer for å fremje god folkehelse.

4.1.2 Universelle helsetenester

SV meiner helsetenestetilbodet skal vere likeverdig for heile folket uavhengig av kvar den einskilde bur, alder eller økonomi. Utviklinga av tenestene skal vere underlagd folkevald kontroll slik at folket sjølv kan vere med på å avgjere korleis tenestene skal vere. I dag er eigendelane på helsebehandling og medisinar for høge for svært mange pasientar. For at alle skal ha lik tilgang på behandling og medisinar, vil SV arbeide for lågare eigendelar.

SV rår til at ungdom til og med 20 år skal få gratis konsultasjon hos fastlegen, tilsvarande det born opp til tolv år får i dag.

SV vil arbeide for eit heilskapleg helsetilbod bygt på samhandling mellom kommunar og spesialisthelsetenesta. Slik kan vi oppnå at den sjuke får hjelp på det behandlingsnivået som er best for pasienten. Dette føreset ei vriding av ressursar frå spesialisthelsetenesta til primærhelsetenesta. SV vil foreslå ein forpliktande opptrappingsplan for primærhelsetenesta. Kommunehelsetenesta skal sikre innbyggjarane rask og god hjelp, og medverke til å førebyggje sjukdommar før dei oppstår.

Born og unge under 18 år skal få nødvendig helsehjelp innan tre veker.

Personar «utan papir» skal ha rett til medisinsk hjelp. Dette er viktig både for å sikre helsa til den einskilde og for å verne andre mot smitte, til dømes ved tuberkulose.

SV vil styrkje helsetenesta i skulen og opprette fleire helsestasjonar for ungdom. Ungdomsservicekontora må styrkjast.

Helsestasjonane må utvidast til barne- og familiekontor som gjev born og familiar ein inngang til eit tverrfagleg kompetansemiljø for å styrkje det førebyggjande arbeidet. SV vil arbeide for at det blir oppretta egne krisesenter for born som borna sjølve kan oppsøkje, der dei får hjelp og blir undersøkte.

Born som er utsette for vald og overgrep, blir ofte oversedde. Det er for liten kompetanse på å sjå og høyre born som har det vanskeleg. SV ynskjer at alle som arbeider med born i utdanninga si, skal få auka kompetanse på korleis born reagerer når dei blir utsette for vald, overgrep og omsorgssvikt. SV vil leggje til rette for psykologisk lågterskeltilbod i kommunane for både born, unge og vaksne med psykiske plager.

Organdonasjon er i aukande grad viktig for å berge livet til mange pasientar. Altfor mange må vente lenge på ein transplantasjon eller døyr medan dei ventar på eit organ. SV vil innføre eit system med stille samtykke til organdonasjon med høve til å registrere seg i eit nei-register for dei som ikkje vil donere organ.

4.1.3 Spesialisthelsetenesta (sjukehus)

Norske sjukehus held høg kvalitet. Dagens organisering av helseføretaka fører likevel til fråvær av folkevald styring og til for tilfeldig prioritering. Økonomistyringa er i for stor grad basert på marknadsprinsipp. Den innsatsstyrte finansieringa dreier verksemda i retning av å leggje vekt på dei oppgåvene som «løner» seg best i staden for dei som medisinsk sett er viktigast. Rekneskapsforma til sjukehusa er for lite tilpassa offentlig sektor.

Store lønsskilnader mellom offentlege og private helsetilbod som alle er offentlig finansierte, fører til auka kostnader. I tillegg medverkar ulik løn i offentlege og private helsetenester til å undergrave det offentlege helsetilbodet og gjer rekrutteringa til det offentlege helsevesenet vanskelegare. På mange sjukehus blir store summar dessutan brukte til innleige av helsepersonell frå private firma. SV vil arbeide for at den offentlege bruken av private tenester blir kraftig redusert.

SV vil at sjukehusa skal ha demokratisk, politisk styring. Føretaksmodellen må avviklast og styringa av sjukehusa må overtakast av folkevalde på nasjonalt og regionalt nivå. Stortinget må vedta ein nasjonal helseplan som tek stilling til overordna prioriteringar og ansvarsfordeling. Ansvaret for drifta i tråd med helseplanen skal overførast til folkevalde på regionalt nivå. Dette vil gje innbyggjarane betre høve til å påverke både sjukehusstruktur og behandlingstilbod.

Norske sjukehus held høg fagleg kvalitet. Organiseringa av sjukehusa må både stette trongen for spesialisering og trongen for nærleik til innbyggjarane. SV vil styrkje og utvikla lokalsjukehusa i landet. Lokalsjukehusa må utviklast vidare til å bli best på lidningar som mange menneske har, og på samhandling med kommunehelsetenesta, mellom anna gjennom ambulerande tenester. Spesielt vil utfordringa i åra som kjem vere knytt til eit aukande tal på eldre med samansette lidningar og livstilssjukdommar. Eit kvalitetssikra fødetilbod må vere tilgjengeleg for alle.

Dagens helseføretakslov må erstattast av ei forvaltingslov. Føremålet i lova skal vere at helseforvaltninga skal oppfylle målsetjingane i den nasjonale helseplanen. Lova skal òg

slå fast at helseforvaltninga er eit offentlig ansvar som ikkje kan delegerast til kommersielle aktørar.

Helseforvaltninga skal vere ein del av den offentlege forvaltninga.

Økonomistyringa må endrast. SV vil foreslå at den innsatsstyrte finansieringa vi har i dag, blir fjerna og erstatta med avtalefesta rammefinansiering. I tillegg må rekneskapsføringa endrast slik at ho blir den same som for anna offentlig forvaltning. I arbeidet med nytt finansieringssystem bør det leggjast vekt på grep som kan styrkje rolla som førstelinetenesta har i helsevesenet, og styre meir av ressursbruken ut i kommunane. For å utnytte marknadsmakta og få ned prisane på medisinar må eit offentlig, nasjonalt samordna innkjøp av medisinar innførast.

4.1.4 Psykisk helsevern

Gjennom opptrappingsplanen for psykisk helse har fleire fått behandling. På same tid har talet på personar som treng hjelp blitt fleire, slik at talet på ventande har auka. SV vil styrkje det psykiske helsevernet òg etter at opptrappingsperioden er avslutta, med spesiell vekt på tilbodet til born og unge og til menneske som er avhengige av rusmiddel. Behandlingstilbodet til pasientar med eteforstyrningar er for dårleg. Tilbodet til desse pasientane må styrkjast, og tiltaka må utviklast vidare og forskast på.

For mange oppstår psykisk sjukdom alt i barndommen. Gjennom skulehelsetenesta og helsestasjonar for ungdom kan dette fangast opp på eit tidleg tidspunkt. Skulehelsetenesta og helsestasjonane bør difor byggjast ut. Vaksne må òg få eit tilrettelagt lågterskeltilbod for å førebyggje alvorlege psykiske lidningar.

Kvaliteten på behandlingstilbodet må styrkjast. Pasientar må få betre oppfølging etter utskriving frå behandling. Samhandlinga mellom sjukehus, distriktpsikiatriske senter og kommunar må prioriterast. For å sikre ei meir samhengjande oppfølging vil SV vurdere om dei distriktpsikiatriske sentra skal organiserast under kommunalt psykisk helsearbeid.

Det psykiske helsevernet må tilpassast livssituasjonen til den einskilde. Det er trong for fleire helsearbeidarar med kompetanse på psykisk helse i kommunane.

SV vil medverke til at psykisk sjuke med låg inntekt og ustabile butilhøve blir gjevne tilbod om tilrettelagd bustad og arbeidsplass.

Fleire bufellesskap for menneske med utfordringar innafør rus og/eller psykiatri må etablerast. SV ynskjer òg å opprette egne bufellesskap for kvinner i samband med behandling og rehabilitering.

Brukarane må ha større påverknad med hjelp frå brukarstyrte aktivitets- og rehabiliteringstiltak. Brukarmedverknad skal vere eit berande prinsipp i organisering av tenestene, og individuell plan må bli meir utbreidd.

SV vil foreslå at tilbodet om såkalla psykeambulans er etablert i alle helseregionar for å unngå bruk av politi til transport av psykisk sjuke når dette ikkje er nødvendig.

Bruk av tvang i psykisk helsevern er prega av å vere sosialt skeiv. For å sikre at alle blir behandla likt, vil SV foreslå ei vurdering av tvangsbruken i psykisk helsevern. SV vil prioritere forskning på effekten av tvangsmiddel og tvangsbehandling. I tillegg bør tilsette få undervisning i menneskerettar. Opplæring i menneskerettar må bli ein del av utdanninga av personell som arbeider med psykisk helsevern.

I mange familiar blir psykisk sjukdom halden hemmeleg fordi han er knytt til skam og fordi born strevar med å halde på familieløyndommen. Hjelpeapparatet må difor

følgje betre opp born og unge som har foreldre med psykisk sjukdom. Psykiatritenesta må melde frå til hjelpeapparatet i kommunen når born har psykisk sjuke foreldre, slik at borna får den oppfølginga dei treng. Fleire døgnplassar for psykiatrisk akuttbehandling må byggjast ut. I tillegg må det byggjast ut fleire døgnplassar innafor tryggleikpsykiatri slik at innsette i fengsel kan få nødvendig behandling.

4.1.5 Heilskapleg helsevern for rusmisbrukarar

Altfor mange med rusproblem får ikkje hjelp. Helsevernet for rusmisbrukarar har i for stor grad vore overlate til private, ideelle organisasjonar og må styrkjast. SV meiner at helsevern for rusmisbrukarar er eit offentleg ansvar. Dette er òg den beste måten å sikre kvalitet og kontroll med denne viktige tenesta. SV vil foreslå ein tiårig bindande opptrappingsplan som den som er gjennomført for psykisk helsevern. Planen må gje øyremerkte midlar til rusfeltet både i kommunane og i dei regionale helseføretaka. I tillegg skal behandlingsskøane vere fjerna i stortingsperioden ved at eksisterande tilbod blir utnytta og nye behandlingsskøane blir oppretta med øyremerkte midlar.

Alle med rusproblem må få eit raskt tilbod om avrusing, behandling utan opphald, oppfølging og rehabilitering.

Samarbeidet med dei ulike aktørane må styrkjast slik at behandlingstilbodet blir betre for personar som er psykisk sjuke og har rusproblem.

Mange pasientar får brot i behandlingsperioden. Opphald mellom dei ulike stadia i oppfølginga fører til at mange fell ut av behandlinga. Rusavhengige som har vore til behandling, må få tett, individuell oppfølging. Ei slik oppfølging kan innebere skulegang, arbeidsmarknadstiltak, hjelp til å skaffe seg nytt nettverk, butilbod, fritids- og aktivitetstilbod og hjelp med økonomi. Dei som ikkje har ein stad å bu, skal sleppe å måtte bu i hospits eller hybelhus.

Rusavhengige i fengsel må sikrast god oppfølging både under og etter soning. Fleire rusmeistringseiningar må etablerast. I tillegg må tilbakeføringsgarantien gjerast forpliktande.

Rusavhengige må sikrast eit variert behandlingstilbod med auka satsing på medikamentfrie behandlingstilbod.

Ventetida må reduserast for dei som skal få behandling med metadon og buprenorfin, såkalla legemiddelasistert rehabilitering (LAR). SV meiner det skal ligge faglege kriterium til grunn for LAR-behandlinga. LAR-pasientar må sikrast sosialfagleg oppfølging, og fastlegen må få høve til å skrive ut medisin mot heroinabstinensar.

SV vil vurdere spørsmålet om eit avgrensa forsøk med utdeling av heroin når eit betre avgjerdsgrunnlag ligg føre, etter at det regjeringsoppnemnde utvalet har kome med tilrådinga si.

Menneske i aktiv rus må òg sikrast sjølvrespekt og hjelp, til dømes gjennom lågterskeltilbod, stader å vere, arbeid, aktivitetstilbod, gratis retts hjelp og andre skadeavgrensande tiltak. SV meiner at sprøyterom er eit viktig tilbod for å redusere overdosedødsfall og som ledd i rehabiliteringa av rusavhengige.

Brukarmedverknad er viktig for at kvaliteten på behandlinga skal bli så god som råd. Individuell plan må brukast i større grad. Pasienten må òg ha høve til å klage på ansvarsgruppa. Pårørande må sikrast hjelp og rettleiing. I dag veit vi for lite om kva slags behandling som verkar. SV vil difor prioritere effektstudiar og samanliknande studiar både innafor tverrfagleg spesialisert rusbehandling og i dei kommunale tenestetilboda.

4.1.6 Rimeleg tannlege

SV vil foreslå ei tannhelsereform som inneber at tannlegebehandling som er medisinsk nødvendig, i størst mogleg grad er underlagd dei same vilkåra som sjukehus- og legebehandling.

SV vil avgrense eigendelen til 2.500 kroner per år for nødvendig tannlegebehandling. Det tilsvarer eigendelstak 2 som noko av tannlegebehandlinga går under alt i dag.

Dei som går til tannlegen jamt og har normalt god tannhelse, vil med ei reform betale omtrent det same som i dag. Dei som i dag ikkje kontaktar tannlege, vil få avgrensa kostnadene sine til 2.500 kroner for nødvendig tannbehandling med ei slik ordning.

For ein del grupper er det nødvendig at tannhelsetenesta er heilt gratis. SV vil foreslå at ungdom opp til 23 år får gratis tannhelseteneste.

For å hindre for høge kostnader ved ordninga vil SV innføre prisregulering på tannhelsetenester gjennom nasjonale takstar, i kombinasjon med refusjonsavtalar for tannlegar som går inn i ordninga.

Det er store geografiske skilnader i det offentlege tannhelsetilbodet. SV vil foreslå at den offentlege tannhelsetenesta blir utbygd og at det blir innført driftsavtalar med privatpraktiserande tannlegar etter modell frå privatpraktiserande legar med driftstilskot. I tillegg vil SV innføre turnusteneste for alle nyutdanna tannlegar på same måte som for legar.

4.1.7 Ein trygg oppvekst

Born må gjevast trygge og gode oppvekstvilkår og gode høve til lek og læring. SV vil auke innsatsen for born og unge. Gjennom oppfølging av FN's barnekonvensjon vil SV styrkje rettane til born og unge i alt lovverk.

Førebyggjande verksemd på oppvekstområdet må styrkjast. Dette gjeld både dei positive tiltaka som tilrettelegging av fritidstilbod, og tiltaka som skal hindre omsorgssvikt og overgrep.

Som ledd i å førebyggje vald i nære relasjonar og overgrep mot born vil SV styrkje tilbodet av Open helsestasjon, tverrfagleg foreldrerettleiing og barselgrupper.

Ungdomsalderen er for mange ei særleg utsett tid. Det er difor viktig å byggje ut gode fritidstilbod. Dette kan til dømes vere kommunale ungdomsklubbar der ungdom med uorganisert fritid kan bli stimulerte til eigenutvikling og inngå i eit sosialt miljø utan kommersielt og anna press.

SV arbeider for eit barnevern som er ope og som har tillit. Barnevernet må tilførast større ressursar enn i dag, og gjerast meir tilgjengeleg og kompetent til å sikre born og unge ein god oppvekst. I Noreg skal ikkje ressursmangel føre til at born kan oppleve alvorleg omsorgssvikt eller overgrep utan at nokon raskt grip inn. Det må leggjast til rette for eit godt samarbeid mellom barnevernet og andre etatar og tenester.

Dette inneber at rutinar og system som sikrar at fagfolk melder frå til barnevernet når dei mistenkjer at born blir utsette for vald, overgrep eller omsorgssvikt, må på plass. Å ikkje melde frå er tenesteforsømming.

Barnevernet skal leggje større vekt på førebyggjande arbeid, og samtidig vere eit tryggleiksnett for born som treng omsorg ut over det familien kan stille opp med.

SV ynskjer eit langt sterkare offentleg grep kring barnevernsinstitusjonane. Born som treng opphald i barnevernsinstitusjonar, må sleppe å bli kasteballar i eit system bygt på anbudsprinsipp og slump. Behova til born og unge er for store til dette. Difor må barnevernsinstitusjonane organiserast gjennom føreseielege avtalar mellom barnevernet og offentleg

åtte institusjonar eller institusjonar åtte av ideelle organisasjonar. Tilsynsfunksjonen av offentlege og private barnevernsinstitusjonar må styrkjast.

SV ynskjer å sikre at born og unge som lir under overgrep eller omsorgssvikt, får den hjelpa dei treng. Dette gjeld born og unge som er utsette for seksuelle overgrep, kjønnslemlesting eller press til ekteskap, og born og unge som lir under at omsorgspersonar brukar rusmiddel, lir under psykisk sjukdom, fattigdom eller anna. SV ynskjer difor å styrkje skulehelsetenesta og den sosialpedagogiske kompetansen i skulen og i hjelpeapparatet elles for born og unge.

4.1.8 Den trygge alderdommen

Folk i Noreg lever stadig lenger. Difor må vi leggje til rette for at eldre som er friske og arbeidsføre, kan yte til samfunnet, ikkje minst ved å ta del i arbeidslivet så lenge som råd. På same tid må alle vite at det finst eit godt tilbod om omsorg og pleie den dagen dei har trong for det. Pleie- og omsorgstilbodet må vere eit offentleg ansvar i framtida òg.

Mange eldre, sjuke og personar med funksjonshemming opplever store manglar i dei kommunale pleie- og omsorgstenestene. Dette skaper utryggleik, angst og unødig liding både for den einskilde og for dei pårørande. Auka levealder og auken i talet på eldre med til dels omfattande pleie- og omsorgstrong vil føre til trong for betre kvalitet i desse tenestene i åra som kjem. Det er ikkje minst trong for auka grunnmannskap i omsorgstenestene. SV vil styrkje kommuneøkonomien slik at dei tilsette får tid til å gje god pleie, omsorg og tryggleik.

Ei fleksibel omsorg med heimehjelp og heimesjukepleie, omsorgsbustader og sjukeheim vil gje omsorg og pleie utifrå kva den einskilde treng i fleire fasar i alderdommen. Gjennom reduksjon av deltidsarbeid og utvikling av vakt- og turnuslister må det leggjast vekt på at dei som treng omsorg og pleie, må ha færrest mogleg personar å ta stilling til.

Mange som bur i kommunale institusjonar, får mangelfull medisinsk behandling, tilsyn og oppfølging. SV vil difor innføre ei minstenorm for legedekking ved norske sjukeheimar.

Kravet til omsorgstenestene aukar stadig, ikkje minst fordi målet er at brukarane skal kunne leve eit så normalt liv som råd. SV vil difor foreslå at konkrete etter- og vidareutdanningsprogram for tilsette i omsorgsyrke blir utarbeidd i alle kommunar og i staten. Dette er ikkje minst viktig for å få ei fleirkulturell omsorgsteneste. I dag har ein tredel av dei tilsette ikkje helsefagleg bakgrunn. Desse bør få tilbod om å bli kvalifisert omsorgspersonell.

I dag er det for få menn som arbeider i omsorgstenestene. Fleire menn i omsorgstenestene vil gje ei omsorgsteneste som er betre tilpassa det brukarane treng.

4.2 Universell utforming og tilgang

SV ser på arbeidet for universell utforming som ein kamp for rettferd og frigjering. Målet må vere at ingen samfunnsskapte hindringar fører til diskriminering og ufridom for menneske med nedsett funksjonsevne i kvardagen deira. Universell utforming må vere eit grunnprinsipp i all samfunnsplanlegging, slik at menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra lik rett til bustad, ferdsel, utdanning og deltaking i arbeidslivet og samfunnslivet elles.

Kollektivtransport, uteareal, skular, arbeidsplassar, tekniske løysingar, tenester og informasjon må kunne brukast av alle innbyggjarar, og vere til hjelp, ikkje til hinder.

SV ser den nye lova om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne som eit viktig framsteg

i arbeidet for full likestilling for menneske med nedsett funksjonsevne. Lova må følgjast opp med middel og bindande tidsfristar i høve til universell utforming av eksisterande bygg, uteareal og transportmiddel. Likestillings- og diskrimineringsombodet og –nemnda må tilførast nok ressursar og mynde for å føre tilsyn med lova.

Prinsippet om universell utforming må leggjast til grunn for alle velferdsordningar, slik at tilbodet blir tilpassa det brukaren treng. Eigendelar på velferdsordningar skal ikkje føre til ekstrakostnader for menneske med nedsett funksjonsevne.

Det må stillast krav om at minst 30 prosent av nye bustader blir universelt utforma, og husbankordningane for fleire tilgjengelege bustader må styrkjast. Den øvre inntektsgrensa for bustonad bør hevast for personar med nedsett funksjonsevne.

SV meiner det bør vere dyrt å diskriminere og billeg å inkludere. Vi vil betre høvet til å kombinere arbeid og trygd, og gje tilskot til arbeidsgivarar som legg til rette for å tilsetje personar med nedsett funksjonsevne. SV meiner positiv særbehandling av dei med nedsett funksjonsevne er eit nødvendig verkemiddel for å motverke diskriminering på arbeidsmarknaden. Det offentlege må gå først i dette arbeidet.

Yrkesretta attføring må tilpassast det den einskilde har bruk og føresetnader for. Ordninga med brukarstyrt personleg assistent er med på å heve livskvaliteten vesentleg, og må styrkjast. Transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne må få nasjonale retningslinjer og finansiering. SV meiner aldersgrensa på 26 år for hjelpemiddel til trening, aktivisering og stimulering må fjernast.

Retten til utdanning må gjelde for alle. Alle skular, høgskular og universitet skal ha universelt utforma bygg og anlegg. Elevar og studentar skal ha rett til tilpassa undervisning og tilrettelagd eksamen.

SV meiner Noreg bør vere eit internasjonalt føregangsland når det gjeld oppfølging av FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne. Menneske med nedsett funksjonsevne må bli ei integrert målgruppe for norsk bistand.

→ *Sjå òg 5.2 «Full sysselsetjing», 6.2.6 «Felleskulen – lik rett til utdanning» og kapittel 8 «Kultur og idrett»*

4.3 Kriminalpolitikk

Ein god politikk for førebygging er det viktigaste verkemiddelet mot kriminalitet. Når lovbrøt blir gjorde, skal det reagerast raskt. Det skal setjast klare grenser og stillast krav om at ein må gjere opp for seg. Ingen skal oppleve at dei ikkje blir tekne vare på etter at dei har vore utsette for kriminalitet. Straffereaksjonen må òg i større grad føre til at lovbrøtaren ikkje gjer nye, straffbare handlingar etter at straffa er sona.

SV vil byggje ut ein heilskapleg offer- og pårørandeomsorg.

4.3.1 Førebygging

Gode velferdstilbod som sikrar arbeid, trygge oppvekstvilkår og eit skikkeleg butilbod medverkar til å førebyggje kriminalitet.

SV arbeider for betre samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT). Ein SLT-koordinator skal vere ansvarleg for å koordinere samarbeidet mellom skule, barnevern, helse- og sosialetat og politi. Politi med kjennskap til nærmiljøet er viktig for å førebyggje kriminalitet. SV vil arbeide for at eit tettare lokalt samarbeid mellom kommunane og politiet i dei lokale politiråda blir utvikla.

Det er ein klar samanheng mellom alkoholforbruk og valsbruk. SV vil arbeide for ein restriktiv alkoholpolitikk og nasjonale retningslinjer for tidsavgrensingar av opnings- og skjenketider.

4.3.2 Kriminalomsorg

Kriminalomsorga må innrettast slik at tilbakefallsprosenten blir redusert. Innsette i norske fengsel må difor gjevast reelt høve til å kome seg ut av kriminaliteten. Arbeidet med å gjere soningstilhøva betre må halde fram, og dei som blir sette fri, må få betre hjelp.

Soninga må vere innretta mot rehabilitering og tilbakeføring til samfunnet. SV vil arbeide for at innsette får eit heilskapleg tilbod ved lauslating gjennom ein tilbakeføringsgaranti. Garantien skal sørge for arbeid eller utdanning. Den som blir sett fri, skal òg få ein stad å bu. I dag hjelper frivillige organisasjonar fangar som er sette fri, og gjev dei eit fellesskap og ei oppfølging etter soning. SV vil støtte dette arbeidet. I tillegg er det viktig å gje kvinner eit betre soningstilbod.

Mange innsette har store rusproblem. Dette er ein viktig grunn til at dei gjer nye kriminelle handlingar etter soning. Det er difor nødvendig å styrkje behandlings- og rehabiliteringstilbodet for innsette og domfelte rusavhengige. SV vil òg arbeide for auka bruk av straffegjennomføring i behandlingsinstitusjon, såkalla paragraf 12-soning.

Vanleg fengselsstraff fører ofte til gjentakning. Det er difor trong for alternativ til vanleg fengselsstraff. Aktuelle alternativ er samfunnsstraff, konfliktråd, ungdomskontraktar, promilleprogram, heimesoning med elektronisk kontroll og soning i institusjonar tilpassa hjelpa den einskilde treng. SV vil arbeide for at fleire opne soningsplassar blir oppretta. SV har som mål at ingen born skal setjast i fengsel. Tverrfaglege soningsalternativ for born må opprettast.

Eit godt helsetilbod og gode høve til utdanning er viktig for betre kriminalomsorg. Innsette skal ha like gode helsetilbod og rett til utdanning som innbyggjarane elles. SV vil foreslå at ein ny rettleiar for fengselshelsetenesta blir utarbeidd. I tillegg bør eit landsomfattande tilsyn med fengselshelsetenesta gjennomførast, med særleg fokus på innsette med rusproblem og psykisk sjuke innsette.

Ei fengsling får store følgjer for dei pårørande til den innsette. SV vil arbeide for at kriminalomsorga legg betre til rett for at innsette og pårørande kan oppretthalde familierelasjonen ved fengsling, mellom anna ved å auke kvotane for besøk og telefonbruk. Fleire besøkshusvære bør etablerast og besøksromma må vere barnevenlege.

4.3.3 Politi- og rettsvesen

SV vil styrkje det lokale politiarbeidet for å få eit nært og synleg politi. Politiet bør framleis vere utan våpen. Politi- og fengselsvesen må framleis vere ei offentleg oppgåve og ikkje privatiserast. Opptaket på Politi-høgskulen bør aukast, og arbeidet med å rekruttere søkjarar med minoritetsbakgrunn må forsterkast.

Politiet har generelt høg tillit i folket, men einskildsaker har ført til at fleire har sett spørsmålsteikn ved politiarbeidet. SV vil difor foreslå ordningar som sikrar at klager på dette blir følgde opp på ein skikkeleg måte. I dette arbeidet vil vi vurdere framlegga frå utvalet som er sett ned for å gå gjennom klageordningane i politiet og Spesialeininga for politisaker. SV vil opprette ein uavhengig granskingskommisjon for politisaker. Arbeidet for å betre tilhøva mellom politi og minoritetsungdom må intensiverast.

Økonomisk kriminalitet, kvitvasking og korrupsjon er eit alvorleg problem. SV vil betre arbeidet mot slik kriminalitet, mellom anna ved å styrkje rettsapparatet.

4.3.4 Juryordninga

Det går no føre seg ei drøfting om endring av juryordninga. Utgangspunktet til SV er at lekdommarar er viktige for å sikre demokratisk kontroll med rettsapparatet.

Dagens juryordning tek best vare på prinsippet om å bli dømd av likemenn og –kvinner. I tillegg inneber juryordninga at juristar ikkje får for stor makt over domstolane. SV vil difor gjere framlegg om å halde på den juryordninga vi har i dag, men juryen skal grunnge avgjerdene sine.

For å sikre at prinsippet om dømning av likemenn er reelt, bør lekdommarar trekkjast frå folkeregisteret. Etniske minoritetar må sikrast deltaking i rettsapparatet, og bør difor kvoterast inn. Oppmøteplikt bør innførast, parallelt med refusjon for tapt arbeidstid som gjer det mogleg for alle å stille.

Ei god juryordning er heilt avhengig av at juryen blir breitt samansett. SV vil difor arbeide for endringar både når det gjeld utveljing og godtgjering som sikrar at jurymedlemmer skal kome frå alle lag av folket.

4.3.5 Likskap for lova

Det offentlege har eit særleg ansvar for å sikre ressursvake grupper effektiv tilgang på juridisk hjelp. SV vil arbeide for at den offentlege rettshjelpsordninga skal bli betre, mellom anna ved å utvide det saklege dekkingsområdet. Dagens eigendelar og inntekts- og formuegrenser må fjernast og erstattast med eit progressivt eigendellssystem der ein ser på faktisk betalingsevne. For å nå ut til dei som har størst trong for rettshjelp, er det viktig med juridiske lågterskeltilbod.

For å sikre likeverdig behandling og at alle får den hjelpa dei har krav på, vil SV foreslå ein gjennomgang av klageordningane i helse- og omsorgssektoren og i NAV.

4.3.6 Vald og overgrep

Alle som blir usette for vald, skal få den hjelpa dei treng. Den som utøver vald skal straffast, men òg få hjelp til endring. SV vil styrkje hjelpetilbodet til valdsutøvarar, mellom anna ved at behandlingstilbod som Alternativ til vold og sinnemeistringskurs, blir vidareutvikla og gjorde landsdekkjande.

For å kjempe mot vald i nære relasjonar vil SV følgje opp den vedtekte handlingsplanen. I tillegg vil SV arbeide for eit heilskapleg tilbod til born som har vore utsette for overgrep, mellom anna ved å foreslå at Barnehus blir oppretta fleire stader. Oppfølginga av og rettane til born som er utsette for vald eller er vitne til vald, må styrkjast. For å auke engasjementet og kartleggje og koordinere kunnskapen om vald i nære relasjonar i kommunane, vil SV arbeide for at det blir etablert lokale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.

Valdtektsutsette skal ikkje oppleve møtet med politi og rettsvesen som eit nytt overgrep. Politi og påtalemyndighet må difor ha ressursar og kompetanse til å etterforske valdtektsaker og føre dei for retten. SV vil foreslå at politi og rettsvesen får styrkt kompetanse når det gjeld avhøyr av born i overgrepssaker. SV vil følgje opp framlegget i valdtektsutvalet om eigne kompetansehevingstiltak for politijuristar, statsadvokatar og dommarar.

SV meiner offer for kriminalitet som blir tilkjent erstatning, skal få forskotsbetalt erstatninga frå staten. Det inneber at offera ikkje blir dobbelt skadelidande av tilhøve hos den kriminelle.

→ *Sjå òg 9.3 «Menns vald mot kvinner»*

Kapittel 5: Arbeid til alle

Arbeid er ein grunnleggjande menneskekrett. Full sysselsetjing er ein føresetnad for eit godt og rettvisst samfunn. Arbeidstakarar må få større påverknad over eigen arbeidssituasjon. I tillegg må inntekta frå alt heiltidsarbeid vere så høg at ho gjev alle høve til ein god levestandard.

Finanskrisa viser at marknadliberalismen trugar folks tryggleik for arbeid og bustad. Offentlege reguleringar og eigarskap har medverka sterkt til at Noreg ikkje blir råka like hardt av krisa som land med ein sterkare marknadsekonomi. Hovudmålet i perioden er å sikre arbeid til alle, tryggje rettane til dei tilsette og hindre utstøying frå arbeidslivet. Dei som i kort eller lang tid står utan arbeid, må sikrast gode, offentlege velferdsordningar og tilbod om tiltak eller utdanning.

5.1 Arbeid til alle

Full sysselsetjing inneber at alle som ynskjer det kan få arbeid, og at heiltid skal vere ein rett for menneske som i dag arbeider deltid.

Kampen mot arbeidsløse må ha høgaste prioritet i perioden. Ein aktiv statleg næringspolitikk må føre til auka verdiskaping og til å tryggje arbeidsplassar som er truga av den økonomiske krisa. Dei som fell utanfor arbeidslivet må få tilbod om tiltak eller utdanning, slik at dei raskast råd kjem seg i arbeid eller annan aktivitet.

Trongen for arbeidskraft kjem til å auke i framtida, ikkje minst i offentleg sektor. Eit meir menneskeleg arbeidsliv er eitt av dei viktigaste tiltaka for å få fleire i arbeid. Innvandring vil òg vere nødvendig for å dekkje trongen for arbeidskraft i framtida. Omfanget av arbeidsinnvandring frå land utanfor EØS må avgjerast i samarbeid mellom styresmakter og partane i arbeidslivet. Noreg bør ikkje medverke til «brain drain» med aktiv verving av kvalifiserte fagfolk frå fattige land.

SV vil styrkje den lovfesta retten deltidstilsette har til å gå føre ved nye tilsetjingar i ei verksemd. Ved ledig arbeid skal kvalifiserte tilsette få tilbod om å utvide arbeidstilhøvet sitt til heil stilling. SV vil òg foreslå å gje fagforeiningane forhandlingsrett og lokal konfliktrett i saker som gjeld utviding av deltidstillingar.

Personar med nedsett funksjonsevne og personar med etnisk minoritetsbakgrunn blir diskriminerte på arbeidsmarknaden. Kvalifiserte arbeidssøkjjarar blir ikkje kalla inn til intervju, og mange er i praksis utestengde frå arbeidsmarknaden. I tillegg har mange vanskar med å få eit arbeid som samsvarar med kvalifikasjonane. SV vil arbeide for at denne diskrimineringa held opp, mellom anna gjennom kvotering. Det må setjast klare måltal for rekrutteringa av arbeidssøkjande med nedsett funksjonsevne og arbeidssøkjande med minoritetsbakgrunn.

Arbeidslause må få eit individuelt tilpassa opplegg for å kome seg i arbeid eller annan aktivitet. Arbeidslause må òg få høve til etter- og vidareutdanning. Likevel vil den økonomiske krisa føre til at mange vil kome til å gå arbeidslause over ein lang periode. Det er avgjerande at perioden utan arbeid blir nytta til å styrkje kompetansen til arbeidssøkjaren. SV meiner at alle må få tilbod om arbeid eller kompetanseheving innan eitt år. Arbeidslause med forsørgjaransvar vil i mange tilfelle ikkje ha råd til å velje å leve av studiestøtte i staden for arbeidsløsetrygd. SV meiner difor at det må utviklast ordningar for livsopphald mellom NAV og Statens lånekasse som gjer det mogleg for arbeidslause å ta utdanning.

Det offentlege må gå i spissen for ei stor grunn-, etter- og vidareutdanningsreform som styrker kompetansen og løna til den einskilde arbeidstakar, og forbetrar kvaliteten på det offentlege tilbodet. Varige ordningar for å finansiere livsopphald under utdanninga må kome på plass mellom staten og partane i arbeidslivet. Å gjennomføre ei slik reform i økonomiske nedgangstider

vil både gje høve til deling av arbeid og omstilling i retning av den kompetansen samfunnet treng for å kome ut av nedgangstidene.

Attføring og oppfølging av menneske utan arbeid er ei sentral velferdsoppgåve. SV er difor imot bruk av anbod i attføringsarbeidet. Samarbeid med friviljuge og ikkje-kommersielle skal sikrast gjennom ei ordning som set strenge krav til kvaliteten på tenestene, heilskapleg oppfølging og kompetanse. Tiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) må oppretthaldast og styrkjast.

Personar som er tidlegare straffa eller under rehabilitering frå rusmisbruk eller psykiske lidningar, er ofte arbeidslause. Utan oppfølging vil risikoen for tilbakefall vere stor. På liknande måte som tilbakeføringsgarantien i kriminalomsorga, må ein tilbakeføringsgaranti gjelde overfor personar som har vore i eit rehabiliteringsopplegg innafor rus og/eller psykisk helse.

5.2 Ei sterk fagrørsløse

Det er eit mål å gje fagrørsla meir makt både på den einskilde arbeidsplassen og over samfunnsutviklinga i Noreg. I dag er for få arbeidstakarar fagorganiserte. SV vil saman med fagrørsla arbeide for at så mange tilsette som råd melder seg inn i ei fagforeining. SV foreslår at heile fagforeningskontingenten kan trekkjast frå på skatten.

Medverknad og lønsdanning må framleis vere basert på kollektive, sentrale avtalar mellom partane i arbeidslivet.

Endringar i arbeidslivet kan føre til at rettsvernet til arbeidstakarane blir svekt. SV vil difor gjere framlegg om ein gjennomgang av arbeidsmiljølova og anna relevant lovverk slik at arbeidstakarar får styrkt rettsvernet sitt, og at tillitsvalde får styrkt retten sin til påverknad.

Gode lokale tillitsvalde er heilt sentrale for å skape trygge arbeidsplassar. Dei må difor ha gode arbeidsvilkår på den einskilde arbeidsplassen. I tillegg må dei tilsette vere representerte på alle nivå i større verksemdar. SV vil arbeide for at fagrørsla i større grad påverkar organisering av arbeidet, arbeidstidsordningar, arbeidsmiljø og innføring av ny teknologi.

→ Sjå òg kapittel 12 «Mykje meir demokrati»

Streikeretten er ein grunnleggjande menneskerett. I Noreg har den frie streikeretten blitt svekt på grunn av omfattande bruk av tvungen lønsnemnd. SV er difor imot bruk av tvungen lønsnemnd.

5.3 Kortare arbeidstid

Kortare, dagleg arbeidstid vil gje meir tid til fritidsaktivitet, familie og deltaking i samfunnet, og føre til betre folkehelse. I tillegg vil arbeidstakarar i større grad kunne stå i arbeid fram til oppnådd pensjonsalder. Kortare, dagleg arbeidstid er difor ei viktig velferds- og likestillingsreform. SV ynskjer at ein del av den økonomiske veksten skal takast ut som redusert arbeidstid. Innføringa må skje gradvis. Målet med arbeidstidsreforma er sekstimarsdagen.

Ei arbeidstidsreform må ikkje hole ut normalarbeidstiden. Den daglege arbeidstidsreduksjonen må òg vere fleksibel for å kunne ta omsyn til arbeids- og livssituasjonen til den einskilde.

Sekstimarsdagen kan ikkje gjennomførast utan at fagrørsla krev og får gjennomslag for arbeidstidsforkortingar i tariffoppgjera. Staten må leggje til rette for å gjennomføre reforma, mellom anna ved eigne forsøk og ved ei eiga lov om sekstimarsdagen.

5.4 Eit menneskeleg arbeidsliv

Auka press i arbeidslivet fører til at mange tilsette blir utsette for påkjenningar dei ikkje klarer over tid. Resultatet er auka sjukefråvær og fleire uføretrygda.

SV vil styrkje Arbeidstilsynet både som kontrollorgan og rettleiingsorgan. For å fylle rettleiingsrolla si må Arbeidstilsynet gjevast eit breiare mandat som gjev rett til å gjennomføre ein full organisasjonsgjennomgang når tilsynet meiner det er påkravd.

SV vil ha tryggare arbeidsplassar, mellom anna gjennom skjerpa rettar når det gjeld nedbemanning, nedleggingar og verksemdsoverdragingar. I tillegg må rettane til arbeidstakarane bli styrkte ved utflagging, bruk av kontraktørar og oppsplitting av selskap. Arbeidstakarane må ha reell forhandlingsrett og lokal konfliktrett. For å styrkje rettane til arbeidstakarane og sikre seriøsitet i verksemdene, vil SV ha ein kritisk gjennomgang av regelverket for inn- og utleige av arbeidskraft.

Mange yrke gjev framleis yrkesskadar utan rett til yrkesskadeerstatning. Kvinnerike yrke er spesielt utsette for dette. Lidningar etter store påkjenningar i arbeidslivet, psykiske lidningar og andre lidningar knytte til yrket må difor reknast som yrkesskadar same kva yrke dei oppstår i.

Full løn under sjukdom er eit viktig velferdsgode. SV vil ikkje endre sjukelønsordninga. Staten og arbeidslivspartane må følgje opp avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). SV vil gjere framlegg om å vidareføre avtalen utover avtaleperioden. Det må stillast krav om konkret måloppnåing både for inkludering av dei som ikkje er i arbeid, og for seniorar.

VTA-verksemdene skal få betre, statlege rammevilkår. Det er nødvendig med fleire rettleiarar per tilsett for å sikre at mellom anna menneske med psykisk utviklingshemming får tilbod om tilrettelagt arbeid.

→ Sjå òg 4.2 «Universell utforming og tilgang»

Franchiseordningar fører ofte til at arbeidstakarrettane blir undergravne. SV vil gjere framlegg om at franchisegjevar skal ha solidaransvar, og dermed stå ansvarleg for å innfri tariffavtalar og halde lover som har mykje å seie for arbeidstakarrettane. I tillegg vil SV gjere framlegg om å etablere ei franchiselov for å få større innsyn og gjere verksemda opnare. SV vil òg arbeide for ei klagjering og utviding av arbeidstakaromgrepet for å hindre at einskildpersonsforetak og franchise blir brukt som eit middel til å hole ut rettane til tilsette.

For SV er det viktig at dei som arbeider innafor varehandelen får arbeidstider som gjev rom for fritid og sosialt liv. Retten folk har til søndagsfri, må forsvarast, og heilagdagsfredlova må handhevast overfor butikkar som prøver å setje lova til side. SV vil motarbeide ei utvikling der stadig fleire må arbeide på ugunstige tidspunkt. For å hindre ei slik utgliding ynskjer SV eit samarbeid mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet om avgrensingar i høvet til å halde tilsette i varehandelen på arbeid på sein kvelds- og nattetid til dårlege vilkår.

Tilsette som har avdekt korrupsjon, miljøkriminalitet og andre kritikkverdige tilhøve må vernast. SV vil sikre reelt varselvern. Eit effektivt varselvern er avhengig av at ein er open. SV vil difor forby hemmelege sluttpakkar.

5.5 Likeløn

Kvinner blir diskriminerte i arbeidslivet. SV vil arbeide for at arbeid av lik verdi blir likt lønt. SV vil difor rå til ein forpliktande likelønsplan for å nå målet om likeløn. Ein sentral del av ein slik plan vil vere å utvide rammene for lønsoppgjera i offentleg sektor – ein statleg likelønspott. Dei utvida rammene skal brukast til å sikre større tillegg for kvinnedominerte yrkesgrupper som tener mindre enn mannsdominerte grupper dei kan jamførast med. Innretninga må avgjerast gjennom forhandlingar mellom partane i arbeidslivet, men samtidig med den føresetnaden at midlane blir brukte slik at målet om likeløn blir nådd med best mogleg utteljing.

I privat sektor krevst òg eit systematisk arbeid for likeløn. I kvinnedominerte bransjar som hotell og restaurant, reinhald og i handels- og servicenæringa arbeider svært mange deltid, på mellombelse kontraktar, til ugunstige arbeidstider og med låg løn. Likeløn handlar difor òg om systematisk arbeid for å prioritere dei gruppene som har dei aller lågaste lønene.

Skilnader i løn mellom kjønn kjem av ei rekkje ulike tilhøve, og må difor møtast med eit breitt utval av tiltak. Særleg viktig er det å kjempe mot ufriviljug deltid som i hovudsak råkar kvinner. SV vil vurdere ei endring der det bli gjeve rett til overtidsbetaling for overtid utover stillingsbrøken. Ei meir lik fordeling av foreldrepermisjon og ei satsing på etter- og vidareutdanning er andre tiltak som vil verke. Arbeidstida i turnusarbeid som er vanleg i kvinneyrke, er vesentleg lenger enn skiftarbeidstida som er vanleg i mannsyrke. SV vil difor likestille turnus og skift som kan samanliknast, gjennom å endre lova.

SV vil vurdere innstrammingar i unntaksbestemmelsane for leiande og uavhengige stillingar i arbeidsmiljølova, då uavgrensa arbeidstid er eit viktig hinder for kvinner som ynskjer å stige i gradane i arbeidslivet.

→ Sjå òg 9.2 «Eit likestilt arbeidsliv»

5.6 Sosial dumping

SV ser positivt på arbeidsinnvandring. Føresetnaden for dette er at utanlandske arbeidstakarar har dei same løns- og arbeidsvilkåra som norske arbeidstakarar.

Sosial dumping er eit trugsmål mot løns- og arbeidsvilkår i Noreg. Sosial dumping fører til at arbeidstakaren blir utnytta og at seriøse verksemder blir utkonkurrerte. Vidare følgjer ofte svart arbeid og anna form for økonomisk kriminalitet.

Lov om allmenngjering av tariffavtalar er eit viktig verkemiddel mot sosial dumping. SV meiner allmenngjering må brukast aktivt, og at det skal gjelde både reglar om løn, sosiale gode og arbeidsmiljø. Lova er i dag for tung å bruke, og sakshandsaminga tek for lang tid. SV vil rå til at lova blir endra slik at det blir lettare å få allmenngjort avtalar. I tillegg må sakshandsamingstida reduserast.

SV vil støtte arbeidet fagrørsla gjer mot sosial dumping, ikkje minst i bransjar der fagrørsla står svakt. Det inneber mellom anna at SV vil styrkje høve til å bruke boikott mot arbeidsgivarar som driv med sosial dumping eller som nektar å oppgje løns- og arbeidsvilkår.

SV vil ha auka fokus på tenestesektoren i arbeidet mot sosial dumping. I bransjar der sosial dumping er særleg utbreidd, vil SV rå til ei sertifiseringsordning av verksemder. Det inneber at verksemder må kunne dokumentere at dei ikkje driv med sosial dumping for å bli sertifiserte. I tillegg vil SV rå til at det offentlege berre skal gjere innkjøp frå sertifiserte verksemder i desse bransjane. SV vil òg gå inn for regionale verneombod i bransjar der det i dag er få organiserte.

Solidaransvar er eit viktig verkemiddel mot sosial dumping, og må takast aktivt i bruk i alle relevante bransjar. Solidaransvaret må vere eit kjedeansvar, slik at ein arbeidstakar har rett til å forfølge krava sine oppover i kontraktkjeden og kan vere sikra å få innfridd til dømes lønskrav som ikkje er følgde opp av arbeidsgivar.

Offentleg verksemd må gå framfor i kampen mot sosial dumping. Verksemder som legg inn anbod, må kunne dokumentere at dei ikkje skuldar skatt og avgifter, men har ordna løns- og arbeidsvilkår og eit skikkeleg system for helse, miljø og tryggleik. Når kontraktar blir inngått mellom offentleg sektor og privat verksemd, skal det ikkje vere høve til å konkurrere på løns-, pensjons- og arbeidstilhøve. I tillegg skal alt arbeid som blir utført av det offentlege eller av offentleg åtte selskap, utførast til norske løns-, pensjons- og arbeidsvilkår. Selskapa skal òg vere opplæringsverksemder med lærlingordning.

SV vil styrkje arbeidet mot kriminalitet og sosial dumping som Arbeidstilsynet, Skattedirektoratet og andre relevante instansar gjer. Strafferammene overfor verksemder som bryt lova, må skjerpast. Politiet må prioritere etterforskning av slik kriminalitet. Selskap som blir stoppa på grunn av uforsvarlege arbeidstilhøve, må svartelistast for ein periode.

Sosial dumping kan gje stor inntening. Difor må det bli råd å bøtleggje og inndra all fortjeneste frå ulovleg verksemd. Arbeidstilsynet må òg kunne bøtleggje når eit firma blir stoppa av tilsynet. I tillegg vil SV rå til at selskap som ikkje gjev tilsette rett til eit godt arbeidsmiljø, kan nektast å utføre oppdrag i kortare eller lengre periodar.

SV tilrår minstekrav til løns- og arbeidsvilkår for tilsette i selskap som ynskjer å bruke norske hamner og flyplassar.

→ For meir om EØS og sosial dumping sjå 11.9 «Samarbeidet i Europa»

Kapittel 6: Kunnskap, læring og meistring

SV vil gjere Noreg til ein solidarisk kunnskapsnasjon der auka kunnskap er med på å jamne ut sosiale skilnader og skeive makttilhøve i samfunnet.

Dei største samfunnsutfordringane i vår tid krev at vi satsar på kunnskap. Først og fremst handlar likevel ein solidarisk kunnskapspolitikk om at kvart enkelt menneske skal få utvikle evnene sine slik at han eller ho kan meistre kvardagen sin i arbeid og fritid og leve eit godt liv.

Læring er nært knytt til meistring. Målet må vere at alle menneske får høve til å meistre praktiske, estetiske eller teoretiske fagområde, og få den grunnleggjande kunnskapen som krevst for å ta aktivt del i samfunnet.

6.1 Eit godt barnehagetilbod til alle born

SV ser barnehagen som ein integrert del av opplæringa, og vil på lang sikt gjere barnehagen til eit gratis tilbod. SV vil gjennomføre maksprislovnaden i barnehageforliket gjennom å fryse prisen på 2008-nivå i stortingsperioden. SV vil innføre ei ordning med tolv timars obligatorisk kjernetid i barnehagen for femåringar. Ordninga skal byggje på førskulepedagogikk. Det bør vere minst to hovudopptak i året i alle kommunar.

Barnehagar er ein god arena for sosial utvikling av born. Barnehagar er viktig for utvikling av språkkunnskapar og gjev ei god ramme rundt tidleg læring og utforsking av verda i samspel med andre.

Alle som ynskjer det, skal vere garantert barnehageplass for borna sine. Neste steg i barnehagereforma må vere å auke kvaliteten på tilbodet. SV vil i fireårsperioden prioritere å styrkje det pedagogiske tilbodet og kompetansen til dei tilsette slik at borna får så god oppfølging som råd.

Barnehagane i Noreg er i dag drivne dels av det offentlege, dels av ideelle og dels av kommersielle aktørar. SV ynskjer å stoppe høvet til å ta overskot ut av barnehagedrift – på same måte som i skulesektoren. Private barnehagar må ha like strenge standardar og like gode løns- og pensjonsvilkår og rettar for tilsette som offentlege barnehagar. SV vil arbeide for at ein langt større del av barnehagane blir offentleg åtte og drivne.

I område med minoritetsspråklege born må tilbodet av fleirspråklege barnehagar sikrast.

→ *For kontantstøtta sjå kapittel 9.1 «Eit likestilt arbeidsliv»*

6.1.1. Auka kvalitet og kompetanse

SV ser på førskulelæraren som nøkkelen til auka kvalitet i barnehagen. SV vil styrkje førskuleutdanninga og sikre betre grunn- og vidareutdanning for tilsette i barnehagane, og med dette følgje opp strategiane for rekruttering og kompetanse for barnehagesektoren.

Målet til SV er at alle som arbeider i barnehagen har høg kompetanse, og at fleire er førskulelærarar. Det må leggjast betre til rette for at assistentar i barnehagen kan oppnå formalkompetanse. Fleire tospråklege assistentar må tilsetjast.

Ei viktig oppgåve for barnehagane er å fange opp og støtte born som opplever omsorgssvikt. Dette skjer i for liten grad i dag. SV meiner førskulelærarutdanninga må gje betre kompetanse for å avdekkje omsorgssvikt og seksuelle overgrep, og vere tydeleg på korleis dette skal følgjast opp. Det må leggjast auka vekt på tverrfagleg samarbeid med etatar som skule og barnevern, for å fange opp og hjelpe utsette born så tidleg som mogleg. SV meiner at eit viktig mål med barnehagane må vere å kjempe imot tradisjonelle kjønnsrollermonster.

Auka medvit og kompetanse om kjønnsroller må bli ein viktigare del av førskulelærarutdanninga.

6.2 Kunnskap, læring og meistring i fellesskolen

Skulen er den viktigaste fellesarenaen i samfunnet i dag. SV vil styrkje den offentlege fellesskolen og utvikle han til ein endå betre arena for kunnskap og meistring. Gjennom tidleg innsats for læring, fleire og betre lærarar og meir praksis i undervisninga vil skulen kunne gje læring og meistring til alle elevar.

SV meiner at einskildeleven i læringskvardagen skal oppleve å tilhøyre ei fast og klart definert klasse/gruppe. For å sikre ein god fellesskule for alle ynskjer SV å innføre enkelte nasjonale minstenormer, slik som eit maksimalt tal på elevar i kvar gruppe, og eit minimum av delingstimar i basisfaga norsk, engelsk og matematikk.

Gode fysiske tilhøve er òg viktige for ein god skule. SV vil at staten framleis skal yte midlar slik at kommunar og fylke kan pusse opp skulebygg og/eller byggje nytt.

6.2.1 Tidleg innsats gjev betre læring

Den norske skulen medverkar til å reprodusere sosial ulikskap. I dag veit vi at tidleg innsats for grunnleggjande kunnskap medverkar sterkt til at elevar lukkast i resten av utdanningstida. SV vil difor setje inn større ressursar i dei første skuleåra for å sikre at alle elevar lærer seg å lese, skrive og rekne så tidleg som råd.

Vi skal gjennom tidleg, målretta innsats redusere risikoen for demotivasjon, fråfall og bortval i skuleperioden, og leggje grunnlaget for livslang læring. Fleire lærarar, spesielt på 1. til 4. steg, skal sørgje for at alle elevar får god hjelp når dei treng det. Fleire ressursar skal rettast inn mot å lære kvar einskild elev å lese, skrive og rekne i dei første skuleåra, mellom anna gjennom auka bruk av tilpassa opplæring. Lesing skal prioriterast i alle fag, òg etter 4. steg. Det skal gjevast leksehjelp innafor ramma av skuledagen som sikrar at alle elevar får hjelp uavhengig av innsatsen og kompetansen til foreldra. Skulen skal følgje opp alle elevar tett og setje inn raske tiltak overfor dei som slit på skulen. Han må òg sikre at alle opplever meistring gjennom utfordringar tilpassa nivået deira.

SV meiner at eit godt samarbeid mellom skule og foreldre gjer at elevar lærer meir, meistrar meir og trivst på skulen. Eit godt samarbeid mellom heim og skule medverkar til å gje elevane dei beste føresetnadene for eit godt læremiljø. Alle foreldre må motiverast til å støtte, motivere og oppmuntre borna sine i skulen. Det vil føre til ein større grad av sosial utjamning.

6.2.2 På veg mot ein ny skuledag med eit heilskapleg kunnskapssyn

SV vil innføre ein ny og variert skuledag som tek omsyn til at elevar lærer ulikt. I ein slik skuledag er leksehjelp, skulemat, fysisk aktivitet, kunst og kultur og andre læringsfremjande aktivitetar ein naturleg del. Alt skulearbeid er lagt til skuledagen, og lekser er ikkje ein del av fritida til elevane. I den nye skuledagen er det rom for eit meir heilskapleg kunnskapssyn. Større mangfald og meir tid til kvar elev gjev betre læring. Meir tilrettelagd undervisning, leksehjelp på skulen og større vekt på ikkje-teoretiske kunnskapar gjer at den nye skuledagen hjelper til med å kjempe imot sosial skilnad i utdanninga. Skulen må leggje til rette for fysisk aktivitet kvar dag.

SV vil i stortingsperioden ta steg i retning av ein slik skuledag. Ein ny skuledag lét seg likevel ikkje realisere på fire år. Det er eit hovudmål for SV å auke talet på lærarar, og ei gradvis utviding av timetalet i skulen må tilpassast tilgangen på lærarar. SV meiner at eit høgt tal på vaksne i skulen er heilt avgjerande for å nå dei kunnskapspolitiske måla våre.

I den nye skulekvardagen er tilbodet i skulefritidsordninga (SFO) ein integrert del av skuledagen. Som eit første steg mot dette vil SV innføre gratis kjernetid i SFO og leggje denne kjernetida inn i skuledagen. SV vil innføre makspris for skulefritidsordninga elles.

SV vil ha klarare retningslinjer for innhaldet i SFO og krav til utdanning for dei tilsette. SV vil innføre eit gratis skulemåltid i grunnskolen.

SV har eit heilskapleg kunnskapssyn. Vi meiner praktisk, sosial og estetisk kompetanse må vektleggjast sterkare gjennom heile opplæringa. Dette vil auke læringsutbyttet for elevane, både fordi det gjev auka breidde i læringa og fordi ulike elevar lærer ulikt. Meir praksis i skulen vil òg medverke til å kjempe imot fråfall og bortval. SV vil styrkje dei estetiske faga i skulen, Den kulturelle skulesekken og samarbeidet mellom skulen og kulturskulen.

→ *Sjå òg 8.2 «Kunst og kultur for alle»*

SV meiner at eit mangfald i fagtilbodet på ungdomsskulen og i vidaregåande opplæring er viktig for at alle elevar skal trivast og lære. Ikkje minst gjeld dette eit godt språkopplæringstilbod der elevane kan velje mellom ulike framandspråk. Ordninga med valfag i ungdomsskulen må opprettast att.

Noreg slit med rekrutteringa til realfaga. Realfaga er viktige for norsk næringsliv, men òg for å løyse store utfordringar innafor klima og miljø. SV vil forsterke og vidareføre realfagsatsinga i skulen.

Skulen må gje elevane ei digital dømmekraft. Evna til å finne informasjon, vurdere han kritisk og bruke han i eigen læringsprosess må øvast opp. Læraren må gjevast rett kompetanse påfyll til å kunne utnytte informasjonsteknologi som eit godt verkty i undervisninga. Skulebiblioteka er ein viktig kunnskapssynarena og ein kulturell arena. SV meiner at skulebiblioteka må utviklast som senter for læring. Kvalitativt gode skulebibliotek er eit viktig verkty for å skape leselyst, kreativitet, forståing av tekst og kritisk tenking blant born og unge. SV vil styrkje skulebiblioteksatsinga som den raudgrøne regjeringa har sett i gang.

6.2.3 Eit lyft for yrkesfaga

Noreg har ei av dei beste ordningane for yrkesutdanning i verda. Mykje må likevel styrkjast for å sikre den nødvendige kompetansen og erfaringa i norsk arbeidsliv. Fråfallet i den vidaregåande opplæringa er spesielt urovekkjande i yrkesfag. SV meiner integreringa mellom teori og yrkespraksis må bli betre.

Alle fellesfaga må gjerast meir relevante for yrkesopplæringa til elevane, og ikkje berre ta sikte på høve til generell studiekompetanse. Dette er spesielt viktig i språkfaga, der yrkesfagelevane må gjevast høve til å spesialisere seg i relevant fagspråk. Læreplanane for dei aktuelle fellesfaga må justerast i høve til dette.

Opplæringa både i fellesfaga og programfaga skal yrkesrettast i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Det må utviklast fag- og yrkesdidaktiske kurs i yrkesretting for lærarar som underviser i fellesfag og programfag. Læreplanane i fellesfaga må gjennomgåast med tanke på at læreplanmåla skal eigne seg for yrkesretting. Eksamensordningar må støtte opp om sjansen for lokal og yrkesretta innretning på opplæring.

SV ynskjer å styrkje høvet elevane har til å omsetje yrkesteorien til praksis alt første skuleår. 2+2-modellen bør løysast opp og gjerast langt meir fleksibel, slik at elevane i opplæringstida får betre føresetnader til å omsette yrkesteorien til god praksis. Dette føreset at fylkeskommunen tek eit tydelegare ansvar for lærlingpolitikken.

SV vil reformere lærlingordninga slik at arbeidslivspartane i eit samarbeid med det offentlege fastslår trongen for lærlingplassar. Verksemdene i bransjen finansierer kostnaden ved lærlingordninga slik at det blir gratis for ei einskildverksemd å ha lærlingar. Statens medverknad til lærlingordninga skal oppretthaldast og styrkjast. På sikt

vil SV at ei slik reform skal kunne ut i ei lovfesting av retten til lærlingplass.

Offentleg sektor bør ta større ansvar for å skaffe lærlingplassar og sjå dette arbeidet i samheng med ulike behov det offentlege har. Fylkeskommunen bør gjevast større kontroll over koordineringa av lærlingplassar slik at kvaliteten på tilbodet ikkje er avhengig av bransje. Samhandlinga mellom skulane og opplæringskontora må styrkjast, og fylkeskommunen eller skulane bør ha ansvar for oppfølging av lærlingar.

Alle elevar i den vidaregåande skulen må få sjansen til meistring gjennom ei tilpassa opplæring. Ei tett kontakt mellom skule, samfunns- og arbeidsliv, gjennom til dømes utplassering og elevverksemdar, vil kunne gje meistring og motivasjon for fleire elevar. Andre yrkesgrupper enn lærarane skal trekkjast inn i undervisninga. Samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv må skje på premissane til skulen og fellesskapen.

Entreprenørskap er i stor grad knytt til studie-spesialiseringfaga i dag. Meir av denne verksemda bør inn i alle fag.

Retten til vidaregåande opplæring må utvidast slik at dei som har fullført eit yrkesfagleg utdanningsprogram, blir gjevne rett til påbyggingskurs i fellesfaga.

Samarbeidet skulane og opplæringskontora har med arbeidslivspartane, er svært viktig for arbeidslivet og må styrkjast. Det må vere eit mål å auke talet på fagorganiserte lærlingar og styrkje opplæringa om kva rettar dei har.

SV meiner at alle fylke skal ha eit lærling- og elevombod.

SV er uroa over den sterke kjønnsdelinga i yrkesval. Rådgivingstenesta i ungdomsskulen må styrkjast med spesielt fokus på dette området og sjåast i samband med fråfallet.

Yrkesfaglærarutdanninga må styrkjast. Yrkesfaglærarane bør sikrast tilbod om opphald i verksemdar med visse mellomrom.

Det er viktig at fagarbeidarar blir stimulerte til å ta yrkesfaglærarutdanning. Det er spesielt viktig at fagarbeidarar av begge kjønn blir gjevne høve til dette. Det må innførast ei stipendordning som gjer det mogleg å ta yrkesfaglærarutdanning og som gjev fagarbeidarane ein viss tryggleik når utdanninga er teken.

SV vil etablere hospiteringsordningar for yrkesfaglærarar og instruktørar i verksemdar og skular.

Fagleg spesialisering som ikkje finn ein plass i fag- og yrkesopplæringa, skal som hovudregel gjevast som tilbod i fagskulen. Desse tilboda skal gjevast offentleg finansiering. Rolla fagskulen har som tilbydar av yrkesretta vidareutdanning for fagarbeidarar, må styrkjast.

6.2.4 Kartlegging, tilbakemelding og motivasjon

SV meiner prøvar og kartlegging i skulen må gjennomførast på måtar som fremjar læring. SV vil halde på eit system med nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar som saman med god oppfølging, kan medverke til å betre opplæringa. Prøvane skal brukast til forbetring, ikkje rangering. SV vil gå imot rangering og offentleggjering av resultatane frå den einskilde skulen i nasjonale prøvar.

Vurderingsformene som blir brukte i ungdomsskulen og i vidaregåande opplæring i dag, gjev ikkje god nok tilbakemelding på arbeidsinnsatsen og prestasjonen til eleven, og er for vilkårleg. SV ynskjer difor å greie ut endringar i systemet for vurdering i ungdomsskulen og vidaregåande opplæring med tanke på å forbetre vurderingssystemet vi har i dag. Målet med ei slik

utgreiing må vere å finne vurderingsformer som gjev ei meir presis og heilskapleg tilbakemelding til eleven, og som seier frå om eleven er klar for å gå vidare i utdanninga eller ikkje. Eit godt system for vurdering må innehalde krav til ei meir kontinuerleg vurdering av kor godt eleven ligg an i høve til kompetansemåla på gjeldande steg, ha større fokus på kva elevane må arbeide med for å forbetre seg og medverke til motivasjon framfor sortering. Utgreiinga må òg vurdere endringar i opptakssystemet til høgare utdanning.

SV meiner det må satsast meir på å kvalifisere lærarar til å vurdere og gje tilbakemelding som fremjar læring.

Ei god rådgivingsteneste er avgjerande for at elevane skal kunne orientere seg i eit stadig meir komplisert utdanningssystem, og vil medverke til å redusere fråfall og bortval. SV vil styrkje og profesjonalisere rådgivingstenesta gjennom auka ressursar og gjennom klarare kriterium for kompetanse. SV vil innføre obligatorisk yrkesrettleiing frå 8. klasse for alle elevar.

6.2.5 Læraren – den viktigaste ressursen i skulen

Læraren er den viktigaste ressursen skulen har. Elevane lærer gjennom arbeid med fag leidd av motiverande, pedagogisk dyktige og fagleg sterke lærarar i eit læringsmiljø som fremjar lærelyst. Kompetente lærarar er ein nødvendig føresetnad for å nå måla våre om tidleg innsats og tilpassa opplæring for alle elevar. SV vil spele på lag med lærarane og organisasjonane deira for å auke statusen til læraryrket gjennom betre løn og arbeidstilhøve. Skulane må ha fleire lærarar for at vi skal nå målet om høgare lærartettleik. Difor må det leggjast til rette for at lærarar kan stå lenger i arbeid.

SV vil styrkje rolla rektor har som pedagogisk leiar, og meiner difor det skal vere eit krav at alle skuleleiarar skal gjennomføre ei eiga skuleleiarutdanning. Vi vil heve kompetansekrava for skuleleiarar og lærarar.

SV vil ha lærarar som både fører vidare rolla læraren har som allmenndannar og som har fagleg spesialkompetanse. Vi vil ha ei meir differensiert lærarutdanning med fagleg, metodisk breidd og fordjuping. Det må bli betre samheng mellom praksis, fagstudium, fagdidaktisk og pedagogisk teori i utdanninga. All praksis må gå føre seg i eit bindande samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane, praksisskulane og studentane. SV meiner det bør stillast sterkare praksiskrav òg til lærarane i lærarutdanninga. Lærarutdanninga må bli meir praksisorientert.

SV vil arbeide for ei jamn og systematisk kompetanseutvikling for alle lærarar. Det bør stillast krav til kvar einskild skule om å ha ein heilskapleg, forpliktande utviklingsplan for kompetanseheving knytt til den trongen for kompetanse skulen har. For å betre nivået på kompetanseutviklinga må samarbeidet mellom lærarutdanningane og skulane styrkjast. SV meiner lærarutdanningsinstitusjonane må få ansvar for at lærarane blir følgde opp med rettleiing òg etter at dei er ferdig utdanna. Nyutdanna lærarar må få ei særskild oppfølging det første året i skulen.

I dag opplever mange lærarar at dei brukar for lite av tida si til undervisning. SV vil forenkla styringssystema i skulen og styrkje støtteapparatet rundt lærarane for at dei i størst mogleg grad skal få bruke tida si på aktivitetar som verkar direkte inn på lærings-utbyttet til elevane.

SV meiner det er ein styrkje for skulen om dei tilsette representerer det breie mangfaldet i elevmassen betre enn i dag. Det må vere eit mål å skaffe fleire kvalifiserte lærarar og andre skulearbeidarar med ulik sosial, etnisk og språkleg bakgrunn.

SV går inn for ein systematisk opptrappingsplan for å få fleire årsverk inn i barne- og ungdomsarbeidet i kommunen. Planen bør gjelde skule, barnehage og

kommunalt barnevern i tillegg til andre institusjonar som arbeider med born og unge.

6.2.6 Fellesskulen – lik rett til utdanning

Lik rett til utdanning er eit grunnprinsipp i ein solidarisk kunnskapspolitik. SV arbeider for at skilnader i sosial og kulturell bakgrunn, økonomiske eller geografiske tilhøve, kjønn, alder, seksuell orientering eller funksjonsgrad ikkje skal vere til hinder for høvet til å ta utdanning.

Fleire privatskular vil auke dei sosiale skilnadene i samfunnet og svekkje rolla den offentlege skulen har som felles møtestad for born og ungdom med ulik bakgrunn. SV vil difor forsvare privatskulelova vi har i dag, slik at kommersielle aktørar ikkje skal kunne drive private skular. Pedagogiske og religiøse alternativ skal på sikt avviklast. Born som har trøng for alternativ pedagogikk, skal få dette i den offentlege skulen.

SV er imot reint karakterbasert opptak, såkalla «fritt skuleval», som inntaksform til vidaregåande opplæring. SV vil arbeide for gode vidaregåande opplæringstilbod i distrikta for å motverke at ungdom må flytte for å ta vidaregåande opplæring.

Ein viktig føresetnad for å sikre lik rett til utdanning er at skuletilbodet er gratis. SV vil verne om gratisprinsippet i skulen og sørgje for at alle læremiddel og skuleaktivitetar er gratis i heile skuletida. Vi vil fullfinansiere leirskuleordninga og gjere leirskule til ein obligatorisk del av den ordinære skuleperioden. SV vil styrkje stipendordninga for bortebuande elevar i vidaregåande opplæring.

SV går inn for at Statens lånekasse skal gje stipend til elevar i vidaregåande skule som vel å ta eit utvekslingsår på skule i utlandet, både når dette året erstattar og når det kjem i tillegg til eit skuleår i Noreg.

Alle born skal lære, meiste og trivast i fellesskulen. SV meiner det må satsast sterkare på konkrete tiltak for å kjempe mot mobbing, rasisme og diskriminering på grunnlag av kjønn, seksuell orientering og religion. SV meiner at gode, forskningsbaserte nasjonale program for læringsmiljø skal innførast i alle skulane.

Born med nedsett funksjonsevne skal gjevast eit like godt undervisningstilbod som andre born. Retten til å gå på nærskulen må sikrast gjennom universell utforming av alle skulebygningar og tilgang til kompetanse og rette hjelpemiddel uavhengig av bustadskommune. Retten til tilrettelagd undervisning må følgjast opp gjennom tilsyn og korrigerande tiltak.

Transport til og frå SFO må lovfestast som ein rett på lik line med transport til og frå skulen.

→ Sjå òg 4.2 «Universell utforming og tilgang»

Altfor mange elevar opplever seksuell trakassering på skulen. Uynskt merksemd knytt til kropp, kjønn og seksualitet er eit problem som har vore for lite granska i norsk skule. SV ynskjer ei forsøksordning med feministisk sjølvforsvar i den vidaregåande skulen. SV meiner seksualundervisninga i skulen må forbeholdast, og ta opp spørsmål knytte til kjønn og makt i tillegg til å medverke til å bli trygg og open rundt kjønn, kropp og seksualitet. Lærarutdanninga må gje studentane betre kunnskap om seksualitet, kjønn og kjønnsroller.

→ Sjå òg kapittel 9 «Feminisme, kjønnsrett og motmakt»

Innhaldet i skulen må spegle ein fleirkulturell røyndom. Gode kunnskapar i eige språk gjer det lettare å lære norsk og er ein styrke for den vidare læringa. SV meiner minoritetsspråklege born og unge skal få tilpassa morsmålsopplæring i form av lese- og skriveopplæring

og tospråkleg fagopplæring på morsmålet sitt. Det skal vere råd å velje morsmål som andre framandspråk både i ungdomsskulen og på vidaregåande skule. Foreldre må kunne få informasjon om skulen på sitt eige morsmål. SV ynskjer at det vert innført tolkehjelp på foreldremøte i barne-, ungdoms- og vidaregåande skule.

→ *Sjå òg kapittel 10 «Likestilling og likeverd»*

Fellesskulen skal vere trusnøytral. Endringane i føremålsparagrafen til skulen og barnehagane og det nye RLE-faget er viktige steg mot ein inkluderande skule. SV vil halde fram arbeidet for at skulen og barnehagen ikkje skal favorisere eitt trus- eller livssyn framfor eit anna, men byggjer arbeidet sitt på universelle verdiar nedfelte i menneskerettane.

SV arbeider for ein skule som oppmuntrar til sjølvstendig, kritisk tenking og stimulerer til auka demokratiforståing og deltaking. SV vil styrkje den strukturelle elevmedverknaden, mellom anna gjennom auka elevrepresentasjon i skuleutval og andre representative organ. Elevrådsbudsjetta må styrkjast gjennom ein fast sum per elev som går direkte til elevrådet. Fellesskulen har eit spesielt ansvar for å fange opp og hjelpe born som er utsette for omsorgssvikt eller overgrep. Dette krev systematisk samordning mellom barnehage, skule, PPT, barnevern, helsestasjon, utekontakt, fritidsklubbar og andre instansar som arbeider med born og unge. Det førebyggjande barne- og ungdomsarbeidet krev òg auka kompetanse. SV arbeider for at lærarkompetansen om vald og overgrep skal aukast, mellom anna gjennom sterkare fokus på dette i lærarutdanninga. Helsetenesta i skulen må styrkjast og det skal vere sosialfagleg kompetanse på alle ungdomsskular. På kvar vidaregåande skule skal det vere tilgang til sosialfagleg kompetanse.

→ *For meir om førebygging sjå 4.1.7 «Ein trygg oppvekst»*

Skulen har ei spesiell plikt overfor alle born og unge som i ein kort eller lang periode får alternative skuletilbod i eller utanfor institusjonar. Dette krev god samordning og samhandling mellom ulike etatar og profesjonar. SV vil arbeide for at rettane desse borna har etter opplæringslova blir godt ivaretekne.

Folkehøgskulene representerer eit verdfullt pedagogisk tilbod i tillegg til vidaregåande opplæring. Folkehøgskulane må sikrast gode og føreseielege rammevilkår. For å betre omstillingsevne og hjelpe folk ut i arbeidslivet vil SV styrkje vaksenopplæringa. Særleg viktig er det å styrkje undervisninga i grunnleggjande kunnskapar og den sosiale og yrkesfaglege rådgivinga. Det skal vere lett å omskulere seg til eit anna yrke.

SV ser på vaksenopplæringa gjennom frivillige organisasjonar som ein viktig del av kompetanseutviklinga i Noreg. SV vil styrkje verksemda til studieforbunda gjennom gode støtteordningar og formålstenleg lov- og regelverk.

Fagskulane vil bli stadig viktigare for å sikre både meir spesialisert kompetanse og breiddekompetanse på eit høgare nivå. SV meiner at fagskuleutdanning er eit godt alternativ for dei som ynskjer og har trong for meir fagleg kompetanse etter fullført vidaregåande opplæring. Dette gjeld både unge som ynskjer meir spesialisering og vaksne med relevant erfaring som ynskjer ei meir praktisk retta vidareutdanning. Finansieringa av fagskuleutdanningane må gjennomgåast slik at historisk påverka skilnader mellom fagretningane blir utjamna.

6.3 Høgare utdanning og forskning

Høgare utdanning og forskning skal auke erkjenninga vår og leggje grunnlag for utviklinga av demokrati og samfunn. Sektoren skal ta vare på kulturarven vår og medverke til berekraftig utvikling, verdiskaping og velferd. Vi står i dag overfor store samfunnsutfordringar som

vil skape trong for nye utdanningar og krevje auka forskingsinnsats i tida framover. Forsking og høgare utdanning er viktig for ein kritisk samfunnsdebatt, og SV vil arbeide for autonomi og demokrati ved utdanningsinstitusjonane. Lik rett til utdanning er eit berande element i utdanningspolitikken til SV. Norsk høgare utdanning skal vere av høg internasjonal kvalitet og basert på det fremste innafor forskning og utvikling.

Kvalitetsreforma har ført til auka fokus på oppfølging av studentane, men framleis har undervisning av studentar og formidling av forskingsresultat for låg status. Det er viktig å kome opp med ordningar slik at undervisning og formidling er meritterande for vitskapleg tilsette. SV meiner det er viktig å styrkje kvaliteten i utdanningane ved å auke basisløyvingane slik at institusjonane kan sikre forskingsbasert undervisning med god oppfølging og bruk av alternative lærings- og vurderingsformer. Det er ei stor utfordring at bachelorutdanningane i for liten grad fungerer som sjølvstendige utdanningar i dag. SV meiner at betre undervisning og eit større fokus på innhaldet i utdanningane er nødvendige for å sikre gode utdanningstilbod som gjev brei kompetanse. Det er viktig at tilbodet av gradar både kan leie fram til ein avsluttande grad og vidare utdanning.

6.3.1 Lik rett til høgare utdanning

Høgare utdanning i Noreg har gått frå eliteutdanning til masseutdanning, men framleis er rekrutteringa til høgare utdanning svært skeiv. SV arbeider for at høvet til å ta høgare utdanning skal vere likt for alle, uavhengig av sosial eller kulturell bakgrunn, kjønn, bustad, seksuell legning eller funksjonsevne.

Offentleg, høgare utdanning må vere gratis. Alle former for skulepengar aukar skeivrekutteringa til høgare utdanning. Ein del utdanningar som har noko å seie for samfunnet, blir i dag gjevne berre eller i stor grad ved institusjonar som krev studiebetaling. SV vil greie ut offentlege kjøp av studieplassar eller oppretting av offentlege studium for slike studiar. Det langsiktige målet til SV er ei studiefinansiering på eit nivå av 2G (to gonger grunnbeløpet i folketrygda), som sikrar høve til å studere på heiltid. I denne stortingsperioden vil SV prioritere å utvide studiestøtta til å gjelde for 11 månader. Reisestipendet må aukast. SV vil arbeide for at låg, politisk styrt rente blir innført i Statens lånekasse att. Stipenddelen av støtta må gradvis aukast. SV meiner det må gjennomførast ei heilskapleg satsing for å betre studiestøtta og studentvelferda. Det skal byggjast minst 1000 nye studentbustader kvart år i stortingsperioden. I tillegg må tilskotssatsane for studentbustadbygging oppjusterast i takt med reell kostnadsutvikling. Det må òg innførast ordningar som gjer det lettare å kombinere det å ha born med studiar. Innan første år etter avslutta studiar må studentar sikrast permisjonsrett på seks månader. Menneske med nedsett funksjonsevne må gjevast reelt høve til høgare utdanning gjennom tilpassa studiefinansieringsordningar.

→ *For meir om bustad sjå 3.4 «Ein sosial bustadpolitikk»*

Ungdom under vidaregåande og høgare utdanning har svake sosiale rettar ved sjukdom og livskriser. SV vil utgreie ei ordning der ungdom under utdanning blir sikra på lik line med arbeidstakarar. Talet på dei som har psykiske lidningar er høgare for studentar enn i folkesetnaden som heilskap. SV vil gjennomføre ei nasjonal kartlegging av tilgangen studentane har til psykososiale tenester. SV vil auke den økonomiske støtta til det psykiske helsetilbodet studentsamskipnaden har.

SV vil arbeide for at rekrutteringa til høgare utdanning blir mindre avhengig av kjønn, klasse og etnisitet. Det må leggjast til rette for målretta tiltak som kan rette opp det som er skeivt i rekrutteringa, til dømes egne rekrutteringsdagar for underrepresenterte grupper og

styrking av rådgivingstenesta i den vidaregåande skulen. SV meiner at så mange studieretningar som råd, skal vere opne på same tid som nivået ved utdanningsinstitusjonane blir oppretthalde.

Talet på studentar ved ulike fag vil variere. Dei små faga er nødvendige for å sikre samfunnet eit breitt utdanningstilbod med ulike typar kompetanse. SV meiner at finansieringsordningane må ta vare på mangfaldet i fagtilbodet og sikre stabile rammer og høg fagleg standard ved mindre fag òg. Finansieringa av universiteta og høgskulane skal i større grad løne institusjonar som prioriterer kjerneoppgåver framfor reklame.

Basisfinansieringa må ta høgd for dei meirutgiftene institusjonane i distrikta har til for eksempel reiseutgifter, desentraliserte tilbod og praksis. Det må vurderast kvoteordningar på studiar der etnisk mangfald er særleg viktig.

SV arbeider for at det skal finnast eit godt høgare utdanningstilbod over heile landet. SV vil styrkje desentralisert høgare utdanning, og styrkje og vidareutvikla profesjonsutdanningane.

SV meiner det ikkje er eit mål at flest mogleg utdanningsinstitusjonar får universitetsstatus. SV er positiv til samarbeid og samanslåingar i utdannings-Noreg, men det må vere basert på faglege vurderingar og skje frivillig.

IKT-baserte utdannings- og læringstilbod vil sikre at fleire kan ta høgare utdanning utan å vere avhengige av å flytte frå heimstadene. SV ynskjer auka bruk av IKT for å sikre fleire slik tilgang, og på same tid auke fleksibiliteten i kvardagen og studieprogresjonen til kvar einskild student.

Den forventede auken i arbeidsløyse og trongen for etter- og vidareutdanning inneber at mange tusen nye studentar vil trenge utdanning ved høgskular og universitet i åra som kjem. Utdanninga på desse lærestadene må utvidast og endrast slik at dei nye studentgruppene får eit godt tilbod. Utdanninga må leggjast opp slik at ho bli lettare å kombinere med arbeid.

Utdanningsinstitusjonane har plikt til å sikre studentar med nedsett funksjonsevne tilrettelagd utdanning. Universell utforming av fysisk miljø og IT-miljø, hjelpemiddel, inntaksreglar og tilrettelegging av læremiddel og eksamen må sikrast. Butilhøve, transporttilbod og velferdstilbod må òg tilretteleggjast på studiestaden. Studentar med nedsette funksjonsevner treng ei styrkt studiefinansiering, og det må sikrast at desse studentane ikkje må låne meir på grunn av den nedsette funksjonsevna.

→ *Sjå òg 4.2 «Universell utforming og tilgang»*

Den stadig aukande internasjonaliseringa gjer det viktigare å leggje til rette for at alle studentar kan ta kvalitetsutdanning i utlandet, både heil- og delgradsstudiar uavhengig av økonomisk og sosial bakgrunn. SV vil gjere det meir lønsamt for institusjonane å gjere delgradsstudiar i utlandet til ein integrert del av studieperioden. For å sikre brei internasjonal kompetanse er det eit mål at fleire studentar tek gradsstudiar i ikkje-engelskspråklege land. Finansieringssystemet bør leggjast om slik at institusjonane ikkje tapar pengar på studentutveksling.

6.3.2 Demokratisk styring og akademisk fridom

Universiteta skal ta vare på den akademiske breidda. Høgskulane skal vere spesialiserte og profesjonsorienterte både i undervisning og forskning. All norsk høgare utdanning skal vere forskingsbasert.

SV er kritisk til tendensane til kommersialisering og einsretting i høgare utdanning, mellom anna ved at forskinga blir gjord meir avhengig av ekstern finansiering. SV vil arbeide for å oppretthalde kunnskapsinstitusjonane

som frie, uavhengige institusjonar med stor autonomi, ått og finansierte av det offentlege. SV vil auke basisfinansieringsdelen av dei totale løyvingane til feltet slik at institusjonane får større fridom og kan planleggje meir langsiktig. SV vil fase ut dei resultatbaserte komponentane og erstatte dei med finansieringsordningar som òg tek kvalitative og strategiske omsyn. Dei totale løyvingane til universitet og høgsular må aukast.

Demokratiet blir styrkt av kritiske intellektuelle som har tid og ressursar til å kombinere vitenskapleg arbeid med å ta del i samfunnsdebatten. SV vil difor gje kunnskapsinstitusjonane auka fridom. Samtidig arbeider SV for eit meir levande demokrati på alle nivå i norske høgare utdanningsinstitusjonar. Kollegiale styringsorgan må styrkjast og studentpåverknaden må vektast høgare. SV meiner at universitets- og høgsulelova må endrast slik at demokratiet ved institusjonane blir styrkt, og slik at det blir obligatorisk med val av rektor, fakultets- og instituttleiing.

SV vil arbeide for å redusere talet på mellombelse stillingar i akademia, og meiner det må lagast ein plan for å redusere talet på slike i neste stortingsperiode.

6.3.3 Styrk forskningsevna

SV arbeider for at det skal forskast meir og betre i Noreg. Skal vi nå dette målet, må vi bruke ein større del av BNP på forskning, og vi må betre rekrutteringa og styrkje det nasjonale og internasjonale forskingssamarbeidet. SV vil styrkje forskingsfridommen i akademia gjennom auka basismidlar til universitet, høgsular og forskingsinstitutt. Villkåra for individuelle forskingsprosjekt må betrast, og SV vil vurdere fordelinga av forskingsmiddel mellom Norges forskningsråd og sektoren.

SV ser på forskning som eit viktig element i utviklinga av eit berekraftig næringsliv og ein velfungerande offentleg sektor. Samtidig er det viktig å sikre fri og uavhengig forskning for å unngå at tunge næringsinteresser og kortsiktige forretningsomsyn får ein dominerande kontroll over deler av forskinga. Universitet og høgsular må difor sikrast ei offentleg finansiering som set dei i stand til å utvikle samarbeidet med næringslivet på eigne premisser og med basis i eit heilskapleg samfunnsansvar. Den offentleg finansierte infrastrukturen for forskning må styrkjast gjennom auka grunnløyvingar til universitet, høgsular og forskingsinstitutt. Det må likevel finnast politisk handlingsrom til konkrete, avgrensa satsingar.

Det må lagast ein bindande plan for opptrapping av forskinga, slik som samferdselssektoren har sin Nasjonal transportplan. SV vil i stortingsperioden arbeide for ei opptrapping av forskingsløyvingane, i første omgang til at 1 prosent av BNP blir brukt på offentleg finansierte forskning. I tillegg er det eit mål å styrkje forskingsmedverknaden til næringslivets vesentleg. SV vil tilrå eit eige trepartsutval der fagrørsla, NHO og staten saman arbeider for å auke forskingsinnsatsen i næringslivet.

Auka forskingsinnsats krev fleire forskarar. For å sikre betre rekruttering må fleire stipendiatstillingar, fleire faste forskarstillingar og fleire vitenskaplege stillingar for dei som er ferdige med doktorgraden, opprettast. Dagens finansieringsordning med omfattande prosjektløyvingar for relativt korte tidsperiodar gjev kortsiktige og uføreseieleg arbeidsvilkår. SV går difor inn for å leggje om finansieringa av norsk forskning for at forskingssatsinga skal vere meir langsiktig og for å redusere talet på mellombelse forskingsstillingar. Dette inneber auka basisløyvingar til universitets- og høgsulesektoren og betre finansiering av øymerkte forskingsprosjekt og rekrutteringsstillingar. I neste stortingsperiode skal det utviklast ein plan som tek sikte på å redusere talet på mellombelse tilsette i akademia til nivå med snittet elles i arbeidslivet. Tilsetjingsprosessar i universitets- og høgsulesektoren må gjennomførast ope, og det må stillast krav til ekstern utlysing av både faste og mellombelse stillingar. SV vil tilrå tiltak for å auke

talet på kvinnelege forskarar. Først og fremst ved stimulerande tiltak for stipendiatar og betre kriterium for tilsetjing i post doc-stillingar, men òg gjennom øymerking av forskarstillingar om det er nødvendig. SV vil arbeide for at lovgivinga innafor EU-området (som Noreg er bunde av) blir endra, slik at faste stillingar for kvinner kan øymerkjast.

Ei styrkt forskningsevne krev eit mangfald av verkemiddel. SV vil kombinere spissmiljø som senter for framståande forskning, med god breiddeforskning. Bruksforskning på spesielle satsingsområde der Noreg er i front, som velferdsforskning og energiforskning, må kombinerast med anna forskning drive av nyfikne. Det må i større grad leggast til rette for fri grunnforskning i tillegg til og lausrive frå dei store programsatsingane i Norges forskningsråd.

SV vil understreke trongen for å sikre ei brei humanistisk forskning og kritisk samfunnsforskning. SV er oppteke av at offentleg finansierte forskning er eit offentleg gode, og difor av at alle forskingsinstitusjonar har klare strategiar for open access-publisering og populærvitenskapleg formidling av forskingsresultat. For å auke tilliten til tildeling av forskingsmidlar i Noreg skal hovudregelen vere at alle søknader som blir innfridde, skal vere offentleg tilgjengelege etter vedtak. Ynskje om hemmelegald skal grunnjevast særskilt.

SV er oppteke av at forskarane skal få mest mogleg samanhengjande tid til forskning og vil støtte tiltak som kan frigjere meir forskningstid. Framleis må det stillast strenge krav til forskingskvalitet, knytte til mellom anna publisering, samarbeid og oppfølging av unge forskingstalent. Arbeidet for betre forskingsgrupper og betre forskingsleiing må styrkjast. Institusjonane må setjast betre i stand til forskning, mellom anna gjennom oppdatert vitenskapleg utstyr. Grunnløyvingane til akademiske institusjonar må aukast, og det må innførast eit enkelt system for utdeling av midlar til småskalaforskning.

SV vil satse på forskingssamarbeid mellom forskingsinstitutt, institusjonar og næringslivet, gjerne kanalisert gjennom store, regionaliserte forskingsfond. Eit slikt samarbeid kan skape fleire kunnskapsbaserte verksemder og føre til betre undervisning og større relevans i forskinga. Samtidig må det offentlege auke dei direkte løyvingane og setje inn stimuleringsiltak overfor næringslivet for å sikre eit høgt nivå på næringsretta forskning. SV vil styrkje høvet til kompetanseoverføring mellom næringslivet og forskingssektoren gjennom verkemiddel som nærings-phf (stipendiat delfinansierte av næringslivet), utveksling av personell, traineeordningar og andre former for samarbeidsavtalar.

SV vil gå inn for at det offentlege skal auke innsatsen sin med støtte og lån til bruksforskning i verksemdene. Staten bør leggje forskning og innovasjon inn som eit kriterium for innkjøpspolitikken sin.

Viss forskinga skal løyse dei internasjonale utfordringane, må det internasjonale forskingssamarbeidet styrkjast. SV meiner Noreg må vere ein pådrivar for å styrkje dette samarbeidet. Noreg er eit lite land, og vi kan ikkje vente å vere i front på alle forskingsområde. SV meiner forskingssamarbeidet mellom norske forskarar og miljø i utlandet må styrkjast kraftig. Det må leggast betre til rette for at norske forskarar får ta del i internasjonale forskingsnettverk, og fleire, leiande utanlandske forskarar må inviterast til å dele kunnskapen sin med norske forskingsmiljø.

Ei rekkje internasjonale prosessar fører i dag til ei global skeivfordeling og kommersialisering av teknisk og vitenskapleg kunnskap. SV ynskjer ei open og inkluderande kunnskapsutvikling basert på samarbeid framfor konkurranse mellom institusjonar for å takle globale utfordringar som fattigdom og miljøkriser. Utvikling av samarbeid med partnarinstitusjonar i

sør bør prioriterast. SV ynskjer ein kritisk gjennomgang av den dominerande rolla EU har i norsk forskingspolitikk.

→ *For meir om forskning og utvikling sjå kapittel 7 «Ein framtidretta næringspolitikk»*

→ *For meir om forskning og miljø sjå òg kapittel 2 «Klima og miljø»*

Kapittel 7: Ein framtidretta næringspolitikk

SV arbeider for ein aktiv, framtidretta næringspolitikk der det offentlege spelar ei viktig rolle i utviklinga av nye næringar og i å leggje til rette for sysselsetjing og verdiskaping. SV vil ikkje støtte ein næringsnøytral politikk som overlèt avgjerande vegval for samfunnet vårt til marknadskreftene.

Næringspolitikken må innrettast slik at han medverkar til å løyse klimakrisa og den økonomiske krisa. Langsiktig, offentleg eigarskap og omstilling til miljøvenlege næringar må stå sentralt.

Den viktigaste føremonen for norsk næringsliv kjem til å vere kompetanse. Kostnadsnivået i Noreg er høgt. Det er difor endå viktigare å produsere varer og tenester med høge krav til kompetanse som andre land ikkje så lett kan kopiere. I tillegg til å satse på utdanning og forskning vil SV at staten, i samarbeid med partane i arbeidslivet, skal styrkje kompetansen hos dei som er i arbeid for å møte stadig nye utfordringar i arbeidslivet.

→ *For meir om forskning og kunnskapsutvikling sjå kapittel 6.3 «Forskning og høgare utdanning»*

Næringspolitikken til SV skal skape trygge arbeidsplassar over heile landet. Det offentlege må vere med på å utvikle eit variert arbeidsliv i distrikta. I tillegg må det leggjast til rette for god infrastruktur.

Verkemiddelapparatet må styrkjast. Innovasjon Norge må få løyve til å ta større risiko og gje betre støtte til lange utviklingsperiodar for kommersialisering, spesielt i høve til miljøteknologi.

7.1 Næring og miljø

Næringspolitikken må hjelpe til med å løyse klima- og miljøproblema. Målet er å gå frå eit næringsliv som i for stor grad skapar klimaendringar, til eit næringsliv som i større grad skapar verdiar gjennom å løyse klimaproblemet. Gjennom å satse på miljøteknologi kombinerer vi miljø og framtidretta arbeidsplassar. Den offentlege støtta til forskning, utvikling og bruk av ny, miljøvenleg teknologi må styrkjast.

SV vil satse på kunnskapsverksemder som medverkar til meir forskning og utvikling på miljøområdet, som til dømes fornybar energi, framtidige energibærarar og andre miljøvenlege teknologiar. Ordningane med industrielle forskingskontraktar (IFU) og offentlege forskingskontraktar (OFU) bør styrkjast. I tillegg vil SV innføre betre avskrivingsreglar for å gjere det lettare for næringslivet å modernisere produksjonen sin, ikkje minst gjennom å gjere han meir miljøvenleg.

→ *For meir om miljø og næringsutvikling sjå kapittel 2 «Klima og miljø»*

7.2 Aktivt og langsiktig offentleg eigarskap

Staten har gjennom historia hatt ei aktiv rolle for å utvikle norsk næringsliv. Heil- eller delåtte statlege selskap har vore sentrale for å utvikle norsk næringsliv både på land og på norsk sokkel.

Den statlege eigarskapen har vore viktig for å sikre nasjonal kontroll over viktige ressursar. Auka liberalisering, ikkje minst på grunn av EØS, forsterkar trongen for styring gjennom offentleg eigarskap.

For å sikre demokratisk og effektiv styring av samfunnsutviklinga bør den offentlege eigarskapen vere omfattande innafor infrastruktur og nøkkelnæringar. Den offentlege eigarskapen bør vere større og langt meir aktiv enn i dag. SV vil arbeide for å sikre nasjonal forankring av hovudkontorfunksjonar hos dei selskapa der staten er eigar. Dette vil sikre vidare utvikling av teknologi, kompetanse, forskning, arbeidsplassar og verdiskaping i Noreg.

SV ynskjer ein statleg medeigarskap i Hurtigruta for å sikre drift som kjem kyst-Noreg til gode. For kyst-Noreg er Hurtigruta ein livsnerve som må sikrast for ettertida, og som gjev store ringverknader for reiseliv.

7.3 Auka produktivitet

Produktiviteten i norsk næringsliv er i dag høg. Ei viktig årsak til dette er den norske velferdsmodellen. Han sikrar kompetanse, høg yrkesdeltaking og sosiale tryggingnett som gjer omstilling mogleg. Det høge lønsnivået i Noreg medverkar òg til effektivisering og rasjonell bruk av arbeidskraft. Ein sterk offentleg sektor og sosial utjamning er difor god næringspolitikk.

→ *Sjå òg 3.1 «Den økonomiske politikken»*

SV vil støtte langsiktig eigarskap, mellom anna gjennom å arbeide for at ein større del av dei verdiane som blir skapte i ei verksemd, er med på å utvikle verksemda vidare. SV vil at aktivt og langsiktig eigarskap skal vere eit kriterium i vurderinga av offentlege utviklingstilskot. SV vil òg arbeide for at staten med kapitalstyrken sin, skal sikre at viktige nasjonale næringsmiljø framleis blir i Noreg.

Det må stillast krav til nye eigarar som vil ta over ei verksemd. Slike krav vil kunne vere vidareføring og utvikling av arbeidsplassar, ein strategi for utvikling av verksemda, plan for forskingsaktivitetar og kompetanseutvikling, krav til miljøforbetringar og liknande.

SV vil leggje til rette for betre støtteordningar og rådgiving for dei som vil skape sin eigen arbeidsplass. Statlege løyvingar til kommunale næringsfond bør aukast monaleg frå nivået i dag gjennom regionale utviklingsmidlar. Innovasjon Norge bør finansiere ei programsatsing for sosialt entreprenørskap der ikkje-kommersielle føretak òg kan få støtte når målet er positiv endring for einskildmenneske og samfunn.

For å gjere det lettare å starte ei verksemd må det offentlege kunne tilby god rådgiving. SV meiner verksemder med berre ein tilsett i ein oppstartsfase bør få tilbod om hjelp til å utføre rekneskap og revisjon av offentleg mynde til sjølvkost.

7.4 Regional utvikling

SV til ta heile landet i bruk. Vi vil halde oppe hovudtrekka i busetnadsmønsteret og dermed utnytte ressursane i samfunnet betre. Ved å skape fleire arbeidsplassar i distrikta kan folk få betre høve til å bu og arbeide der dei ynskjer. Ei meir miljøvenleg framtid vil føre til at mange arbeidsplassar kan skapast i distrikta, mellom anna knytte til miljøvenleg energi.

Mange område i Noreg er godt eigna til å produsere fornybar energi. Det gjeld ikkje minst bioenergi. Biovarme er ei god erstatning for oppvarming basert på straum eller olje. SV vil arbeide for at skog- og landbruksavfall i mykje større grad går med til å produsere biovarme. I tillegg vil SV arbeide for å ta i bruk ressursar i skogen til å produsere biodrivstoff.

Staten må engasjere seg meir for å skape arbeidsplassar i distrikta. Innovasjon Norge må bruke ein større del av midlane sine til å skape vekst utanfor pressområde. I tillegg må verksemder lokaliserte i pressområde stimulerast til å leggje noko av verksemda si til stader der presset er mindre. I tillegg vil SV tilføre sårkornfonda, dei såkalla Ryanfonda, meir statleg kapital for å skape fleire arbeidsplassar i distrikta.

For å skape utvikling i alle landsdelar må staten lokalisere arbeidsplassar til ulike byar og tettstader. Ein stor del av veksten i statlege arbeidsplassar kjem i dag i og rundt Oslo, ikkje minst ved at etablerte etatar veks. Prinsippet bør difor vere at nye, statlege arbeidsplassar helst blir lagde utanfor Oslo. Dette kan gjerast når heilt nye etatar/

einingar blir oppretta, eller gjennom at eksisterande regionkontor blir styrkte til dømes ved å leggje nasjonale oppgåver til regionkontora.

7.4.1 Utvikling i nord

SV går til val på ei offensiv, framtidretta og klimavenleg satsing i nordområda. I Nord-Noreg finst nokre av dei rikaste naturressursane i landet. SV vil ha ein heilskapleg strategi for berekraftig utnytting av desse ressursane. Fiskeri, reiseliv, forskning og utdanning og nye arbeidsplassar knytte til utnytting av fornybare energiressursar skal stå sentralt i denne strategien. Utbygging av overføringsnett med planar for korleis rein energi kan medverke til industri og næringsverksemd i landsdelen, vil bli sentralt.

SV vil auke dei regionale forskingsfonda og bruke statlege midlar til å styrkje FoU-midlane i nord med utgangspunkt i føremonane landsdelen sjølv har. Vidare vil SV satse på utvikling av attraktive reiselivsprodukt og marknadsføring av Nord-Noreg som reiselivsmål. Natur- og kulturlandskap må sikrast som føresetnader for busetnad, næringsutvikling og reiselivssatsing i nord.

→ *Sjå òg kapittel 4 «Velferd», 7.5 «Betre infrastruktur» og 7.10 «Produksjon av mat»*

7.5 Betre infrastruktur

God infrastruktur er viktig for å skape betre vilkår for verdiskaping, sysselsetjing og busetjing i Noreg. I dag er store delar av vegnettet i distrikta prega av dårleg vegstandard som smale vegar, dårleg kurvatur, flaskehalsar og grenser for aksellast. SV vil prioritere opprusting av vegnettet i distrikta gjennom meir pengar til standardheving, fjerning av flaskehalsar, rassikring og god vinterregularitet i tillegg til satsing på gang- og sykkelveggar.

SV arbeider for ei storsatsing på jarnebaneutbygging. Samtidig er det viktig å halde oppe, og heve standarden på banestrekningar som ikkje går inn i den store moderniseringsplanen for dei næraste åra. Desse må òg sikrast eit godt vedlikehald, god framkomst gjennom nok kryssingsspor, fjernstyringssystem og eit regionalt tilbod for kjøp av persontrafikktenester. SV vil gjere NSB meir attraktivt for pendlarar og andre reisande gjennom å satse sterkare på å vere presis, gratis parkering i nærleiken av stasjonane og lettare billettloysingar.

Ei rekkje ferjestrekningar har for dårleg tilbod og for låg kvalitet. SV vil gjere tilbodet med ferjer og hurtigbåtar betre gjennom fleire avgangar, lågare billettpris, og satsing på ny teknologi, klimanøytrale drivstoff og gassdrivne ferjer som reduserer miljøutslepp.

Kortbanenettet og stamrutenet for flytransport er ein viktig del av infrastrukturen i landet. For delar av Vestlandet og Nord-Noreg er fly det viktigaste alternativet til bil. SV vil arbeide for reduserte prisar på flytilbodet på kortbanenettet der det ikkje finst andre fullgode transporttilbod.

Målet om at ingen skal omkomme eller få varige mein, nullvisjonen, ligg til grunn for trafikktryggingarbeidet til SV. SV vil auke den delen av vegbudsjettet som blir brukt til tryggingstiltak for mjuke trafikantar. Trygge soner kring skular må prioriterast. SV vil prioritere auka utbygging av midtdelarar og andre fysiske tiltak for å trafikksikre vegnettet og gang- og sykkelveggar. Av omsyn til trygg trafikk er det òg viktig å få ned veksten i biltrafikken og overføre gods frå veg til bane. SV vil ha reduserte fartsgrenser der dette fører til tryggare trafikk, og vi vil auke både manuelle og automatiske trafikkontrollar i tillegg til å innføre tøffare sanksjonar mot aktaus køyring.

Anbod i kollektivtrafikken kan føre til sosial dumping. I tillegg kan det gå ut over kvaliteten. SV vil arbeide for at kollektivtrafikk ikkje blir lagd ut på anbod. I tillegg

vil SV gå imot OPS (offentleg-privat finansiering) som finansieringsform i vegsektoren.

→ *For meir transportpolitikk sjå 2.3 «Ein klimavenleg transportpolitikk»*

Posttenester med god kvalitet og lik pris i heile landet er viktig for å sikre eit mangfaldig næringsliv og busetjing i distrikta. Viss EUs tredje postdirektiv blir norsk lov gjennom EØS, fører det til full liberalisering av den norske postmarknaden. SV vil at Noreg tek atterhald mot EU-postdirektivet fordi det vil føre til dårlegare kvalitet og auka pris på posttenestene i distrikts-Noreg. Erfaringane frå andre europeiske land viser at liberalisering òg fører til sosial dumping av løns- og arbeidsvilkår i post- og transportbransjen.

7.6 Digital infrastruktur

SV ynskjer ein delingsstruktur i det offentlege Noreg. SV meiner at programvare som er utvikla i offentleg regi, skal gjerast tilgjengeleg som fri programvare slik at ho kan utviklast vidare i samarbeid og takast i bruk av kven som helst. SV meiner at offentleg sektor skal bruke opne standardar i kommunikasjonen med innbyggjarar og næringsliv, og at det skal stillast krav om opne standardar når programvare blir innkjøpt.

Opning er grunnlaget for at internett har blitt slik det er i dag. Det byggjer på at kven som helst kan leggje ut innhald på nettet, og ikkje noko innhald har førsterett framfor anna innhald. SV meiner at ein situasjon der innhald blir prioritert avhengig av betaling, må unngåast. Internett må baserast på nettnøytralitet. SV vil arbeide for fleire offentleg åtte, opne trådlause nett, og at sentrumsområde i byar og tettstader skal ha full, open trådlausedekking.

SV meiner forvaltninga i større grad må digitaliserast og utvikle elektroniske tenester. Særleg i helsevesenet er det store vinstar å hente. Arbeidet med eID bør skundast på.

Nettilgang med stor kapasitet kan vere ein føresetnad for å trygge arbeidsplassar. SV arbeider for at nettilbodet skal vere like godt over heile landet.

SV vil endre offentleglova slik at offentleg informasjon ikkje skal vere ei inntektskjelde. Kartdata skal produserast med offentlege løyvingar og vere gratis tilgjengeleg for alle. Kulturarven skal så godt det let seg gjere, digitaliserast og gjerast tilgjengeleg i ein digital allmenning. SV meiner at forskingsresultat skal publiserast med open tilgang slik at alle kan nytte kunnskapen, og vil innføre eit krav om at offentleg finansierte forskning så lang som råd, skal nåast fritt.

SV vil at det digitale nettet i større grad skal eigast og drivast av det offentlege.

→ *For digitalisering av åndsverk og ikkje-kommersiell fildeling sjå 8.3 «Meir og betre kunst – betre livskår for kunstnarar»*

7.7 Energilandet

Noreg må utvikle det store potensialet landet har for miljøvenleg energi. SV ynskjer ei massiv satsing på fleire former for alternativ, miljøvenleg energi. På same måte som vasskrafta, er vindkraft ein evigvarande ressurs. Som vasskrafta bør vindkrafta først og fremst utnyttast av selskap som er offentleg åtte. SV vil difor gjere framlegg om å la vindkraftkonsesjonar gå til offentleg kontrollerte selskap. Spydspissen for denne energiutbygginga skal vere eit heilått statleg selskap.

For å sikre at evigvarande energiressursar er folkelege vil SV ta vare på heimfallsretten. SV vil ha vasskrafta i offentleg eige. SV ynskjer ikkje å sleppe til private utanlandske kraftgigantar ved å la dei leige norske kraftverk. Utleige av kraftverk bør berre skje til offentleg åtte, norske selskap. Det leigeordninga som det er gjort

framlegg om sikrar for dei offentlege eigarane i dag, kan like godt sikrast ved langsiktige kraftsalskontraktar.

→ *For meir om miljøvenleg energi sjå 2.2 «Ein klimavenleg energipolitikk»*

7.8 Ein miljøvenleg industripolitikk

SV vil utvikle industrien i Noreg slik at han kan levere miljøvenlege varer og tenester over heile verda. Satsinga på fornybar energi skal hjelpe til med å utvikle norsk industri på same måten som då vi tok i bruk vasskrafta, og då vi utvikla oljeindustrien vår.

Mange lokalsamfunn har lange industritradisjonar. Målet til SV er at desse tradisjonane skal føre til ny industriutvikling. Auka lokal ressursutnytting og auka industriell vidareforedling i Noreg er eit mål.

Ny industri må vere miljøvenleg. Det inneber at produksjonen må gå føre seg på ein måte som ikkje medverkar til menneskeskapte klimaendringar. Bygging av nye industrianlegg som inneber store punktutslipp av klimagassar, skal ikkje lenger tillatast.

7.8.1 Prosessindustrien

Prosessindustrien er hjørnesteinsverksemdar i mange samfunn. SV vil arbeide for at slike hjørnesteinsverksemdar framleis kan eksistere i framtida. Det krev at industrien legg om til meir miljøvenlege produksjonsmetodar. SV vil arbeide for offentleg aktiv støtte til forskning, utvikling og innføring av ny miljøteknologi slik at Noreg blir miljøteknologisk leiande, mellom anna i å setje nye miljøstandardar (BAT). Dette vil gje norsk industri eit konkurranseovertak og skape ein teknologi som i seg sjølv er ei eksportvare. I ei slik samhandling vil SV arbeide for at industrien skal få langsiktige kraftkontraktar til konkurransedyktige prisar.

Storsatsinga på ny, fornybar energi skal brukast til å skape arbeidsplassar i Noreg, mellom anna arbeidsplassar i kraftkrevjande industri. Ikkje minst kan utbygging av prosessindustri gå saman med utbygging av havvindmøller. SV vil arbeide for at delar av den nye elektrisitetsproduksjonen blir brukt til å skape trygge arbeidsplassar i distrikta.

Overskotsvarme i industrien kan brukast til oppvarming eller i annan industriproduksjon. SV vil arbeide for at industrien betre kan gjere seg nytte av denne energien.

7.8.2 Verft og leverandørindustrien

SV vil medverke til at norske verfts- og leverandørverksemdar kan halde oppe den sterke stillinga si. SV vil arbeide for at verksemdene i denne sektoren blir ein viktig del av omstillingsprosessen til eit berekraftig samfunn.

Verksemdar som i dag er avhengige av olje- og gassindustrien vil i framtida kunne føre til reduserte klimagassutslipp, mellom anna ved å utvikle reinseteknologi. I tillegg skal satsing på fornybare energikjelder føre til utvikling av norsk, miljøvenleg industri.

7.8.3 Bygg-, anleggs- og eigedomsnæringa

Bygg-, anleggs- og eigedomsnæringa er dominert av små verksemdar oppdelte etter fag og profesjon. Næringa er heilt sentral for å kunne redusere energi- forbruk og utslipp av klimagassar. Desse utfordringane må møtast med meir samarbeid og innovasjon. SV vil arbeide for meir forskning og samarbeid mellom ulike næringsaktørar for å utvikle gode løysingar for meir miljøvenlege nybygg og oppgraderingar av eksisterande bygg. SV vil arbeide for at styresmaktene som lovgivar, forvaltar og oppdragsgivar, støttar opp under dei verksemdene som satsar på kompetanseoppbygging og seriositet for å oppnå høg produktivitet og kvalitet.

Bygg-, anleggs- og eigedomsnæringa er utsett ved svingingar i økonomien. SV vil arbeide for at næringa får meir stabile rammevilkår, mellom anna ved å satse på offentlege prosjekt i nedgangstider.

7.8.4 Olje- og gassutvinning

Olje- og gassproduksjon utgjer ein monaleg del av norsk verdiskaping og sysselset mange. Målet til SV er at oljeinvesteringane blir dreidde mot utnytting av ressursane i felt og område som alt er opna. SV vil arbeide for ein konsesjonspolitikk som medverkar til dette.

SV vil foreslå at staten brukar eigarmakta si i StatoilHydro til å hindre at selskapet går inn i olje- og gassprosjekt i utlandet som er ein risiko for miljøet.

→ *For meir om olje- og gass sjå 2.2 «Ein klimavenleg energipolitikk»*

7.9 Privat tenesteyting

Privat tenesteyting er ein stadig større del av næringslivet. Det er i dag langt fleire tilsette i privat tenesteyting enn i industrien.

7.9.1 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi blir stadig viktigare for næringsutvikling i Noreg. IKT er òg heilt sentralt for utviklinga av offentleg sektor.

SV vil arbeide for at offentleg sektor utviklar system og program saman med norsk næringsliv, og dermed legg grunnlaget for eksport av slike tenester. SV vil arbeide for at offentlege styresmakter legg til rette for at alle lett kan få offentleg informasjon og lett skal kunne kommunisere med offentlege styresmakter.

Programvarepatent er til hinder for innovasjon i programvaresektoren. SV vil arbeide aktivt nasjonalt og internasjonalt for å hindre at Noreg blir omfatta av eit lovverk som gjev høve til å patentere programvare.

7.9.2 Varehandelen

Varehandelen er prega av ein altfor stor del ufaglært arbeidskraft. Mange av dei som arbeider i varehandelen, har låg løn og dårlege arbeidsvilkår. For å styrkje løns- og arbeidsvilkåra til dei tilsette vil SV satse på kompetanseheving. Auka kompetanse er ikkje minst viktig for å gje mange kvinner høgare løn.

Talet på bilbaserte kjøpesenter har auka og er ei utvikling som undergrev nær- og sentrumsbutikkane. I tillegg fører kjøpesentra til meir trafikk og dermed auka ureining. SV vil difor arbeide for ei arealplanlegging som reduserer trongen for bruk av bil når ein skal handle. SV vil vidareføre støtteordninga for små distriktsbutikker. Kortreist mat og nisjeprodukt må sikrast innpass i kjede-butikkane.

7.9.3 Reiseliv

SV vil styrkje marknadsføringa av Noreg som reisemål. I tillegg vil SV styrkje naturbasert turisme, mellom anna ved å foreslå ei sertifiseringsordning for verksemdar som driv med økoturisme. Det unike med Noreg er samanhengen mellom natur- og kulturlandskap. Levande distrikt er difor ein føresetnad for å få eit meir mangfaldig reiseliv i alle delar av landet. Difor er det viktig at reiselivsverksemdar har tilgang til lokal kapital og kompetanse, slik at dei kan utvikle nye tilbod. SV vil styrkje Innovasjon Norge for å sikre ei meir heilskapleg satsing på reiseliv i distrikta. Kultur er òg næringspolitikk. SV vil inkludere kultursatsing i det regionale utviklingsarbeidet.

7.9.4 Transport og skipsfart

SV vil arbeide for at transportnæringa utviklar seg på ein miljøvenleg måte og tilbyr gode løns- og arbeidsvilkår for dei tilsette.

SV vil arbeide for at norske løns- og arbeidsvilkår skal gjelde på norskregistrerte skip, og at alle norske skip

har tariffavtalar. SV vil gjennom internasjonale organ arbeide for at den internasjonale skattekonkurransen mellom land fell bort. SV vil arbeide for at skatteparadis ikkje blir rekna som lovlege registreringsstader for fly eller skip som kjem til Noreg. SV vil òg arbeide for dette internasjonalt.

Mange farty som trafikkerer norskekysten, er gamle og ureinar mykje. SV vil bytte ut denne flåten med farty som ikkje ureinar, mellom anna gjennom å etablere eit moderniseringsprogram med stor vekt på utsleppsreduksjon. SV vil dessutan arbeide for internasjonale avtalar som reduserer utsleppa til skipsfarten.

SV vil arbeide for at Hurtigruta får langsiktige rammevilkår som opprettheld eit godt transportilbod for personar og gods langs kysten, på same tid som ho blir utvikla som ein motor i norsk reiseliv.

→ Sjå òg 2.3 «Ein klimavenleg transportpolitikk» og 3.1 «Den økonomiske politikken» (om reiarsskatt)

7.10 Produksjon av mat

Matproduksjonen skal baserast på prinsippet om matsuverenitet. Det vil seie at alle land skal ha rett til å velje korleis dei skal produsere mat til eige folk. For å medverke til at det blir produsert nok mat til eit veksande verdsfolk må Noreg halde på evna til å produsere mat. Dette inneber at dyrka jord må ha eit sterkare vern enn i dag. Den beste dyrkajorda, matkornjord, må setjast verdi på utifrå kva ho har å seie for framtidig matproduksjon og matvaretryggleik.

7.10.1 Landbruk

Eit sterkt landbruk er viktig for mattryggleiken i landet, for busetnad i distrikta og for vern av kulturlandskapet. Matvaretryggleik og distriktsbusetnad krev utvikling av gardsbruk med ulikt ressursgrunnlag og ulike produksjonsformer. Utøvarane i jordbruket må sikrast ei inntekt og sosiale vilkår på line med andre yrkesgrupper.

SV vil arbeide for at landbruket skal få rammevilkår som gjer at det kan bli meir miljøvenleg, ikkje minst gjennom kortreist mat. For å kome nye krav til dyrehelse og dyrevelferd i møte må støtteordningane til modernisering av driftsapparatet styrkjast. SV vil arbeide for at 15 prosent av all landbruksproduksjon og av alt forbruk av landbruksvarar er økologisk i 2015.

Støtta til landbruket må i større grad gå til å halde det norske kulturlandskapet oppe. Ei slik omlegging vil hjelpe til med å halde oppe distriktslandbruket. I tillegg vil SV satse på bygdenæringar, noko som vil medverke til auka sjansar for inntekt i landbruket.

SV vil arbeide for at beiteressursane i utmarka blir utnytta betre. Dette skal gjerast ved å styrkje rammevilkåra for husdyrhald over heile landet, spesielt utanfor dei sentrale jordbruksområda. Eit godt stelt kulturlandskap er avhengig av at landbruket har beitedyr. SV vil styrkje jordvernet. Det må lagast nasjonale reglar for å hindre at matjord blir dumpa og øydelagd når landbruksland blir teke i bruk til andre føremål. Det bør òg vurderast ei avgift knytt til slik utbygging.

Noreg har tre prosent av landjorda til disposisjon for jordbruk. Berre for å halde tritt med folkeveksten vår treng vi å auke arealet med dyrka jord om vi ikkje skal auke importen utover nivået i dag, som er på om lag halvparten av forbruket. I den globale situasjonen må Noreg over tid bli mindre avhengig av å kjøpe mat på verdsmarknaden. I dag fungerer ikkje jordvernet, og nesten alltid er det «andre viktige samfunnsbehov» som blir prioriterte. Styrkt jordvern må difor innebere monaleg klarare krav til at alternative løysingar blir lagde fram for nedbygging av dyrkbar jord kan akseptast. Ein ny type planprosess må utviklast for dei sakene der god matjord blir truga av nedbygging, der ein blir tvinga til å leggje fram betre kunnskap om samfunnsbehov og –perspektiv.

Alt husdyrhald, ikkje minst i landbruket, skal gå føre seg på måtar som er dyreetisk forsvarleg. SV vil arbeide for ei styrking av dyrevernet i Noreg og internasjonalt, og vil føre det eksisterande systemet for fysisk oppsyn med tamdyrbuskapar attende til eit effektivt nivå for å sikre etisk og hygienisk forsvarleg dyrehald. Ved innføring av nye dyrevernsreglar som medfører store investeringskostnader for landbruket, vil SV arbeide for at det blir gjeve investeringstilskot til nødvendig ombygging og omlegging av produksjonen.

Erfaringane hittil tyder på at det er vanskeleg å ha ein pelsdyrproduksjon som sikrar god dyrevelferd. SV vil difor arbeide for eit forbod mot pelsdyrproduksjon i Noreg.

7.10.2 Næringsmiddelindustrien

Næringsmiddelindustrien er ei viktig distriktsnæring. SV arbeider for å sikre denne industrien norske råvarer til konkurransedyktige prisar, utan at det skal gå ut over matkvalitet og miljøomsyn.

Foredling av råvarer og utvikling av merkevarer lokalt kan bli ei viktig distriktsnæring mange stader og gje bonden auka inntekter. Matvarekjedene må gje slike produkt større plass i hyllene sine. I tillegg må det leggast til rette for alternative salskanalar som gardsbutikker og Bondens marknad.

7.10.3 Fiske og fiskeindustri

Fiskerinæringa er ein berebjelke for sysselsetjing og busetjing langs kysten. Fiskeria representerer òg ei av dei viktigaste eksportnæringane i Noreg. Berekraftig ressursforvaltning er ein nødvendig føresetnad for ei lønsam fiskerinæring. Ei berekraftig fiskeriforvaltning føreset eit uttak av ressursane som er i tråd med føre var-prinsippet.

SV vil arbeide for ei omstrukturering av fiskeflåten med sikte på å få ei utnytting som gjev størst mogleg langtidsubytte ved ei økologisk forsvarleg forvaltning av fiskeressursane. SV vil difor redusere trålfisket. Den kystnære flåten skal fiske ein større del av kvotane enn i dag. SV vil arbeide for at fiskeflåten reduserer klimagassutsleppa sine. Dette inneber ei omlegging frå havgåande trålarar til kystfarty. I tillegg vil SV gjere framlegg om å fjerne drivstoffsubsidiane i fiskeflåten og auke fiskefrådraget tilsvarande.

SV ynskjer å ha meir innsyn i kvoteforhandlingar og kvotefastsetjingar. SV vil arbeide for at regionale folkevalde organ i større grad skal få påverke utviklinga av fiskeria, og vil prøve ut ulike modellar for regional fordeling og forvaltning.

Deltakarlover og råfisklover må styrkjast som reiskap for betre lønsemd i fiskerinæringa, og for å hindre sentralisering og privatisering av det økonomiske utbyttet. Det inneber at SV vil skjerpe aktivitetskravet slik at ein fiskar berre kan eige nokre få farty. SV vil arbeide for å tilbakeføre fiskerettane til fellesskapet. I tillegg vil SV at staten fordeler strukturkvotar og gunstige finansielle ordningar, i særleg grad til ungdom som ynskjer å etablere seg i næringa.

Økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet i fiskerinæringa må motarbeidast, ikkje minst fordi det er med på å undergrave regulerings- og forvaltingsregimet. Kystvakta må få økonomiske ressursar nok til å utnytte kapasiteten optimalt. Kontrollane Fiskeridirektoratet har på land og til havs, må òg styrkjast. I tillegg vil SV skjerpe innsatsen mot norsk deltaking i ulovleg fiske, sjølv om dette skjer med farty under flagg frå andre land eller der nordmenn tek del i omsetnad eller transport av ulovleg fangst. SV vil arbeide for eit internasjonalt forbod mot å kaste ut fisk.

SV vil fordele fiskeressursane meir rettvisst gjennom å gje ein større del av kvoten til kystflåten. I tillegg medverkar kystflåten til ei betre forvaltning fordi han fangar større fisk,

og har færre innslag av småfisk. Kystflåten er òg viktig for å sikre spreidd busetnad langs kysten, ikkje minst fordi han skapar fleire årsverk per fiskeeining.

For å hjelpe på spreidd busetnad vil SV satse på små og mellomstore foredlingsverksemdar. Fokus på kvalitet, utnytting av bi- og bioprodukt, utforskning av nisjeprodukt, utvikling av heimemarknaden, marknadsføring og forbetra logistikk er vesentlege framtidsstrategiar for fiskerinæringa.

7.10.4 Havbruk

Verdiskapinga i havbruket kan aukast mellom anna gjennom å auke foredlingsgraden i Noreg.

Oppdrett av laks og aure har ført til press på andre fiskeartar som blir brukte til fôr. Oppdrett må ikkje øydeleggje andre artar. Tilgangen på fisk til fôr legg difor ei klar grense for veksten av oppdrett av slike artar. Det må bli lågare forbruk av ville fiskeressursar i føret og strenge miljøkrav til alle råvarer. For å hindre bløming og spreing av sjukdommar vil SV arbeide for ei strengare regulering av havbruksnæringa. Dette inneber mellom anna forbod mot torskeoppdrett i Lofoten og tilgrensande havområde for å sikre lokale fiskeartar.

SV ynskjer å leggje til rette for landbasert oppdrettsnæring.

SV vil styrkje den offentleg finansierte forskings- og utviklingsinnsatsen retta mot havbruksnæringa, særleg innafor miljøfølgjer, produktutvikling og marknadsføring og oppdrett av nye artar. Miljøomsyn må få auka prioritet i forvaltninga av oppdrettsnæringa. SV vil leggje til rette for reine «referansefjordar» av forskingsomsyn.

Rømming er framleis eit stort problem. SV vil arbeide for rømmingssikre anlegg. I tillegg vil SV stimulere til oppdrett basert på lokale, fornybare ressursar. SV meiner det framleis må vere grenser for produksjon i havbruksnæringa.

Konsesjonstildeling må vere eit verkemiddel for å styrkje busetnad og næringsutvikling i distrikta. Konsesjonane må ikkje kunne omsetjast fritt eller auksjonarast vekk. Når verksemda ikkje eksisterer lenger, går konsesjonen attende til staten. SV vil innføre eit mellombels forbod (moratorium) mot å setje ut og produsere genmodifiserte artar i oppdrettsnæringa. Det skal òg vere forbod mot genmodifisert fôr. Næringa må redusere og leggje om drifta for å unngå dei store miljøpåverknadene vi har i dag.

Norske selskap er svært store aktørar i oppdrettsnæringa i andre land. SV vil arbeide for at desse selskapa følgjer norske retningsliner for miljø, tryggleik og faglege rettar ved anlegga i utlandet. I tillegg vil SV at Noreg innleier samarbeid med andre land som driv tilsvarande oppdrett. Føremålet med samarbeidet skal vere å få høgare standardar i arbeidslivet og når det gjeld helse, miljø og tryggleik, mellom anna for å hindre spreing av sjukdommar.

Kapittel 8: Kultur og idrett

Kunst og kultur gjer samfunnet rikare på opplevingar, og gjev menneska høve til å utvikle sine eigne, skapande evner. Kunsten har ein eigenverdi, men òg store positive ringverknader. SV vil arbeide for at estetiske og skapande verdiar i sterkare grad skal prege heile samfunnet.

SV vil føre ein liberal kulturpolitikk. Støtta vår til fleirkulturelle, solidaritetsfremjande og demokratiserande kulturtiltak skal aldri føre til at vi stengjer for kunst og kultur av ideologiske grunnar eller verdiar som står oss fjernt.

Eit hovudmål med kulturpolitikken må vere å sikre alle tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod. SV vil kjempe imot ei utvikling der kommersialisering på kulturfeltet innsnevrar dette mangfaldet. Vi vil auke kulturbudsjettet til éin prosent av statsbudsjettet og føre Kulturloftet over i ein ny og endå meir offensiv fase. I denne stortingsperioden vil SV særleg prioritere folkebiblioteka, kulturskulane og Den kulturelle skulesekken, og setje i verk tiltak som gjer livskåra til kunstnarane betre.

8.1 Det store kulturloftet

Den raudgrøne regjeringa er i ferd med å gjennomføre ei historisk satsing på kunst og kultur i Noreg. Det store kulturloftet inneber at kulturbudsjettet i statsbudsjettet aukar til éin prosent innan 2014 dersom Sp, Ap og SV får ny tillit. Kulturloftet er eit gjennomslag for kulturpolitiske krav og prioriteringar som SV har hatt gjennom mange år.

Kulturloftet har mellom anna sørgt for ei ny kulturlov, viktige satsingar innafor film og dans og ei eiga melding om livskåra til kunstnarar. SV skal i stortingsperioden vere ein garantist for å oppfylle Kulturloftet og for å forsvare verdien av ein offensiv, mangfaldig og liberal kulturpolitikk.

8.2 Kunst og kultur for alle

Den nye kulturlova slår fast ansvaret det offentlege har for eit godt kulturtilbod. SV ser retten til kulturell deltaking som ein grunnleggjande rett. SV vil difor sjå til at Kulturlova blir følgd opp med konkrete tiltak, slik at alle innbyggjarar i Noreg faktisk blir sikra tilgang til kunst- og kulturopplevingar gjennom fysisk tilrettelegging, rimelege prisar og fleksible opningstider, uavhengig av inntekt, bustad, funksjonsevne, alder eller etnisk bakgrunn. SV vil vurdere tiltak for auka bruk av CC-lisensar i kulturlivet, som gjer kunstverk tilgjengeleg for alle.

Den kulturelle infrastrukturen er avgjerande for at alle kan ta del i kulturlivet. SV vil arbeide for eit løft for folkebibliotek, kulturskular og lokale kulturbygg, og slik leggje til rette for at kunst og kultur blir skapt over heile landet. Vi vil auke overføringane til kommunane for å styrkje det lokale kulturlivet, men òg arbeide for at statlege kulturmidlar blir jamnare spreidde geografisk.

Det må vere eit mål at statlege institusjonar som Rikskonsertane og Riksteatret når større delar av distrikts-Noreg. Vidare må arbeidet Nasjonalmuseet gjer med landsdekkjande formidling, styrkjast.

SV vil vidareutvikle lokale og regionale kulturbygg og møtestader. Samtidig vil vi skape større rom for kultur der folk er til dagleg, som på skulen, i barnehagen, på arbeidsplassen, på sjukehus, ved institusjonar og i fengsel.

SV er særleg oppteken av retten born og unge har til å oppleve og utøve kultur. Målet vårt er at alle born som ynskjer det skal få plass i kulturskulen, og at kulturskuletilbodet skal vere mangfaldig, rimelig og halde høgt faglig nivå. I dag er mange born utestengde frå kulturskulen på grunn av høge prisar og lange ventelister. Utviklinga i kulturskuletilbodet viser at dei øyremerkte midlane blei fjerna for tidleg, og at dette har ført til sosial skeivrekuttering. SV meiner

difor at statlege stimuleringsmidlar må sikrast for å utvikle eit kulturskuletilbod med høg kvalitet til rimelege prisar, og vil innføre ein makspris i kulturskulen. SV vil styrkje samarbeidet mellom skulen, kulturskulen og andre kulturaktørar.

SV vil styrkje dei estetiske faga i skulen og leggje sterkare vekt på estetisk kompetanse gjennom heile opplæringa. Vi vil utvide kulturformidlinga i Den kulturelle skulesekken til å gjelde alle born og unge frå barnehage til vidaregåande skule. Den kulturelle skulesekken må òg innehalde eit breitt tilbod av produksjonar på nynorsk. For å sikre kvaliteten i Den kulturelle skulesekken bør arenaer for kulturproduksjonar til dette føremålet utviklast. Vi ynskjer å gjere forsøksordningar med kulturkort for born og unge til ei permanent ordning for heile landet. SV ynskjer òg at studentar (alle under høgare utdanning) skal ha kulturkortet.

→ *Sjå òg 6.2.2 «På veg mot ein ny skuledag med eit heilskapleg kunnskapssyn»*

Folkebiblioteka er ein av dei mest brukte offentlege institusjonane, og er svært viktig for å styrkje og oppretthalde sosial og kulturell utjamning. Biblioteka rettar seg mot alle grupper i samfunnet som det er viktig å inkludere i informasjons- og kunnskapssamfunnet. Biblioteket er møtestad for alle, mellom anna fordi det gjev eit mangfaldig tilbod til publikum som aktuell mediesamling, funksjonelle lokale med plass for studiar, oppdatert IKT-utstyr og kompetent personell. SV meiner folkebiblioteka er med på å fremje kunnskapsutvikling, kulturformidling, demokrati og yringsfridom. SV vil framleis arbeide for prinsippet om bibliotek i alle norske kommunar, og for at alle bibliotektenestene skal vere gratis. Målet er å gjere biblioteka til oppdaterte møteplassar for kultur, kunnskap og informasjon for heile folket. SV ser bibliotekbussar og –båtar som eit viktig supplement til biblioteket.

SV vil styrkje høvet musea har til å fungere som arena for kulturopplevingar, kunnskapsformidling og nyorientering. Eit nasjonalt nettverk av levande museum og samlingar er nødvendig for å realisere den kulturelle skulesekken. Den kulturelle spaserstokken skal sørge for at eldre over heile landet får eit profesjonelt kulturtilbod på arenaer der dei eldre vanlegvis ferdast. Dette tilbodet må gjelde alle kommunar. Kyrkja er ein viktig kulturberar. SV vil arbeide for at alle kyrkjebygg blir tekne vare på, og leggje til rette for at kyrkja kan vere eit ope kulturrom.

→ *For meir om kyrkja sjå 12.3 «Å fornye demokratiet»*

Kulturpolitikken må på ein betre måte spegle at Noreg er eit fleirkulturelt samfunn. Offentlege kulturinstitusjonar, arkiv, bibliotek og museum skal ha tilbod som speglar den fleirkulturelle røyndommen. SV vil skape møteplassar mellom majoritets- og minoritetskulturar, og auke stønaden til aktørar på det fleirkulturelle feltet. Vi ynskjer å betre rekrutteringa av kunstnarar med minoritetsbakgrunn, mellom anna til dei nasjonale kulturinstitusjonane, og er positive til kvoteringsordningar for å nå dette målet.

SV vil styrkje samisk kultur ved å gje Sametinget betre vilkår for å drive ein aktiv kulturpolitikk, og ved å støtte tiltak og institusjonar som formidlar samisk kultur.

→ *For meir om minoritetskultur og samisk kultur sjå kapittel 10 «Likestilling og likeverd»*

8.3 Meir og betre kunst - betre livskår for kunstnarar

Utan kunstnarar blir det ingen kunst. SV vil gjere det mogeleg for fleire kunstnarar å leve av det kunstnarlege arbeidet, både gjennom ei generell styrking av kulturbudsjettet og gjennom målretta tiltak som offentlege innkjøp og utsmykkingar, stipend og andre støtteordningar. I tråd med resultatane frå livskårsgranskinga

bør stipend som gjer det mogleg for kunstnarar å konsentrere seg om det kunstnarlege arbeidet, gjevast. Garantiinntekta må førast vidare.

SV vil arbeide for auka likestilling i kulturlivet. Kulturlivet må ta likestillingsutfordringane alvorleg, og sørge for at kvinner får same høve som menn til å utvikle seg som kunstnarar. Livskårsgranskinga syner at lønsskilnader mellom mannlege og kvinnelege kunstnarar er større enn lønsskilnadene i resten av arbeidslivet, sjølv om likeløn er eit mål i kulturlivet òg. SV meiner at kjønnskvotering kan vere eit verkemiddel for auka likestilling i kulturlivet. Likestillingsarbeidet må òg kjempe imot etnisk diskriminering og aldersdiskriminering i kulturlivet.

SV vil styrkje musikklivet – folkemusikk, klassisk musikk og rytmisk musikk. Etter eit viktig lyft for festivalane meiner SV fokuset i større grad bør rettast mot heilårsarrangørane og den daglege drifta deira. SV meiner at den nye, samordna tilskotsstrukturen til rytmisk musikk vil vere ein styrke for feltet, men vil foreslå at dei fire hovudtilskotsordningane blir supplerte med eit «mikrofond» der mindre arrangørar kan søkje om midlar. Mikrofondet bør administrerast av musikkorganisasjonane etter modell frå Frifond-ordninga. SV meiner innkjøpsordninga for norske fonogram bør utvidast.

Digitalisering av åndsverk er viktig for å sikre tilgang til verka og for å ta vare på dei for ettertida. SV vil auke løyvingane til digitalisering av åndsverk på kulturfeltet. SV vil greie ut om ikkje-kommersiell fildeling av musikk gjord av privatpersonar, kan gjerast lovleg i kombinasjon med ei lisensavgiftsløysing for betaling til dei som har opphavsrettane. På sikt bør andre medietypar òg utgreiast. Slik fildeling må likevel ikkje skje i strid med åndsverkslova.

Filmpolitikken skal ha som mål å sikre eit mangfald av filmuttrykk med høg kunstnarleg kvalitet. Auka produksjonsstøtte må til for å nå måla sette i filmmeldinga. Støtta bør dreiest mot sterkare premiering av kunstnarleg dristige prosjekt framfor berre prosjekt med stort marknadspotensial. Den gode satsinga på spelefilm må vidareførast til dokumentarfilm, animasjonsfilm, videokunst og kortfilm. SV vil gå inn for ei tydeleg regionalisering av filmpolitikken.

Scenekunstpolitikken omfattar både viktige, berande institusjonar og den stadige sterkare frie, profesjonelle scenekunsten. SV vil i perioden spesielt prioritere å gje frie grupper auka støtte og meir føreseielege rammer, og at regionteatra turnerer i alle fylke.

SV vil arbeide for ein heilskapleg offentleg politikk for dansekunst som rommar heile sjangerbreidda innafor dans. SV vil leggje til rette for meir mangfald i biletkunst og kunsthåndverk, og ynskjer ein sterkare innsats for kunst, arkitektur og design i det offentlege rommet. SV vil arbeide for at biletkunstnarar blir sikra langt betre vilkår enn i dag gjennom stipendordningar, tilgang på atelier- og utstillingsplass og offentlege oppdrag. Utstillingsvederlaget bør utvidast slik at det i større grad dekkjer dei faktiske utgiftene kunstnaren har.

Arkitektur og design er viktige kulturuttrykk som har mykje å seie sosialt. SV vil arbeide for at god arkitektur og design spelar ei større rolle i utforminga av det felles fysiske miljøet vårt. Ikkje minst gjeld dette utviklinga av berekraftige og universelt utforma løysingar, og i å ta vare på kulturminne.

Kunst- og kulturytringar følgjer ikkje nasjonale grenser. Stadig fleire får kunstutdanninga si i utlandet, og nokre kunstnarar frå utlandet kjem òg til Noreg. Kunstnarane brukar dei internasjonale nettverka sine i produksjon og gjennomføring av prosjekt, og publikum får auka tilgang til kunst og ytringar frå heile verda. Snevre nasjonale føresegner hindrar ofte tilskotsgjevarar i Noreg i å støtte

utstillingar eller prosjekt med ein internasjonal dimensjon. SV vil difor utvide mandatet til løyvande styresmakter slik at det er råd å integrere ein internasjonal dimensjon og tilpasse tilskotsordningane ein ny røyndom. Noreg har eit stort potensial for kulturbasert næringsutvikling. SV vil arbeide for ei sterkare satsing på næringer baserte på kultur og opplevingar.

8.4 Språkpolitikk

Å meistre språk og tekst, skriftleg og munnleg, blir stadig viktigare i arbeidslivet og demokratiet. SV vil styrkje norsk språk og litteratur mellom anna gjennom å halde oppe fastprissystemet på bøker og ved å utvide talet på titlar i innkjøpsordninga for sakprosa til 150 titlar per år. Innkjøpsordningane må utviklast vidare slik at dei er med på å gjere folkebiblioteka attraktive. Tilskotsordninga til norskspråklege lærebøker for høgare utdanning må utvidast kraftig.

Likestilling mellom målformene nynorsk og bokmål er eit viktig prinsipp som må gjelde for alle område i det moderne medie- og teknologisamfunnet vårt. SV vil arbeide for fleire nynorsk-bøker for førskuleborn og fleire gode norske dataspel for born med norsk språk og innhald. SV vil styrkje nynorskopplæringa både som hovud- og sidemål. Læremiddel, både bøker og dataprogram, skal finnast på begge målformer. Forlaga må straffast dersom nynorske læremiddel kjem seinare enn bokmålsversjonen. Nynorskspråklege studentar skal ha rett til å få eksamensoppgåver på nynorsk på alle utdanningsinstitusjonar. For å sikre sosial og kulturell integrering av minoritetsspråklege i nynorskområde må det utviklast fleire og betre læremiddel på nynorsk for dei.

Eit særleg viktig tiltak for vidare styrking av nynorsk er eit allment leksikon på nynorsk på internett. SV vil òg, som mållova seier, styrkje stillinga til nynorsken i det offentlege. SV sluttar opp om arbeidet med ein norsk språkbank.

SV vil arbeide for at dei samiske skriftspråka blir sikra ei levedyktig utvikling. Minoritetsspråka i Noreg må òg få høgare status i det offentlege rommet.

→ *For mediepolitikken sjå 12.4 «Den demokratiske samtalen»*

8.5 Kulturvern

SV vil i komande periode satse sterkt på kulturminnevernet i tråd med dei nasjonale måla som blei lanserte i Kulturminnemeldinga. Tilskotsmidlane til Riksantikvaren må aukast. SV ynskjer ei dreing i kulturvernpolitikken slik at han i større grad fangar opp og tek vare på eit breitt samfunnshistorisk bilete, uavhengig av eigarform. Eit godt kulturvern er avhengig av breitt folkeleg engasjement. SV vil difor satse på gode informasjons- og formidlingstiltak, særleg mot dei yngre. SV vil òg styrkje Norsk kulturminnefond slik at fondskapitalen kjem opp i ein storleik på 2,1 milliardar kroner i stortingsperioden. Kommunane må kome sterkare med i kulturminnearbeidet. For å få til dette er vi avhengige av at fleire kommunar får kommunedelplanar for kulturminne og kulturmiljø. Det er òg viktig å få til eit regelverk som i sterkare grad gjev kulturminne-styresmaktene høve til å gripe inn mot «spekulativt forfall».

→ *For kulturlandskapsvern sjå 2.5 «Naturmangfaldet»*

8.6 Forvaltning av kunst- og kulturpolitikken

Forvaltninga av kunst- og kulturpolitikken skal byggje på fagkompetanse og prinsippet om «armlengdsavstand». Dette inneber at Stortinget og departementet/regjeringa fastset rammene og dei politiske prioriteringane, men ikkje tek detaljerte avgjerder som undergrev kunst- og kulturfaglege vurderingar i ulike tilskotsorgan. Difor må Norsk kulturråd styrkjast som kunst- og kulturfagleg organ for forsøk og nyskapande utviklingsarbeid. Samansetjinga og oppnemninga av rådet må framleis sikre

nødvendig breidde og handlefridom. Prinsippet om at statleg finansierte institusjonar ikkje skal kunne ta imot statlege prosjektmidlar, må mjukast opp for mellom anna å stimulere til auka samarbeid og nyskapande prosjekt.

8.7 Friviljugpolitikk

Ein føresetnad for eit levande og fungerande demokrati er ein sterk friviljug sektor. Noreg har ein stolt tradisjon med eit allsidig organisasjonsliv som har drive fram ei demokratisk og sosial utvikling. Ved å organisere seg i friviljuge organisasjonar har kvar og ein av oss større høve til å få brukt engasjementet vårt, påverke avgjerder og til å skape noko saman. SV vil styrkje verksemdene til friviljuge organisasjonar både økonomisk og gjennom delegering av makt. Vi vil arbeide for at dei friviljugpolitiske måla som er nedfelte i stortingsmeldinga «Frivillighet for alle», skal realiserast.

8.8 Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv gjev positive opplevingar, auka livsutfalding og ein viktig helsevinst både for den einskilde og for samfunnet. SV meiner det er eit offentleg ansvar å leggje til rette for at høva til å drive idrett og friluftsliv blir så gode som råd. SV arbeider for at idretten skal fremje verdiar som likeverd, toleranse, solidaritet og demokrati. Det friviljuge arbeidet i idrett og friluftsliv representerer ein monaleg dugnadsverdi. SV vil arbeide for at det viktige arbeidet idrettslaga og friluftslivorganisasjonane gjer, blir styrkt og vidareutvikla. I samarbeid med skular, barnehagar og SFO, fritidsklubbar, helse- og omsorgsinstitusjonar, arbeidsplassar, NAV-kontor eller asyl- og flyktningmottak kan friluftslivet og idretten føre til betre folkehelse, førebygging og inkludering. SV vil leggje til rette for at dette samarbeidet blir styrkt, og sikre at idretten og friluftslivorganisasjonane får økonomisk kompensasjon for dette arbeidet.

God breiddeidrett og god toppidrett er avhengig av kvarandre. SV vil leggje til rette for at både breidde- og mosjonsidrett, konkurranse- og eliteidrett får utvikle seg på eigne vilkår og på ulike premisser og ulikt ambisjonsnivå for utøvarane. SV vil halde oppe landslinene for idrett. Grunnlaget for eit etisk, dopingfritt og fagleg kvalifisert toppidrettsmiljø må sikrast.

SV arbeider for ei langsiktig og stabil finansiering av norsk idrett. Han må sikrast gode offentlege idrettsanlegg i heile landet, som er opne for brukarane gjennom ordinær idrettslagsverksemd. Konkurransen frå private treningsinstitutt og annan kommersiell idrettsverksemd må møtast med offentlege, ikkje-kommersielle tilbod som er opne for alle. Det er i dag eit stort etterslep på utbygging og vedlikehald av norske idrettsanlegg. SV meiner det må gjevast statlege tilleggsøyvingar til nasjonale anlegg og symjeanlegg for å redusere dette etterslepet.

SV vil setje fokus på leiarutvikling og gode sosiale miljø i klubbane, og arbeide for auka breidde i rekrutteringsarbeidet. Ikkje minst er det viktig at idrettsmiljøa speglar det fleirkulturelle samfunnet, sidan idretten er ein av dei viktigaste arenaene for integrering. Terskelen for å drive med idrettsaktivitetar bør vere så låg som råd. SV arbeider for å styrkje det uorganiserte tilbodet gjennom mellom anna opne fleirbrukshallar, balløkker, isbaner og liknande.

Norsk idrett har gjort ein imponerende innsats for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i aktivitetane sine. SV vil arbeide for at dette inkluderingsarbeidet blir styrkt endå meir. Alle nye eller renoverte anlegg må leggjast til rette for brukarar med nedsett funksjonsevne. Det må gjevast støtte til lag og foreiningar som arbeider aktivt overfor denne brukargruppa. Samarbeidet med behandlingssinstitusjonane må styrkjast.

→ *Sjå òg 4.2 «Universell utforming og tilgang»*

Allemannsretten gjev alle rett til omsynsfull ferdsel i norsk natur. SV vil hegne om og styrkje denne retten i tråd med samfunnsutviklinga. Vi arbeider for ein revisjon av friluftslova som mellom anna gjer fri ferdsel i strandsona til hovudregel, tek retten til sanking inn i lova og gjer at skogplantefelt blir rekna som utmark. SV vil arbeide for ei grunnlovsfesting av allemannsretten.

Plan- og bygningslova må brukast aktivt for å sikre naturområde for friluftsliv. Attraktive nærfriluftslivsområde til bustadområde, barnehagar og skular må vernast om. SV vil difor byggje ut nett av vegar og stiar for gåande og syklande som bind saman bustadområde med ulike aktivitetar. SV vil på same tid prioritere midlar til kjøp, tilrettelegging og drift av dei mest verdfulle friluftslivsområda. Særleg innsats må rettast mot grupper som utifrå kulturell bakgrunn, nedsett funksjonsevne og eller sosial bakgrunn i samfunnet ikkje har fullgode høve til friluftsliv.

Grøntområde i og rundt byar må takast vare på og utviklast slik at dei i størst mogleg grad kan brukast av innbyggjarane. SV meiner viktige bymarker skal vernast etter mønster for vern av Osloområdet.

→ *For meir om naturvern sjå 2.5 «Naturmangfaldet»*

Kapittel 9: Feminisme, kjønnskraft og motkraft

SV er eit feministisk parti. SV legg difor ei forståing av kjønnskraft til grunn for politikken. Det norske samfunnet er gjennomsyra av det ujamne makttilhøvet mellom menn og kvinner. Kvinner er underrepresenterte i maktposisjonar, kvinner eig mindre og tener mindre enn menn og lønsskilnadene aukar. Fordi makta mellom kvinner og menn er ulikt fordelt, vil tilsynelatande kjønnsnøytral politikk slå ulikt ut for menn og kvinner og forsterke skilnadene i makt, sjansar og ressursar. SV meiner det er nødvendig å ta i bruk radikale verkemiddel for å utfordre strukturane som opprettheld dei skeive makttilhøva mellom kjønna.

Framleis er kvinner klart underrepresenterte i folkevalde organ. SV vil difor gjere framlegg om kjønnskvotering på vallistene til partia.

SV vil òg arbeide for at spørsmål som vedkjem kvardagen til kvinner, får ein større plass i politikken. SV vil at offentlege budsjett skal kjønnsstestast for å sikre at dei likestillingspolitiske måla blir nådde.

9.1 Eit likestilt arbeidsliv

Eit likestilt arbeidsliv er ein føresetnad for kvinnefrigjerung. I dag blir kvinner diskriminerte i arbeidslivet, ikkje minst fordi kvinne-dominerte yrke har gjennomgåande lågare løn enn manns-dominerte yrke ein kan jamføre med. SV krev at arbeid av lik verdi blir lønt likt. SV vil difor foreslå utvida rammer for lønsoppgeret i offentleg sektor, ein likelønspott, for å nå dette målet. SV vil likestille skift og turnus som kan samanliknast. SV vil òg arbeide for jamnare rekruttering for å viske ut skiljet mellom manns- og kvinne-dominerte yrke.

Lønsskilnadene mellom kvinner og menn har òg samanheng med at langt fleire kvinner arbeider deltid. SV vil lovfeste rett til heiltid. Det er ein menneskerett å ha eit arbeid ein kan leve av.

→ *Sjå òg 5.5 «Likeløn»*

SV støttar kvotering som verkemiddel i yrke og utdanningar der eitt kjønn er kraftig underrepresentert. SV vil òg arbeide for at fleire kvinnelege leiarar blir tilsette. SV vil arbeide for å erstatte tittelen «offentleg tenestemann» som vi brukar i dag, med «offentleg tenesteytar».

Arbeidslivet må endrast slik at det blir lettare både for kvinner og menn å sameine yrkesarbeid og barneomsorg. Samtidig må omsorg for born fordelast likare mellom fedrar og mødrer. Dette vil endre aksepten samfunnet og ikkje minst arbeidsgivarar har for kvinnelege og mannlege arbeidstakarar med små born. SV vil utvide foreldrepermisjonen til 52 veker med full lønskompensasjon. Ni veker skal vere til mor som i dag. Av permisjonstida elles skal ein tredel vere til mor og ein tredel til far. SV vil arbeide for at far tener opp sjølvstendige permisjonsrettar og for at foreldre skal ha like rettar. SV vil at far skal ha lovfesta rett til løn i samband med fødsel. SV vil auke eingongsstønaden.

Kvinner har rett til ikkje å bli diskriminerte på grunn av kjønn. Dette må òg gjelde for religiøse trussamfunn. Trussamfunn som nyttar høve til å gjere unntak i likestillingslova og diskriminerer i tilsetjingar, misser retten til statstilskot.

Ordninga med kontantstøtte har ført til at fleire kvinner er heimeverande, arbeider deltid eller brukar dagpassar. I tillegg fører kontantstøtta til at somme born som kunne ha særleg nytte av å gå i barnehage, blir haldne heime. SV ynskjer difor å avvikle kontantstøtta.

9.2 Helse og rett til reproduksjon

Kvinner skal ha rett til å ta val som gjeld eigen kropp. Kampen for sjølvvald abort har difor vore heilt sentral i kampen for kvinnefrigjerung i Noreg. SV vil arbeide for at rett til sjølvvald abort blir utvida til å gjelde mellom 12. og 16. svangerskapsveke òg, slik at nemndene ikkje lenger kan ta avgjerder om kroppen til kvinner i denne perioden.

SV ynskjer å avvikle abortregistret.

SV vil styrkje arbeidet mot graviditet som ikkje er ynskt, og sjukdommar som blir overførte seksuelt. Alle typar prevensjon, angrepillar medrekna, bør gjerast lett å nå, mellom anna gjennom gratis utdeling til ungdom. Rolla som skular og skulehelsetenesta har for å førebyggje uynskt graviditet og fremje sikker seksuell åtferd, må styrkjast.

Bruken av assistert sædoverføring har auka i omfang i norsk helsevesen dei siste åra. SV vil sikre lik rett til assistert sædoverføring for alle som treng medisinsk hjelp for å får born, single medrekna.

Det må bli lettare og rimelegare å adoptere.

Framleis blir det forska for lite på tradisjonelle kvinnesjukdommar og på korleis kvinner blir råka av sjukdom. I tillegg blir sjukdommar og skadar som kvinner får i arbeidslivet, sjeldan definerte som yrkesskadar. Kvinner blir difor fråtekne viktige trygderettar. SV vil difor gjere framlegg om eigne løyvingar som er øymerkte forsking på typiske kvinnesjukdommar. I tillegg må lista over godkjende yrkessjukdommar utvidast slik at skadane kvinner får i arbeidslivet, òg blir rekna med.

Venleiksidealet i reklamen skapar eit venleikspress som råkar born og unge. Dette presset blir utnytta av slanke- og venleiksindustrien og er eit stadig aukande samfunnsproblem. SV vil arbeide for å redusere dette presset, mellom anna ved å redusere reklamen i det offentlege rommet og tilrå merking av retusjerte bilete. Barnehagar og skular skal vere reklamefrie soner.

For å stoppe kvinne-diskriminering vil SV arbeide for ei strengare og meir konsekvent handheving av marknadsføringsreglane, og gjere framlegg om å endre marknadsføringslova slik at det blir lettare å stoppe kvinne-diskriminerande reklame. I tillegg vil SV ha eit generelt forbod mot marknadsføring av kosmetisk kirurgi og slankemiddel. Aldersgrensa for kosmetiske operasjonar bør hevast til 20 år.

Eteforstyrningar er eit aukande problem for ungdom. SV vil arbeide for at det blir oppretta gode behandlingstilbod i alle delar av landet, og at helsestasjonane utviklar tilbod til ungdom, mellom anna gjennom førebyggjande arbeid i ungdomsmiljøa. I tillegg vil SV støtte foreiningar som arbeider med eteforstyrningar.

9.3 Menns vald mot kvinner

Vald mot kvinner er eit alvorleg samfunnsproblem. SV vil styrkje det førebyggjande arbeidet mot vald og seksuelle overgrep, og arbeide for at fleire overgrep blir melde til politiet og etterforska på ein forsvarleg måte. SV vil sikre nok tilsette og god kompetanse ved krisesentra. SV vil òg arbeide for at ordninga med jentevakt for kvinner mellom 12 og 25 blir eit tilbod som kan nåast over heile landet.

Mange kvinner er på flukt frå valdelege menn. Desse kvinnene lever ufritt på same tid som mannen går fri. SV har difor gjort framlegg om ei endring med såkalla omvendt valdsalarm. Dette gjeld i første omgang kontaktforbod. SV vil vurdere å utvide ordninga til å gjelde besøksforbod òg. SV vil gå inn for at kvar kommune skal utarbeide ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar. SV vil òg betre skuleringa av alle aktuelle, offentlege tilsette slik at dei lettare kan avsløre vald i nære relasjonar.

SV vil halde oppe valdsmottak knytte til akuttmottaket på sjukehusa, betre tryggingssalarntenesta for valdsutsette kvinner og auke støtta til behandling av overgripingar og valdsutøvarar. Alternativ til vald må bli eit reelt landsomfattande tilbod for valdsutøvande menn. SV meiner at både krisesentra og støttesentra mot incest skal vere fullfinansierte av staten gjennom øymerkte tilskot. Krisesentra må i framtida òg vere for kvinner og eventuelle born dei har. Hjelpetilbod for valdsutsette menn må opprettast separat.

Ein reknar med at berre éi av tolv valdtekte blir melde til politiet, og mindre enn kvar tiande valdtektsmelding endar med dom. Valdtekt er dermed eit lovbrøt med låg risiko for å bli straffa, og der rettstryggleiken til kvinner er alvorleg svekt. Valdtekte kvinner må få den hjelpa dei treng. Retten til bistandsadvokat er innført, men oppfølginga av offeret i etterkant av overgrepet bør styrkjast vesentleg. SV vil gjere framlegg om eigne kompetansehevingstiltak for politijuristar, statsadvokatar og dommarar. I tillegg må legevakt og akuttmottak ha kompetanse og utstyr til å sikre prov.

→ *Sjå òg 4.3 «Kriminalpolitikk»*

Seksuell trakassering må sjåast på som eit kollektivt, strukturelt og kulturelt problem, og ikkje som eit individuelt problem eller som eit resultat av den avvikande åtferda til somme menn. Granskingar syner at seksuell trakassering er eit utbreidd problem både i skulen og på arbeidsplassen. SV vil arbeide for ei offensiv satsing mot seksuell trakassering med auka løyvingar til forsking, kartlegging og konkrete prosjekt. I tillegg vil vi auke støtta til organisasjonar som arbeider mot seksuell trakassering. Som eit ledd i denne satsinga vil SV gjere framlegg om å etablere eit kompetansesenter for seksuell trakassering.

Vald i nære relasjonar omfattar ikkje berre vald frå partnar til tidlegare partnar, men òg vald frå andre familiemedlemmer, til dømes giftepress og tvangsekteskap og vald på grunn av seksuell orientering. Dei offentlege handlingsplanane mot vald i nære relasjonar må spegle dette. Vald og tvangsekteskap som er knytt til ære, må gå inn i ein heilskapleg offentleg innsats mot vald i nære relasjonar.

→ *For meir om kamp mot seksuell trakassering i skulen sjå 6.2.6 «Felleskula – lik rett til utdanning»*

9.4 Porno, prostitusjon og menneskehandel

Porno- og prostitusjonsmarknaden er basert på krenking og utnytting av menneske, og er ein marknad med enorm lønsemd for kapitalkreftene som står bak. Poli- og påtalemakta må aktivt handheve lovverket som forbyr kjøp av seksuelle tenester, hallik- og bordellverksemd. SV vil fremje hjelpetiltak som gjev kvinner høve til å kome seg ut av prostitusjon, og mellom anna etablere eit støttesenter forprostituerte og eks-prostituerte. Gode hjelpetiltak i kriminalomsorga og på asylmottak for kvinner i prostitusjon må òg etablerast. SV vil òg styrkje det haldningsskapande arbeidet mot kjøp av sex med fokus på skadeverknader av prostitusjon. SV vil skjerpe pornolovgevinga.

SV meiner det internasjonale arbeidet mot trafficking må styrkjast. Auka press må leggjast på land som tillèt menneskehandel. Statens eigarskap må nyttast aktivt for å etablere etiske reglar mot kjøp av seksuelle tenester for tilsette i verksemdar der staten er eigar eller deleigar, slik staten har gjort for eigne tilsette. Dei etiske retningslinene i Statens pensjonsfond utland må klargjerast for å sikre at verksemdar staten investerer i, tek aktive grep for å hindre at verksemda medverkar til handel med kvinner og born. Vi vil arbeide for at Noreg legg press på medlemslanda i FN for å innføre «codes of conduct» for FN-soldatar, slik at handel med kvinner og born blir slege ned på. SV vil innføre nulltoleranse for kjøp av seksuelle tenester òg for kommunetilsette, og arbeide for at private verksemdar gjer det same. Høvet for asyl for traffickingoffer må

gjerast lettare. Tryggleiken og rettsvernet til traffickingoffer må sikrast.

9.5 Rettane til minoritetskvinner

Kvinner med minoritetsbakgrunn opplever ofte dobbel diskriminering. Både på grunn av hudfarge, etnisk bakgrunn, religion og kultur – og fordi dei er kvinner. SV arbeider for at kvinner med minoritetsbakgrunn blir fullt ut likestilte i samfunnet. Det inneber at kvinnene blir økonomisk uavhengige, får fullt høve til å ta del i samfunnslivet og får makt over eigen kropp og seksualitet. SV vil arbeide for at minoritetskvinner blir høyrde i saker som vedkjem dei.

Mange kvinner med minoritetsbakgrunn har store vanskar med å få arbeid. På same tid er arbeid nøkkelen til å bli økonomisk uavhengig i større grad, betre språkforståing og sterkare sosiale nettverk. SV vil arbeide for betre arbeidsmarknadstiltak retta mot kvinner med minoritetsbakgrunn, og vil styrkje tiltak som gjev minoritetskvinner lågterskeltillbod utanfor heimen.

Kjønnslemlesting er eit svært grovt og ulovleg overgrep. SV vil styrkje arbeidet mot kjønnslemlesting gjennom informasjonstiltak, ei styrkt skulehelseteneste, auka kompetanse i skular og barnehagar og eit betre hjelpetilbod for dei som fryktar eller har blitt utsett for overgrep. SV vil fremje påbod om offentleg påtale ved kjønnslemlesting.

9.6 Lesbisk og homofil frigjering

SV vil kjempe imot all diskriminering, vald og trakassering på grunnlag av seksuell orientering og kjønnsuttrykk. Unntak i lovverket må fjernast, som reservasjonsretten for assistert sædoverføring av lesbiske og avgrensingar i høve til kyrkjeleg vigsl.

SV meiner samfunnet må setje inn langt større ressursar for at born og unge kan få vekse opp i fordomsfrie miljø der ingen kjenner seg truga, latterleggjorde eller usynleggjorde på grunn av seksuell orientering. Innhaldet i skulen må i større grad spegle mangfaldet i samfunnet, mellom anna gjennom samlivs- og seksualundervisninga. Samarbeidet mellom skulen og helsestasjonane må styrkjast. Kompetansen og tilgangen på informasjon knytt til seksuell orientering og kjønnsuttrykk må bli betre.

Helsevesenet må styrkje kompetansen på seksuell orientering og kjønnsuttrykk, slik at homofile og lesbiske lettare kan vere opne i møtet med helsevesenet. Denne kompetansen må òg styrkjast i profesjonsutdanningane i velferdsstaten elles.

Helse- og omsorgsinstitusjonar (som pleie- og sjukeheimar) må ikkje vere heteronormative, men møte alle som bur der, med same respekt og omsorg. Transpersonar må sikrast høve til behandling.

SV vil avdekkje og få slutt på diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i arbeidslivet. Det må gjennomførast meir inngåande forskning for å forstå mekanismane bak slik diskriminering og for å få kartlagt omfanget. SV vil arbeide for at målretta og relevante tiltak blir sette i gang i arbeidslivet.

SV vil arbeide for større aksept for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i etniske minoritetsmiljø og religiøse miljø, mellom anna gjennom haldningsskapande arbeid. Kampen mot tvangsekteskap må òg omfatte lesbiske og homofile som blir tvinga inn i heterofile ekteskap.

SV meiner at Noreg må vere ein pådrivar i det internasjonale arbeidet for å sikre rettane og betre livsvilkåra for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar.

Kapittel 10: Likestilling og likeverd

Noreg er eit fleirkulturelt samfunn. SV vil innføre inkluderingspolitikk med særleg fokus på å sikre alle menneske i Noreg arbeid, utdanning og deltaking i samfunnslivet. SV arbeider for eit inkluderande samfunn der alle blir vurderte som einskildindivid, trass i tru, etnisitet eller kulturell bakgrunn.

→ *For asyl- og flyktningpolitikken sjå 11.13 «Eit meir solidarisk Noreg»*

→ *For arbeidsinnvandring sjå kapittel 5 «Eit rettvisst og inkluderande arbeidsliv»*

10.1 Inkludering frå dag éin

SV arbeider for at alle som kjem til Noreg, så raskt som råd skal inkluderast i samfunnet. Målet med integreringspolitikken er at alle innbyggjarar skal sikrast like rettar, plikter og sjansar i samfunnet.

Ein sterk velferdsstat medverkar til god integrering. Barnehageplass til alle, ein god offentleg fellesskule, trygge helse- og omsorgstilbod, ein sosial bustadpolitikk og eit mangfaldig kulturtilbod er viktige integreringstiltak. SV arbeider for at dei offentlege institusjonane legg betre til rette for personar med etnisk minoritetsbakgrunn, mellom anna gjennom språk- og informasjonstiltak, ein breiare tilsetjingspolitikk og tilbod som er meir tilrettelagde. Det offentlege må òg auke den fleirkulturelle kompetansen.

SV vil innføre aktivitets- og rapporteringsplikt mot etnisk diskriminering i arbeidslivet.

→ *Sjå òg 5.2 «Full sysselsetjing»*

SV vil innføre kvotering av minoritetspråklege arbeidssøklarar ved tilsetjingar i offentleg sektor, og vil påleggje all offentleg verksemd å ha rekrutteringsplanar for personar med minoritetsbakgrunn. Det må gjerast lettare å få godkjent utdanning og relevant arbeidserfaring frå utlandet. Ordningar for å gje relevant arbeid for minoritetspersonar med høgare utdanning må etablerast. SV støttar ikkje skjult identitet ved jobbsøknader. Haldningsendringar, pålagt aktivitetsplikt og positiv diskriminering for å rette opp det som er skeivt i arbeidsmarknaden, er vegen å gå framfor anonyme jobbsøknader.

SV vil arbeide for betre oppfølging frå introduksjonsprogramma i overgang til arbeidsmarknaden. Det må leggjast betre til rette for språkopplæring på arbeidsplassen, og innsatsen for vaksenopplæring og etter- og vidareutdanning for personar med minoritetsbakgrunn må styrkjast. Problemet med diskriminering på arbeidsmarknaden blir forsterka når arbeidsløysa er høg. Kampen for full sysselsetjing er difor ein viktig del av kampen for eit rettvisst, fleirkulturelt samfunn. Personar som er i Noreg utan varig opphaldsløyve, bør òg gjevast høve til arbeid eller utdanning.

Situasjonen for flyktningar og asylsøklarar på mottak må forbetrast. Målet må vere at tida på mottaket i størst mogleg grad er eit første steg på vegen mot vellukka integrering. Tilbod om norskopplæring, psykiatrisk hjelp og ulike velferdstilbod må gjevast, barnehage òg. Introduksjonsprogramma bør tilbydast alle som kjem til å bu i Noreg, ikkje berre flyktningar som i dag. Alle kommunar med asylmottak bør ha lokale integreringsprogram for å få flyktningar i utdanning eller arbeid så raskt som råd. Staten må yte midlar til dette arbeidet. SV meiner at ein minimumsstandard for mottaksdrift må etablerast, og vil betre tilsynet med mottaka. Kvinner i asylmottak må sikrast ein trygg kvardag og vern mot vald. SV vil avvike anbudsordninga og arbeide for ein overgang til statleg eller ideell, ikkje-kommersiell mottaksdrift.

Lova bør endrast slik at kommunane har plikt til å busette personar som har fått opphald i Noreg, og at busetting innan eit visst tidsrom etter at opphald er gjeve, skal vere ein rett.

Born busette i Noreg har rett til opplæring. Det er forbode å ta frå born denne retten, til dømes ved å ta born ut av skulen utan godkjenning frå skuleleiinga. SV vil styrkje arbeidet for å sikre alle born ei fullverdig utdanning.

Somme born og ungdommar med minoritetsbakgrunn har problem på skulen, mellom anna fordi dei ikkje kan norsk godt nok. SV vil arbeide for at språkkompetansen blir auka gjennom tilrettelagd norskopplæring og morsmålsopplæring. Barnehagen er ein viktig arena for å lære norsk. SV vil innføre gratis kjernetid på alle alderssteg i barnehagen i område der konsentrasjonen av språklege minoritetar er høg.

→ *For meir om inkludering i skulen sjå 6.2.6 «Fellesskulen – lik rett til utdanning»*

SV vil motarbeide diskriminering på bustadmarknaden gjennom ei streng handheving av antidiskrimineringslovverket, informasjons- og haldningsarbeid og ein sterkare statleg bustadpolitikk.

I ei stadig meir global røynd er det meir og meir vanleg å ha to heimland. SV vil innføre høvet til dobbelt statsborgarskap. SV vil gå gjennom visumreglane for å lette besøk av familie, eller av kunstnarar og vitskapsfolk på besøk. Alle som blir fødde i Noreg, skal ha krav på statsborgarskap.

Arbeidet for å kjempe imot tvangsekteskap må trappast opp. Alle har rett til fritt å velje kven dei vil gifte seg med. Kampen mot tvangsekteskap må først gjennom eit breitt haldningsskapande arbeid i samarbeid med skule, helsestasjonar, familievernkontor og andre instansar. Kompetansen på feltet må hevast og hjelpetilbodet til offer for tvangsekteskap må styrkjast. Familiesamanføring bør gjevast utan noko tilleggskrav i form av butid, arbeid, økonomi eller liknande. SV vil arbeide for at alle typar opphaldsløyve skal gje rett til familiesamanføring.

→ *For meir om mangfald i kulturlivet og integrering i idretten sjå kapittel 8 «Kultur og idrett»*

10.2 Kamp mot rasisme og diskriminering

Svært mange med minoritetsbakgrunn har opplevd rasisme eller diskriminering i arbeidslivet, på bustadmarknaden eller i nærmiljøet. SV vil styrkje antidiskrimineringslovverket og handhevinga av dette.

Trakassering, rasisme og vald retta mot etniske og religiøse minoritetar må motarbeidast aktivt, mellom anna ved at politiet nøye følgjer med i utviklinga i dei høgreekstreme miljøa. Det må arbeidast for å hindre rekruttering til nynazistiske miljø, og bruken av straffelova må skjerpast for å hindre diskriminering, trakassering og vald.

Ein føresetnad for vellukka inkludering i eit fleirkulturelt samfunn er tillit og respekt begge vegar. Det må difor vere rom for skilnader i levemåtar, religionar og kultur. Ulike klesdrakter og kleskodar kan vere viktige uttrykk for kulturell, sosial eller religiøs tilhøyrsl. SV er imot å forby klesdrakter eller kleskodar som uttrykkjer kvar ein høyrer heime kulturelt, sosialt eller religiøst. SV meiner det skal liggje svært tunge omsyn til grunn viss det blir sett grenser for retten til å bere slike.

SV vil arbeide for at norsk lovverk, føremålsparagrafen i skule og barnehage medrekna, betre skal spegle det fleirkulturelle samfunnet og trongen for toleranse og trusfridom.

10.3 Samar og nasjonale minoritetar

Føreseger i konvensjonen til Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) om rettane til urfolk og FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar er folkerettsleg bindande og gjev, saman med FN-erklæringa om urfolk, det samiske folket eit reelt utgangspunkt for å forme samfunnet sitt. SV vil difor arbeide for at det blir teke ein gjennomgang av lovverket med sikte på å regulere dei samfunnsområda som ILO-konvensjon nr 169 handlar om.

Samane har, utifrå internasjonale konvensjonar og erklæringar og godkjenning frå staten, kollektiv rett til land og vatn. Denne retten må utøvast i samarbeid med folket elles som høyrer heime i dei same områda. SV vil arbeide for at samane blir sikra styring over og blir høyrde i avgjerder som vedkjem samiske næringar i dei tradisjonelle samiske busetnadsområda.

SV vil arbeide for å styrkje og utvikle Finnmarkseigedommen i si eksisterande form.

Reindrifta er ein viktig berar av samisk kultur og ei viktig samisk næring. SV vil arbeide for at reindrifta blir sikra rett til beiteområde og at desse må vernast mot inngrep, samtidig som bruken av naturen i beiteområda må skje på ein måte som hindrar overbeite og varige skadar på naturen. Tolegrensa for talet på dyr på Finnmarksvidda skal kartleggjast i perioden.

Vern og vidareutvikling av samisk kultur er med på å fremje samiske rettar og likeverd, og til eit verdfullt kulturelt og sosialt mangfald i Noreg. SV vil arbeide for å styrkje samisk kultur ved å medverke til at Sametinget får høve til å drive ein aktiv kulturpolitikk i samiske område, og ved å støtte landsomfattande tiltak og institusjonar som formidlar samisk kunst og kultur. Det er særleg viktig å sikre samisk kultur og språk utanom dei samiske kjerneområda i Finnmark òg. SV vil arbeide for at sørsamane og lulesamane kan trygge og vidareutvikle kulturtradisjonane sine.

SV vil arbeide for å styrkje rolla til Sametinget som folkevalt forsamling for den delen av det samiske folket som er busette i Noreg. Sametinget og samiske organisasjonar må ha ei sentral rolle i samarbeidet med naboland som har eit samisk folk. SV vil difor foreslå samisk representasjon i nordiske og regionale samarbeidsorgan som Nordisk råd og Barentsrådet.

Fem folkegrupper fekk i 1999 status som nasjonale minoritetar: jødar, kvenar, rom, romani og skogfinnar – alle med langvarig tilhald i landet vårt og med ein sær eigen historie og kultur. SV meiner norske styresmakter må føre ein meir aktiv politikk for å sikre at dei nasjonale minoritetane får høve til å verne om og vidareutvikle eigen kultur og språk. Historia og situasjonen deira skal representerast i skulen og andre institusjonar som ber kulturarv. Born av romfolket må sikrast skulegang.

Kapittel 11: Fred og solidaritet

Visjonen til SV er ei rettvis verd der alle menneske får det dei har trong for i ein økologisk berekraftig modell, og der konflikthar blir tekne hand om på fredeleg vis. Dette krev ein kraftfull, global miljøpolitikk, eit sterkt FN og utjamning av dei enorme skilnadene i livskår som pregar verda i dag. Måla våre om fred og utvikling i verda er i dag meir enn noko anna avhengig av kampen mot global oppvarming og den globale rovdriфта kapitalismen fører med seg på menneske og miljø. Den internasjonale politikken til SV må difor sjåast i lys av politikken vår for å stoppe klimaendringane som er nærare skildra i miljødelen av dette programmet.

11.1 Ei betre organisert verd

Finanskrisa viser at SV har hatt rett i kritikken av det internasjonale økonomiske systemet. Internasjonal politikk og økonomi er prega av for lite regulering, for lite fokus på utvikling og for lite representasjon i eit system der aktørane ikkje blir stilte til ansvar for vala og handlingane sine.

SV arbeider for ein rettvis verdsorden der konflikthar blir løyste med fredelege middel, og der alle land blir gjevne høve til å velje sin eigen veg framover. Samtidig er det ein akutt trong for eit sterkt internasjonalt handlingsfellesskap, både på klimaområdet, i handtering av internasjonale humanitære katastrofar som til dømes i Kongo og i Palestina, og på andre område. Som småstat er Noreg avhengig av internasjonale spelereglar som hindrar vilkårleg bruk av makt, og vernar interessene til dei svakaste. Små statar er òg avhengige av at internasjonale organisasjonar som kan løyse globale oppgåver, finst.

Til grunn for den internasjonale politikken til SV ligg målet om å forsvare og vidareutvikle rettane for statar, folkegrupper og einskildmenneske slik det er nedfelt i FN-pakta, Genèvekonvensjonane og FN's menneskerettserklæring. Særleg for små land er det avgjerande at ikkje retten til den sterkaste får avløyse internasjonale rettsreglar baserte på statsuvereniteten. Når USA og andre stormakter krev rett til å gå til åtakskrig, såkalla «preventive krigar» eller «forkjøpskrigar», undergrev det desse reglane. SV forsvargar FN-pakta og folkerettsforbodet mot åtakskrig.

FN er den viktigaste organisasjonen i verda for samarbeid, konfliktförebygging, konfliktdeping og fredsbygging. SV støttar arbeidet med å gjere FN meir effektiv, slik at organisasjonen blir meir handlekraftig og ressursane blir betre utnytta. Ein føresetnad for at FN kan fungere er at medlemslanda oppfattar FN som demokratisk og konsekvent, og ikkje som eit verkty for stormaktene.

SV meiner at samansetjinga av tryggingrådet må endrast grunnleggjande, slik at det betre speglar folkesamansetjinga i verda. Målet må vere at vetoretten til dei fem stormaktene blir oppheva. I tillegg ynskjer SV å styrkje samvirket mellom tryggingrådet og generalforsamlinga, slik at ansvaret til generalforsamlinga kan utvidast.

Noreg må arbeide for at alle FN-medlemslanda oppfyller dei økonomiske bindingane. Samtidig bør FN gjerast mindre avhengig av medlemslanda ved å få tilgang til å ha og forvalte egne inntekter. Valutaskatt og skatt på internasjonal transport og våpenhandel er moglege inntektskjelder.

11.2 Demokrati og menneskerettar

Globaliseringa har svekt demokratiet i mange land fordi nasjonale, politiske styresmakter har fått svekt handlingsrommet sitt. På den andre sida har mange tidlegare autoritære statar innført demokratiske styreformar. I det siste har denne demokratiseringsprosessen stoppa opp, og nye autoritære tendensar har vist seg i mange land. Dette ser vi både i statar som utfordrar Vesten og USA-dominansen, og også innfor dei vestlege landa og samarbeidspartane deira under

dekkje av ein såkalla krig mot terror. Åtak på demokratiske rettgar kan ikkje akseptast, same kvar dei skjer. SV vil arbeide for at Noreg aukar støtta til uavhengige valobservatørar.

SV vil at Noreg skal arbeide aktivt for å styrkje dei faglege, sosiale og demokratiske rettane både i fattige og i rike land, og gje politisk og økonomisk støtte til fagrørslar, demokratirørslar og sosiale rørslar. Sterke, ubundne, folkelege organisasjonar i sivilsamfunnet er ein føresetnad for eit velfungerande demokrati. SV kan ikkje godta at frykt for terror blir brukt til å undergrave grunnleggjande rettgar. Staten, kommunar og fylkeskommunar må i innkjøpspolitikken sikre seg at varer er produserte på lovleg og etisk forsvarleg vis, og at produsenten ikkje bryt folkeretten eller internasjonale arbeids- og menneskerettskonvensjonar. Offentleg sektor skal ikkje investere i slike selskap. Det aktive arbeidet for desse rettane skal òg reflekterast i dei økonomiske avtalane Noreg går inn i. Alle framtidige og reforhandla økonomiske avtalar Noreg går inn i, skal innehalde klare klausular om faglege, sosiale og demokratiske rettgar.

SV vil motarbeide all bruk av dødsstraff og alle former for fysisk straff.

→ *Sjå òg kapittel 12 «Mykje meir demokrati»*

11.3 Meir rettvis fordeling

Den globale kapitalismen fører til at omkring tre milliardar menneske lever i djup fattigdom, dei fleste av dei i Sør-Asia og Afrika. Viktige føresetnader for å skape utvikling og kjempe imot svolt og fattigdom er ei meir rettvis fordeling av ressursar, grunnleggjande endringar i nasjonale og globale makttilhøve og økonomisk framgang innfor ei forsvarleg økonomisk ramme.

Fattigdommen i delar av verda er nært knytt til plassen dei fattige landa har i den globale fordelinga av makt og arbeid. Desse landa er utsette for monaleg grad av styring utanfrå, og manglar det politiske handlingsrommet som gjer vekst og betre fordeling mogleg. Eit urettvist handelssystem, stor gjeldsbyrde og ein liberalistisk, økonomisk politikk fremja av IMF, Verdsbanken og vestlege bistandsgivarar gjer handlingsrommet mindre. Interne problem som korrupsjon, mangel på folkeleg organisering og væpna konflikthar i mange land fører til det same. Mange av dei fattige i verda bur i ressursrike land med ein velståande, økonomisk elite som ikkje investerer kapitalen sin i det lokale næringslivet. I desse landa er ein annan fordelingspolitikk avgjerande for å kjempe imot fattigdom. Omfordeling er viktig både for å skape rettferd og for å tilføre kapital til lokal næringsutvikling.

Det langsiktige målet til SV er at IMF og Verdsbanken blir erstatta av demokratiske organisasjonar under FN-kontroll. Dagens institusjonar er udemokratiske fordi dei gjev nokre rike statar monaleg makt over andre land. Dei er dessutan ikkje opne, og viktige avgjerder blir tekne utan innsyn for ålmenta. Framleis er politikken deira altfor ofte prega av råd til gjeldstygde land om kutt i offentlege utgifter, privatisering og opning av marknader. SV vil difor gjere framlegg om ei omfattande reform av desse institusjonane. SV går inn for ei dreining av støtta frå Verdsbanken til FN-organisasjonane.

Det må bli slutt på at lån frå IMF og Verdsbanken blir kopla til krav om privatisering, kutt i offentlege tenester eller liberalisering av økonomien. Noreg må halde fram med å halde att bidrag når dette skjer. IMF og Verdsbanken må demokratiserast ved at dei fattige landa får ein større del av røystene i institusjonane. Det må innførast fullt innsyn i systema der avgjerder blir tekne, slik at røystegjevinga til dei ulike landa blir synleggjord. Praksisen med at leiarane for dei to institusjonane blir utpeikte av høvesvis EU og USA må avviklast. IMF skal ikkje ha noka rolle i langsiktig utviklingsfinansiering.

SV meiner at dersom det kjem ein førespurnad frå utviklingsbankane ALBA Bank og Banco Sur om innskot, bør Noreg vurdere å kome desse i møte på kostnad av innskot i IMF og Verdsbanken.

Noreg må halde fram arbeidet for at all illegitim gjeld blir sletta både i Noreg og internasjonalt. Ein internasjonal gjeldsdomstol, helst i FN-regi, må opprettast. Han skal vurdere gjeld basert på kriterium som legitimitet og berekraft. Noreg bør òg ta ein gjennomgang av norsk utlånspraksis, som Garanti-instituttet for eksportkreditt (GIEK) og norske statsobligasjonar. I tillegg bør Noreg overfor likesinna land ta initiativ til å utarbeide retningsliner for ansvarleg utlån og fremje prinsippet om kreditoransvar òg i dei internasjonale finansieringsinstitusjonane, med mål om eit bindande regelverk for ansvarleg långiving internasjonalt.

Bistand kan vere ei viktig hjelp til utvikling, men han må ikkje koplast til krav som reduserer handlingsrommet til fattige land. Noreg må halde fram opptrappinga av bistanden. Han må vere klart fattigdoms- og kvinneveretta, og kvaliteten må vurderast kritisk for å sikre varige resultat i samsvar med intensjonane.

SV vil at norsk bistand skal gå til utvikling etter føresetnadene mottakarane har. Bistand skal både redusere fattigdom og styrkje høvet folk har til å påverke sin eigen situasjon. Rettane og deltakinga til kvinner må prioriterast. Bilaterale bistandssamarbeid bør særleg rettast inn mot land og regjeringar som har ein god utviklings- og fordelingspolitikk, og som viser ei klar haldning til korrupsjon. Eit sterkt, sivilt samfunn er, saman med stabile og velfungerande statlege strukturar, føresetnaden for demokrati. SV ynskjer å bruke bistand til å styrkje både statlege strukturar og det sivile samfunnet i land i sør. Kvinneorganisasjonar, fagrørslar og sosiale rørslar som arbeider for like rettgar, bør prioriterast i sivilsamfunnsstyrking. Korleis norsk bistand kan brukast til å støtte opp om utviklingssamarbeid mellom land i sør bør vurderast. Norske løyvingar til utviklingssamarbeid bør trappast opp vidare frå 1 prosent av brutto nasjonalinntekta.

Utdanning er ein premiss for all anna utvikling. Framleis er 75 millionar born utan eit tilbod om grunnutdanning. Mellom dei er det ein monaleg overrepresentasjon av jenter. Investering i høgare utdanning, forskning og teknologisk utvikling på premissane til dei fattige landa er ein føresetnad for utvikling og fattigdomskamp. SV vil arbeide for at utdanningsretta bistand skal prioriterast høgt.

Kvinner er i aukande grad offer for krigshandlingar. Seksuelle overgrep og tortur råkar mange kvinner i samband med krig og konflikt. SV vil arbeide for FN-resolusjonane om kvinneverettar i og etter krig og konflikt og om seksualisert vald som våpen i krig og konflikt, blir følgde opp og implementert. Dette inneber òg at kvinner må og skal trekkjast aktivt med i fredsprosessar.

SV vil at innsatsen for konfliktdeping og konfliktförebygging skal aukast. I mange konflikthar dør menneske fordi naudhjelp ikkje kjem fram raskt nok. SV vil bruke noko av rikdommen i oljefondet til eit naudhjelpsfond. Eit slikt fond vil vere særleg viktig i katastrofesituasjonar som ikkje får merksemd i media.

Helse og fordeling er knytte nært saman. Millionar av menneske dør i dag av sjukdommar som kan kurerast. Billige medisinar må stillast til disposisjon for folkesetnaden i fattige land. Noreg må hjelpe til med å utvikle medisinar og vaksinar som kan takast i bruk utan patentvederlag i fattige land. Internasjonale avtalar om patentrettar må ikkje hindre høvet til å produsere slike medisinar i nærleiken av område der dei trengst. I tillegg må det takast eit globalt lyft for å vaksinere born og unge mot alvorlege sjukdommar. Noreg må støtte og ta

initiativ til globale vaksinasjonsprogram. På same tid må det arbeidast for at desse i større grad enn i dag blir tilpassa utviklinga av helsevesenet i dei einskilde landa. SV vil arbeide for at ein langt større del av den medisinske forskinga skal brukast på dei sjukdommane som rår menneske i fattige land, som malaria og aids.

Over 500.000 kvinner døyr årleg som følge av graviditet, abort og fødsel, og millionar av kvinner blir skadde for livet. Dei seksuelle og reproduktive rettane kvinner har, må styrkjast. Det er viktig å støtte kvinneorganisasjonar og sosiale rørsler verda over som arbeider for retten kvinner har til å ta avgjerder som gjeld eigen kropp, retten til sjølvvald abort medrekna.

11.4 Ein regulert verdsøkonomi

Ein verdsøkonomi utan demokratisk styring og reguleringar er øydeleggjande for både vekst og fordeling i både fattige og rike land. SV arbeider difor for eit meir rettvisst handelssystem og mot ein uregulert spekulasjonsøkonomi.

Det er nødvendig å setje i verk kortsiktige, ekstraordinære mottiltak mot den globale, økonomiske krisa for å setje grenser for skadeverknadene for samfunnet. Bergingsaksjonar for finansinstitusjonar er nødvendige for å hindre at finanssystemet kollapsar. Aksjonane må innrettast slik at den statlege ryggdekkinga ikkje fremjar nye rundar med risikofylt spekulasjon. Eigargane av finansinstitusjonane bør dekkje kostnader ved aksjonane i den grad det er råd. Når dette ikkje er råd, bør staten ta over eigendelar i selskapa eller nasjonalisere.

Deregulering av økonomien har ført til at statar og folkevalde verda over har liten kontroll. Enorme mengder kapital blir i dag flytta uhindra over landegrensene. Dette skapar stor ustabilitet i økonomien til mange land, og gjer at folkevalde styresmakter må ta urimeleg stort omsyn til kapitaleigarinteressene. Spekulasjon kan skape store finanskriser og øydelegge mange års arbeid for næringsutvikling og fattigdomsreduksjon. Grenser for den frie flyten av kapital må difor innførast. Einskildstatar må ha fridom til å innføre ulike former for kapitalkontroll.

Skatteparadis fungerer som tilretteleggjarar for korrupsjon. Auka skattekonkurranse hindrar fattige land i å utvikle velferd for folket sitt. Noreg må arbeide internasjonalt for at ingen statar skal kunne fungere som skatteparadis, til dømes gjennom eit globalt regelverk for offentleg innsyn i skatteparadis. Om nødvendig kan Noreg sjå på alle betalningar til skatteparadis som uttak av inntekt. Dette skal gjelde alle betalningar frå, eller på vegner av, norske personar og selskap og heil- eller delatte dotterselskap i utlandet.

Skal den økonomiske situasjonen stabiliserast, noko som er ein føresetnad for at land skal kunne utvikle seg, må ei sterkare regulering av økonomien til. Skatt må brukast som eit aktivt verkemiddel for å få den føreseielege økonomien som trengst for å skape utvikling. På globalt nivå må Noreg arbeide for å innføre ein skatt på valutatransaksjonar.

Det internasjonale handelsregimet er i dag drive fram av interessene til store konsern og rike, mektige land. SV går imot å ta frå fattige land styringsrett og verkemiddel som har vore viktige for å utvikle vårt eige samfunn til eit velferdssamfunn. SV vil støtte fattige lands tiltak for å byggje opp eit variert nasjonalt næringsliv og for å fremje næringsinteressene sine på den globale marknaden.

Handel kan vere ei viktig hjelp til å kjempe mot fattigdom, men dette føreset at handelen skjer på vilkår som er til føremon og for dei fattige statane og for den fattige delen av folket. Fattige land må få betre tilgang til marknaden i industrilanda. Dette

kan oppnåast utan ei generell liberalisering ved å utvide dei handelspreferansane utviklingsland har i dag.

SV meiner at utviklingsland må ha rett til å verne næringar dei ynskjer å byggje opp som del av ein nasjonal næringspolitikk, og at handelsreglane i WTO må gjevast nok politisk handlingsrom til å sikre dette. SV støttar kravet om at alle former for eksportsubsidiar til landbruket blir fjerna snarast råd. Noreg må arbeide for at det gjeldande subsidieregimet blir lagt om slik at overproduksjon og dumping ikkje lenger blir premiirt. Samtidig er det avgjerande at Noreg opnar for auka import av landbruksvarer frå u-land og vrir norsk matimport vekk frå EU over til land i sør. Handel med mat kan ikkje sidestilla med handel med andre varer. Høvet til å verne nasjonal produksjon med tollsatsar må aukast monaleg, spesielt for utviklingsland.

Tingingar om å auke den internasjonale handelen med tenester i ramma av GATS-avtalen til WTO går føre seg no. Noreg må ikkje stille krav til land i den tredje verda om å opne seg for utanlandsk konkurranse på viktige tenesteområde, og offentlege tenester må ikkje kome innunder GATS. I dei tilsvarande forhandlingane om TRIPS-avtalen må Noreg gå inn for å hindre at store medisinkonsern får patentrettar som hindrar tilgangen til billige medisinar mot livstrugande sjukdommar (til dømes hiv/aids, malaria og tuberkulose) i fattige land. I WTO-tingingane om industrivarer må Noreg ikkje la omsyn til norsk eksport av sjømat gå framfor høvet utviklingsland har til å verne industrien og havnæringane sine.

SV støttar kravet frå dei fleste land i den tredje verda om at WTO ikkje må utvidast med nye avtalar om investeringar, konkurransereglar, offentlege innkjøp og tilrettelegging for auka handel. SV vil òg gå imot at Noreg og EFTA brukar bilaterale handelsavtalar til å innføre reglar på desse områda som er avviste i WTO. Kriterium for faglege, sosiale og demokratiske rettmar må vere avgjerande når nye avtalar blir forhandla. SV vil at norske posisjonar i handelstingingane skal vere opne, og meiner at WTO-tingingane må demokratiserast. Som eit steg i denne retninga går SV inn for at tingingar og avtalar om nye handelsreglar blir overførte til FN-organ. Som eit steg på vegen bør Noreg arbeide for å styrkje FN-konferansen for handel og utvikling (UNCTAD).

SV arbeider for eit spegelvendt alternativ til WTO. Alternativet vårt byggjer på følgjande prinsipp: Alle land bør ha handlefridom til å gripe inn med aktiv styring på marknaden for varer, tenester, kapital og arbeidskraft. Omsyn til konkurranse og nasjonal ikkje-diskriminering må ikkje gå framfor viktige samfunnsomsyn. Kva samfunnsomsyn som har førsterett – og korleis dei kan vernast – kan spesifiserast i internasjonale avtalar. Slike avtalar kan byggjast opp stegvis mellom grupper av statar, men målet er å gjere dei globale. Noreg bør nytte høvet som ikkje-medlem av EU til å inngå samarbeid med Mercosur og ALBA.

Alle land bør sjølve kunne velje dei verkemiddela som trengst for å sikre levedyktige lokalsamfunn og ei allsidig og forsvarleg ressursutnytting. Dei landa som ynskjer det, må fritt kunne fastleggje vilkåra for utanlandske oppkjøp av verksemder, naturressursar og eigedom. Alle land bør sjølve kunne forbetre miljøkrava sine, forbrukarvernet sitt og vernet om folkehelsa ut over det som følgjer av internasjonale avtalar.

Internasjonale avtalar er avgjerande i ei verd der menneske og samfunn blir knytte stadig tettare saman. Avtalar der statar gjev frå seg suverenitet, trengst òg. Sentrale rettmar for einskildmenneske og samfunnsgrupper må vernast av folkerettslege avtalar. Viktige miljøomsyn kan berre tryggjast gjennom bindande internasjonale avtalar.

Det er avgjerande at slike avtalar ikkje blir underordna handelsreglane definerte av WTO eller vik for vedtak i Verdsbanken og IMF. Der det er konflikt mellom

WTO-regelverket og internasjonale miljøavtalar, skal miljøavtalane prioriterast. Det same må gjelde for ILO-konvensjonane om rettar i arbeidslivet.

11.5 Norske investeringar i utlandet

SV vil at det skal stillast klare krav til norske verksemder om å respektere kjernekonvensjonane til ILO som mellom anna sikrar organisasjonsfridom og forbyr barne- og slavearbeid. Innsyn og informasjon må sikrast slik at forbrukarane kan vere med på å presse selskapa til ein høg etisk standard i verksemda si.

Noreg må vere leiande i arbeidet for globale bindande standardar for samfunnsansvaret næringslivet har. Før desse er på plass er det trong for klare nasjonale retningslinjer og straffetiltak knytte til dei. I tillegg bør ei ombudsordning som skal overvake at norske selskap følgjer opp samfunnsansvaret sitt, opprettast. Ho skal òg fungere som eit informasjons- og rådgivingsorgan for selskapa. I tillegg må selskapa som opererer i Noreg, kunne stillast til ansvar for medverknad til brot på grunnleggjande menneskerettar utført i andre land.

Statsatte selskap må ha ei særleg plikt til ikkje å utnytte dårlege arbeidstilhøve i fattige land. Norske statsatte selskap må difor stå ansvarleg for arbeidstilhøva hos underleverandørar (solidaransvar) òg.

Noreg må arbeide for å binde både statar, selskap og internasjonale organisasjonar til å kjempe mot korrupsjon, ikkje minst i samband med olje- og annan naturressursutvinning i fattige land. Deltakinga til norske selskap må følgje dei strengaste internasjonale reglane i den samanhengen. Programmet «Olje for utvikling» i norsk utviklingssamarbeid må innrettast på å hjelpe utviklingsland til å utvikle ei sosial og økonomisk forvaltning av oljeressursane, ikkje på å skaffe føremonar for norske selskap.

Dei etiske retningslinjene for Statens pensjonsfond må brukast aktivt og utviklast vidare. SV vil arbeide for at visjonen vår om aktivt og solidarisk statleg eigarskap òg skal gjelde for investeringar pensjonsfondet gjer i utlandet. Som ein stor finansiell aktør bør Noreg i større grad bruke makta si til å styrkje rettane og utviklinga til arbeidstakarane i sør. Fondet skal reagere mot selskap som bryt kjernekonvensjonane til ILO. Retningslinjene må i framtida òg kunne brukast til å trekkje investeringar ut av selskap som tilhøyrer statar som er involverte i folkerettsbrot eller brot på menneskerettane. SV meiner fondet må ta fleire omsyn enn sikker avkastning i investeringane sine, og at det skal satsast særleg på å tilføre kapital til utvikling av fornybare energikjelder.

11.6 Solidaritet med undertrykte folk

Den militære og økonomiske dominansen til stormaktene er ein av dei viktigaste grunnane til underutvikling og manglande sosial og økonomisk framgang i mange land. Dei største statane prøver å oppnå kontroll over strategisk viktige ressursar og område, i verste fall med krig som reiskap. USA står i ei særstilling som den dominerande stormakta i verda, med ein politikk som har undergrave autoriteten til FN, og som har utfordra sjølvrådetten til fleire nasjonar løynd av ein såkalla krig mot terror.

For å sikre ei fredeleg utvikling er det avgjerande at krigføringa i USA og dei allierte landa blir stoppa i Irak og Afghanistan. Det militæret nærværet må avviklast i ein gradvis prosess der nasjonale, demokratiske institusjonar tek kontroll på alle område med full råderett over egne ressursar – og utan framande militærbasar. SV vil arbeide for at Noreg gjev humanitær bistand til folket i Irak og til irakiske flyktningar i nabolanda, og held fram det humanitære arbeidet sitt i Afghanistan. Noreg må halde fram det sivile utviklingssamarbeidet med afghanske styresmakter og med det afghanske sivilsamfunnet. SV vil setje seg imot eit norsk militært bidrag til krigføringa til USA i Irak.

I Afghanistan har det skjedd ei aukande samanblanding av stabiliseringsoppdraget til ISAF og krigføringa innafor Operation Enduring Freedom leidd av USA. Det norske militære engasjementet i Afghanistan tyngjer personellet i hæren, og gjer det vanskeleg å stille norske styrkar til disposisjon for FN-oppdrag i andre land. Føresetnadene for å kunne medverke til ein konstruktiv humanitær og sivil innsats i Afghanistan med kontakt med alle folkegrupper, vil betrast om Noreg ikkje på same tid tek del i det somme grupper oppfatar som fiendtleg krigføring. SV meiner det norske militære engasjementet i ISAF-styrkane i Afghanistan må avviklast. Slik kan Noreg konsentrere innsatsen sin på det sivile området og styrkje høvet til ei politisk løysing som gjer at FN overtek ansvaret for støtte til tryggleik og stabilisering. SV er imot bidrag til ISAF i stortingsperioden.

SV støttar kampen til palestinarane mot israelsk okkupasjon og påtvinga eksil, retten dei har til ein eigen stat med Aust-Jerusalem som hovudstad, og retten flyktningar har til å vende heim. SV vil leggje press på Israel og vere pådrivar i kampen mot apartheidmuren på den okkuperte Vestbreidda etter uttalen frå den internasjonale domstolen i Haag. Israel må forhandle med dei valde, palestinske representantane, same kva parti dei høyrer til. Manglande internasjonalt press på Israel er ei vesentleg årsak til at Israel kan halde fram okkupasjonen. SV vil arbeide for internasjonale sanksjonar mot Israel, og meiner både økonomiske sanksjonar og sanksjonar i kultur, idrett og akademia må vurderast. Det er vesentleg at desse har støtte mellom palestinarane. SV vil arbeide for ein internasjonal våpenboikott og våpenembargo mot Israel så lenge staten held fram åataka sine på det sivile, palestinske folket.

Kurdarane i Irak har i fleire år hatt eit avgrensa sjølvstyre som særleg utfordrar iveren Tyrkia og Iran har til å undertrykkje dei legitime krava kurdarane har om kulturelle og sivile rettar. SV støttar krava kurdarane har om vern mot forfølgning. SV ynskjer at Noreg skal leggje press på landa med store kurdiske minoritetar, slik at krava deira om innfriing av kulturelle og sivile rettar blir innfridde. Dette gjeld i dag særleg Tyrkia. Overgrepa frå landet mot kurdarar i Tyrkia og Nord-Irak må ikkje teiast i hel.

SV støttar kampen Polisario fører for eit fritt og uavhengig Vest-Sahara. Marokko må respektere avtalen om å arrangere ei FN-overvaka folkerøysting i Vest-Sahara og godta resultatet.

SV ser svært positivt på utviklinga i fleire latinamerikanske land der progressive regjeringar har starta ei omfordeling som kjem dei fattige til gode, samtidig som dei arbeider aktivt for å redusere USA-dominansen i Latin-Amerika. Noreg må støtte opp om arbeidet desse landa gjer for å skape sosial endring, og halde fram bilaterale samarbeid og bistand med vekt på støtte til prosjekt retta mot kvinner, urfolk, fagrørslar og sosiale rørsler. Eit tilnærma samrøystes FN har fleire gonger fordømt USA-blokaden av Cuba. SV støttar kravet om at blokaden må opphevast, og vil ta initiativ til auka økonomisk samarbeid mellom Noreg og Cuba. SV ynskjer ein aktiv, politisk dialog med Cuba for å styrkje demokratiet og for å støtte den unike rolla Cuba har mellom utviklingsland, som døme på offentleg helseteneste, utdanning og katastrofeførebygging.

Colombia er det landet i verda der flest fagforeningsaktivistar blir forfølgde og drepne, og landet har fleire gonger blitt dømt for brot på menneskerettane i den interamerikanske menneskerettsdomstolen. SV meiner at Noreg bør ha ein aktiv rolle overfor kolombianske styresmakter for å hjelpe til med å få ein slutt på grove menneskerettsbrot og til ei fredeleg løysing på den valdelege konflikten.

Burma har vore styrt av militærdiktatur i nesten 50 år. Det burmesiske folket er blitt eitt av dei aller verst stilte i verda når det gjeld levestandard og menneskerettar.

SV støttar nobelprisvinnar Aung San Suu Kyi og kravet den demokratiske opposisjonen har om å innføre demokrati att og respektere menneskerettane i Burma. Dette må ein prøve å oppnå gjennom boikott, ved direkte press mot militærregimet som styrer Burma, og gjennom indirekte press via Kina og andre land som gjev regimet i Burma våpen og politisk støtte til undertrykking av eige folk.

11.7 Styrkt samarbeid i nordområda

Nordområdepolitikk handlar om samansette mål. Det handlar om ressursforvaltning, tryggingsspolitikk og om suverenitet. Utleidd av slike storpolitiske mål handlar ein politikk for nordområda òg om sysselsetjing og om busetnad. SV meiner det er ein viktig samanheng mellom det stadig aukande strategiske fokuset på nordområda i internasjonal politikk, og den nasjonale trongen for samfunnsutvikling i den nordlegaste landsdelen. SV vil difor ha ein heilskapleg strategi for å utnytte sjansane i Nord-Noreg baserte på ei berekraftig utnytting av dei rike ressursane i nord.

Barentshavet har enorme, marine ressursar og petroleumsressursar. Klimaendringane kan i åra som kjem grunnleggjande endre føresetnadene for økonomisk samkvem og utvinning av ressursar i nordområda. Nordaustpassasjen vil bli open for skipsfart i stadig større delar av året, og Polhavet kan bli ope for segling. Stadig større funn av olje og gass blir kartlagde i arktiske strok på same tid som fisken i Barentshavet er ei av dei viktigaste matkjeldene i verda.

Dette vil føre til auka internasjonalt fokus på nordområda i åra som kjem. Det vil òg gjere det klart at ulike stormaktsaktørar kan ha kryssande, samanfallande eller motstridande interesser i nærområda våre. Noreg må balansere mellom interessene til aktørar som EU, Russland og USA. Noreg har sterke nasjonale interesser i nordområda, og må vere offensive med tanke på utviklinga i nord. Det er difor viktig at Kystvakta og Forsvaret styrkjer det permanente tilhaldet i nordområda. SV arbeider for ei langt sterkare, nasjonal nordområdesatsing.

SV vil utvikle og forsterke samarbeidet mellom Noreg og Russland. Samarbeid er den beste garantien for eit godt naboskap i nord. Samtidig skal dette ikkje hindre Noreg i å kritisere svekkingar av demokratiet i Russland eller aggressiv russisk utanrikspolitikk. Støtte til frie medium, organisasjonar og institusjonar som vil fremje demokrati, er difor viktig.

SV ynskjer ein Barentshavsavtale med Russland for å lette samarbeidet på ei rekkje område, og vil ha på plass eit regelverk i Barentssamarbeidet. Langs ei grense som markerer dramatiske livskårsskilnader, er Barentssamarbeidet eit velfungerande samarbeidsforum som er unikt i internasjonal samanheng. Det utstrekte samarbeidet i mellom anna næringsliv, utdanning og forskning, miljø og helse, kultur og urfolk må utviklast vidare.

SV vil styrkje medverknaden Noreg har til ei langsiktig og forsvarleg handtering av atomtryggingsspørsmåla i Russland. Norsk miljørørslar har spelt ei viktig rolle i å rette søkjelys mot problema knytte både til atomkraft, atomavfall og luftureining på Kola. SV vil aktivt støtte opp om det vidare arbeidet til miljøorganisasjonane på dette feltet.

→ Sjå òg 2.2 «Ein klimavenleg energipolitikk»

11.8 Eit sterkare fellesskap i Norden

Klimaendringane i nord og dei raske endringane i internasjonal økonomi og makttilhøve skapar nye utfordringar for Noreg som småstat med store naturressursar og ansvar for enorme havområde. Det krev nytenking rundt det internasjonale samarbeidet og tryggingsspolitikken i Noreg, og ei styrking av banda til land vi har sterke interessefellesskap med. SV arbeider

difor for eit tettare nordisk samarbeid og at dei nordiske landa opptrer meir samla internasjonalt.

SV støttar tendensen til auka forsvarssamarbeid i Norden. Det er store vinstar, både når det gjeld tryggingsspolitikk, kapasitet og økonomi, i eit tett nordisk samarbeid på dette området. SV-visjonen er at samarbeidet om forsvarsmateriell og felles FN-styrkar skal utviklast vidare i retning av at Norden blir den viktigaste tryggingsspolitiske forankringa til Noreg. SV vil òg arbeide for auka økonomisk integrasjon i Norden, og vil oppmuntre til nordisk samarbeid om industriutvikling, ny teknologi og energi. Innafor utdanning og forskning må samarbeidet òg styrkjast. Overvaking i nordområda er òg ei oppgåve som vil vere tent med eit tettare nordisk samarbeid.

Nordisk råd kan bli ei god ramme for utviklinga av dette forsterka, nordiske samarbeidet. Då må Nordisk råd reformerast slik at politisk tyngd og relevans blir vesentleg styrkt.

11.9 Samarbeidet i Europa

SV ynskjer eit tett samarbeid mellom Noreg og dei andre landa i Europa. SV stiller seg likevel kritisk til matkonsentrasjonen og svekkinga av folkestyret i medlemslanda som den noverande utviklinga i EU inneber. SV ynskjer norsk deltaking i eit mellomstatleg samarbeid, ikkje ein overnasjonal union som fører makta over viktige delar av samfunnsutviklinga ut av folkevalde organ. SV seier difor nei til norsk medlemskap i EU.

Norsk medlemskap i EU vil føre til større avstand mellom folket og dei som tek avgjerdene på ei rekkje område, og svekkje folkestyret i Noreg. Lovverk og praksis i EU byggjer dessutan på ein marknadsliberalisme som står i motsetnad til den framtida venstresida i Europa kjempar for. Svekte sjansar til styring av økonomien og undergraving av samfunnsmakta til fagrørslar kjenneteiknar den økonomiske modellen til EU.

Den økonomiske og monetære unionen er ein viktig skilnad mellom EU i 1994 og i dag. Medlemskap i ØMU vil seie at Noreg misser høvet til å føre ein pengepolitikk som tek omsyn til norsk sysselsetjing og næringsliv. Norsk økonomi utviklar seg ofte i utakt med dei tyngste økonomiane i euro-området, og Noreg må difor verne om retten til ein eigen pengepolitikk.

EØS-avtalen undergrev folkestyret gjennom å gjere Noreg til ein passiv mottakar av lovverk frå EU. Avtalen fører til ei unødvendig detaljregulering av ei rekkje samfunnsområde i Noreg og undergrev viktige verkemiddel i nærings-, arbeidslivs- og distriktspolitikk. Ulempene med avtalen er monaleg større enn føremonane. SV arbeider difor for at Noreg innleier forhandlingar med EU om ein mindre omfattande handels- og samarbeidsavtale, og at EØS-avtalen blir sagt opp i samband med dette. For å få kunnskap om og debatt om kva EØS-avtalen har å seie for Noreg meiner SV at avtalen må evaluerast på eit forskingsbasert grunnlag. SV meiner at eit offentleg utval må oppnemnst for å lage eit ugreiing (NOU) som grunnlag for ei stortingsmelding om EØS-avtalen i komande stortingsperiode. Så lenge EØS-avtalen gjeld, må reservasjonsretten takast aktivt i bruk av norske styresmakter. Særleg viktig er det å hindre at dei mange rettsavgjerdene i EU-domstolen om avregulering av arbeidsmarknaden får effekt i Noreg. SV vil ikkje liberalisere grunnleggjande velferdstenester. Noreg må difor motarbeide slik liberalisering av postvesen og helsetenester og leggje ned veto mot slike direktiv om nødvendig. SV går imot at datalagringsdirektivet til EU blir innført i Noreg.

SV er sterk tilhengjar av at Noreg tek del i ulike former for europeisk samarbeid som aukar samkvem og samarbeid mellom anna innafor utdanning, forskning, miljøvern og sosial utvikling. SV vil støtte styrkt norsk deltaking i slike program i og utanfor EU-samarbeidet. SV legg dessutan vekt på arbeidet i Organisasjonen for

tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) og i Europarådet. Som den einaste alleuropeiske tryggingorganisasjonen må OSSE styrkjast.

11.10 Eit forsvar for fred og tryggleik

SV meiner at Noreg bør ha eit moderne, effektivt og defensivt forsvar. Utgangspunktet for forsvaret skal vere dei nasjonale tryggingoppgåvene våre innafor eit tett, nordisk samarbeid. Ressursane til Forsvaret er avgrensa og må konsentrerast om å verne norske ressursar og interesser og å hevde norsk suverenitet i vår del av nordområda. Dessutan må forsvaret støtte opp om den interessa Noreg som småstat har av eit styrkt FN.

SV vil difor arbeide for ei omlegging av norsk forsvarspolitik. Kapasiteten til å forsvare Noreg og forvalte dei norske havområda må leggjast til grunn for prioriteringane, ikkje utvikling av nisjekapasitetar for NATO og offensiv slagkraft. Forsvaret har i dag ingen planar og dimensjonering som passar dei utfordringane som vil kome i åra framover, med aukande strategiske og økonomiske interesser i nordområda. Å vende forsvarsfokuset vekk frå ekspedisjonsforsvar og over til eit oppdatert, nasjonalt forsvar i tett samarbeid med dei andre nordisk landa, hastar.

Vernebuing langs kysten må prioriterast høgare enn i dag. Rolla forsvaret har med miljøovervaking og maritimt bergingsarbeid må styrkjast. I samband med dette er det særleg viktig å styrkje Kystvakta. Forsvaret må dimensjonierast slik at Noreg heile tida har eit tydeleg tilhald i nordområda. Det vil seie at talet på utanlandsoppdrag må reduserast av omsyn til hærverksemda heime, og at Luftforsvaret må ha god kapasitet til å overvake havområda.

Forsvarspolitikken må sjåast i samband med ein meir heilskapleg samfunnstryggingpolitikk. Noreg må styrkje innsatsen for sivil vernebuing og internasjonal konfliktförebygging. Dei viktigaste trugsmåla mot tryggleiken vår kan ikkje haldast nede med militære middel. I lys av dei nye utfordringane i nord må samarbeidet mellom ulike etatar gåast gjennom og forbetrast slik at ulike delar av forsvaret, politi, tollvesen, SFT, Kystverk og Kystvakt blir innretta mot eit samarbeid som er godt nok budd på dei tryggingssendingane som er på veg.

Det er avgjerande for norske interesser at småstatar blir sikra av eit fungerande, internasjonalt lovverk for konflikthandtering. Å støtte opp om FNs kapasitet og autoritet i konfliktsituasjonar er difor ein viktig del av norsk tryggingpolitikk. Noreg har altfor lenge nedprioritert fredoperasjonane til FN for oppdrag i regi av NATO. Dette undergrev langsiktige, norsk interesser og internasjonalt fredsarbeid. SV vil difor ikkje støtte bruk av norske, militære styrkar i out of area-operasjonane til NATO. Norsk deltaking i internasjonale operasjonar skal dessutan berre skje etter open handsaming i Stortinget og på grunnlag av utvitydige FN-vedtak i samsvar med folkeretten.

Staten og forsvaret har eit særleg ansvar for å følgje opp dei som har utført teneste i internasjonale operasjonar, og sørgje for at fysisk og psykisk skadde veteranar får eit godt tilbod både når det gjeld økonomi og helse.

SV vil halde oppe den allmenne verneplikta. Eit profesjonelt forsvar basert på verva soldatar vil svekkje den folkelege forankringa og legitimiteten til forsvaret. Verneplikta kan likevel ikkje haldast oppe om ho berre skal gjelde eit lite mindretal av kvart årskull. SV vil difor innføre ei kortare samfunnsteneste der den vernepliktige kan velje mellom å gjere teneste i Forsvaret eller i ei fornya sivilteneste retta inn mot viktige samfunnsoppgåver. I samband med dette vil SV greie ut ei ordning med sivile fredsstyrkar. Når ei slik verneplikt blir innført, må ho gjelde både kvinner og menn.

11.11 Ein ny alliansepolitikk for Noreg

NATO er i dag i aukande grad irrelevant for norsk tryggleik. Alliansen femner om land med ei rekkje motstridande interesser, og har vist seg ute av stand til å opptre samla i viktige krisesituasjonar NATO-operasjonar utanfor eige område gjer organisasjonen til ein reiskap for stormaktsinteressene, og undergrev høvet FN har til å bygge ut ein eigen militær kapasitet. Noreg kan difor ikkje halde fram med å basere tryggleikspolitikken på at NATO skal vere garantist for norsk tryggleik.

SV er òg sterkt kritisk til andre sider ved NATO. Alliansen har framleis førstebruk av atomvåpen som del av strategien sin, og krev retten til å bruke militærmakt utanfor sitt eige område, òg utan FN-mandat. NATO-medlemskapen aukar difor faren for at Noreg blir drege med i åtakskrigar i strid med folkeretten. Slik krigsdeltaking dreg Noreg djupare inn i stormaktspolitikken og vil svekkje norsk evne til å spele ei aktiv rolle i internasjonalt fredsdiplomati.

NATO-medlemskapen gjer Noreg spesielt avhengig av USA, og gjer det vanskelegare å utvikle ein norsk politikk uavhengig av interessene til USA. USA er ei imperialistisk stormakt som set eigne strategiske og økonomiske interesser framfor omsynet til fred og utvikling mange stader i verda. Aggressiv utanrikspolitik frå USA er ei av årsakene til fleire av dei verste konfliktane i verda. USA nektar òg å underleggje seg internasjonale avtalar, til dømes om rustingskontroll og krigsforbrytardomstol. Noreg er difor tent med å gjere seg meir uavhengig av USA.

NATO-medlemskapen bind òg Noreg til å utvikle forsvaret vårt i tråd med det dei internasjonale operasjonane til NATO har trong for. Slik blir norsk evne til å møte utfordringane i nærområda våre svekt. SV meiner Noreg må finne ei anna tryggingpolitikk tilknytning enn NATO og difor forlate organisasjonen. Det er avgjerande at vi finn løysingar som knyter oss til land vi deler tryggingssendingar med. Ein ny alliansepolitikk for Noreg inneber først og fremst å gå i retning av ein nordisk forsvars- og tryggingssending fellellskap og å styrkje norsk innsats i FN.

11.12 Nedrusting og våpeneksport

Noreg må spele ei aktiv rolle som pådrivar i det internasjonale arbeidet mot spreiding av atomvåpen, og for at atomvåpenstatane oppfyller nedrustingspliktene etter ikkje-spreiingsavtalen. Noreg må ta ei leiande rolle i arbeidet for ein konvensjon som forbyr bruk av atomvåpen.

SV er motstandar av NATO-planane om å bygge eit rakettskjold i Aust-Europa. Rakettskjoldet vil føre til auka spenning og opprusting i Europa, og må difor skrinleggjast. Noreg må ikkje medverke til at rakettskjoldet blir realisert.

Biologiske og kjemiske masseødeleggingsvåpen er eit stort trugsmål. SV vil difor arbeide for at konvensjonane om slike våpen blir følgde opp, at det blir etablert nye forbod mot slike våpen og at det blir skapt eit internasjonalt press mot statar som måtte ha eller utvikle dei.

Handvåpen og lette våpen er det største tryggingssendingproblemet for flest menneske i verda. Å få eit betre regelverk for å hindre spreiding av lette våpen til land med mykje vald, hastar. SV vil at Noreg skal ta ei leirolle for å få etablert ein internasjonalt, legalt bindande avtale som regulerer all handel med konvensjonelle våpen.

Skal Noreg ha ein forsvars- og tryggingssendingpolitikk uavhengig av stormakter, treng vi ein viss grad av eigen våpenproduksjon. SV vil likevel at denne produksjonen skal rettast inn mot våpen som passar inn i den defensive

innretninga som norsk forsvarspolitik må ha. SV vil arbeide for fullt innsyn i norsk våpeneksport, og for at regelverket for våpeneksport skal handhevast langt strengare. SV vil arbeide for at eit eksportkontrollråd blir oppretta og at Stortinget blir nærare involvert i godkjenning av våpeneksportlisensar.

Ei sluttbrukerklæring må krevjast frå alle land Noreg sel våpen til, for å hindre uynskt bruk eller vidareeksport til land Noreg ikkje ynskjer å selje våpen til. Desse krava må òg gjelde ved sal til NATO-land. Staten må bruke egedelane i norsk våpenindustri til å sørgje for at sal av våpen og ammunisjon skjer etter like gode reglar som dei norske, òg når dei blir selde frå fabrikkane til eit norskått konsern i andre land.

Noreg må innføre sporingsmekanismar på våpen og ammunisjon. Våpen og ammunisjon som blir produserte i Noreg, må merkast med produsent, førstekjøpar og produksjonsparti, og Noreg må arbeide for ein tilsvarande, internasjonal merkingspraksis.

11.13 Eit meir solidarisk Noreg

SV vil at Noreg skal føre ein human flyktningpolitikk basert på klare prinsipp og kriterium. Norsk asylpolitikk er i dag for streng, og fører til at menneske som treng vern, blir avviste.

Dei aller fleste flyktningar i verda er på flukt i eige land, og er ikkje omfatta av dei internasjonale avtalane om flyktningrettar. Det internasjonale samfunnet må sikre tilgang til humanitær hjelp, og Noreg må arbeide for at FN-retningslinene for vern av internt fordrevne blir følgde. Svært mange flyktar til naboland og nokre få flyktningar hamnar i dei rike landa. SV vil at Noreg hjelper meir til med å løyse desse utfordringane både ved å ta imot fleire i Noreg og ved å arbeide for eit sterkare internasjonalt samarbeid. Dei landa som tek imot flest flyktningar, er fattige naboland. SV vil ta initiativ til å etablere eit fond i FN-regi som kan medverke til å finansiere tiltak for vern av desse flyktningane.

Å søkje asyl er ein menneskerett. SV vil verne om retten til asyl og sikre folk som flyktar til Noreg ei rettviss behandling av søknad om asyl. Eit minstemål er at tilrådingane frå FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR) blir følgde. Norske styresmakter har ansvar for å prove at det er trygt å sende asylsøklarar med endeleg avslag tilbake til heimlandet. SV støttar rask tilbakesending av dei som får avslag. SV støttar òg tiltak som kan setje grenser for at menneske utan krav på vern kjem til Noreg for å søkje asyl. Men SV godtek ikkje at slike tiltak svekkjer sjansen for vern av flyktningar som kvalifiserer til det. Innstrammingane i norsk asylpolitikk frå hausten 2008 som SV gjekk imot, må difor reverserast. Situasjonen for og rettane til ureturnerbare flyktningar må forbetrast. Så lenge tryggingssendingssituasjonen held fram og blir verre, må Noreg stoppe tvangsutsendingar av afghanske asylsøklarar.

SV vil at ei maksimal tidsgrense skal fastsetjast. Etter den kan asylsøklarar utan endeleg vedtak eller dei som ikkje kan returnerast, få ny handsaming av søknaden sin. Ved ny vurdering skal ventetida tilleggjast avgjerande vekt i retning av opphald. Opphaldstida til born skal spesielt leggjast vekt på.

SV vil arbeide for raskare busetjing av flyktningar som har fått opphaldsløye i kommune. SV vil aktivt støtte oppmodinga frå utlendingsstyresmaktene om busetjing av flyktningar til respektive kommunar. SV vil arbeide for ein betre familiesamanføringspolitikk slik at familiar raskare kan leve saman i Noreg.

SV ynskjer å sikre kvinneretten til å få asyl med bakgrunn i kjønnsbasert forfølgning i heimlandet. Det er viktig at kvinner som søker asyl, blir møtte av personar med nødvendig kompetanse, mellom anna om seksualiserte overgrep, for å sikre at rettane deira blir tekne vare på.

SV meiner Noreg bør ta imot eit høgt tal på flyktingar. Talet på kvoteflyktingar Noreg tek imot kvart år via UNHCR, må aukast frå nivået i dag. Dette må sjåast i samanheng med talet på asylsøklarar elles som får opphald, slik at vi sikrar at alle får rask busetjing i kommunane. EU-samarbeidet om asyl-, flykting- og visumpolitikk fører til ei vilkårleg behandling av asylsøklarar. SV vil at Noreg skal gå ut av dette samarbeidet.

For å unngå at land kjenner seg tvinga til innstrammingar i flyktingpolitikken og rettstryggleiken til menneske på flukt må Noreg arbeide for ein internasjonal flyktingdomstol.

SV vil styrkje rettstryggleiken til asylsøklarar. Systemet er i dag for lukka, for vanskeleg å etterprøve og for lite føreseieleg. Utlendingsnemnda bør difor erstattast av eit system med særdomstol som i Sverige. Slik vil asylsøklarar få høve til å prosedere sakene sine, og vanlege rettsprinsipp vil bli lagde til grunn for handsaminga. I ei slik omlegging må regjeringa likevel ta vare på høvet til å styre utlendingsfeltet gjennom føresegner slik at feltet ikkje blir avpolitisert.

→ *For meir om inkludering sjå kapittel 10
«Likestilling og likeverd»*

Kapittel 12: Mykje meir demokrati

Grunnlaget for ei rettvis fordeling av gode og byrder i samfunnet vårt er ei rettvis fordeling av makt. Vanlege menneske har framleis svært innskrenka makt over eige samfunn og eige arbeid i Noreg. Difor vil SV utvide, fordjupe og fornye demokratiet. Kjernen i ein sosialistisk politikk er kampen for meir demokrati.

12.1 Å utvide demokratiet

Målet er eit folkestyre med større rekkjevidd enn i dag. Demokratiet må utvidast til dei delane av samfunnet som i dag er prega av at makta er samla hos nokre få. Særleg gjeld dette økonomien.

Offentleg eigarskap skal sikre demokratisk styring og folkevald kontroll over nøkkelfunksjonar i samfunnet vårt. Eit sterkt og aktivt offentleg eigarskap har dessutan vist seg å vere ein effektiv måte å forvalte viktige, nasjonale ressursar og verdiar på. SV vil difor gå imot all privatisering av statleg eigedom. I staden vil SV auke den offentlege eigarskapen og arbeide for at tidlegare privatiserte og delprivatiserte selskap blir førde attende til offentleg eige. Særleg ynskjer SV å auke fellesskapsmakta over viktig infrastruktur, nøkkelinndustri, naturressursar og i finanssektoren. På same måte er det avgjerande for SV at velferdstenestene og utdanningssystemet i samfunnet er eit offentleg ansvar og under tydeleg, folkevald styring. Den statlege eigarskapen må òg bli meir aktiv. Eigarskapsstrategien for kvart einskilt selskap staten har eigarinteresser i, skal forankrast i Stortinget.

SV ynskjer ein ny, sosialistisk finanspolitikk. Den offentlege eigarskapen og kontrollen over finansinstitusjonane må aukast slik at investeringar og ressursar kanaliserte gjennom finanssektoren, blir brukte til samfunnsnyttige føremål framfor spekulasjon og mål om kortsiktig profitt.

SV vil utvikle ein tredje sektor i norsk økonomi og næringsliv basert på samvirke og verksemder åtte av dei tilsette. At dei tilsette sjølve eig arbeidsplassen sin vil seie at lønstakarane får meir makt over kvardagen. Demokrati på arbeidsplassen vil òg stimulere til å finne meir effektive løysingar, og vere ei form for eigarskap som er meir oppteken av trygge arbeidsplassar enn å auke verdien på børsen. SV vil ha ei ny selskapsform for slike demokratiske verksemder som er åtte og styrde av dei tilsette i fellesskap. SV vil òg leggje til rette for fleire samvirke. Staten må leggje til rette for utviklinga av ein slik ny og meir demokratisk, privat sektor gjennom tiltak som kan gje slike verksemder tryggare rammevilkår. Staten bør til dømes leggje til rette for at samvirkebaserte finansinstitusjonar som kan sørgje for kapitalinngang til ein slik sektor, kan bli oppretta, og at såkornfonda eller andre statlege fond får mandat til å yte kapital òg til verksemder åtte av dei tilsette.

Høvet eigarane har til å flytte eller leggje ned lønsame arbeidsplassar er eit demokratisk problem. SV vil gje tilsette forkjopsrett til eigne arbeidsplassar i samarbeid med styresmaktene når eigarane vil flytte verksemder ut av landet. Viss verksemda likevel blir flytta ut av landet, skal dei tilsette ha krav på etterløn. SV vil arbeide for ei ny og sterkare ervervslov som kan hindre utflytting og spekulative oppkjøp.

I kapitalistiske verksemder kan òg mykje gjerast for å gjere arbeidslivet meir demokratisk. SV vil gjere framlegg om at tilsette kan krevje styrerepresentasjon i verksemder med meir enn ti tilsette. For å auke påverknaden dei tilsette har i selskapa, vil SV i første omgang tilrå at deira del av røystene på generalforsamlinga i selskapet skal aukast til 40 prosent. Ein annan måte å flytte meir makt til arbeidstakarane på er å stimulere til auka tilsetteigarskap i eksisterande verksemder.

Mange verksemder betalar ut store aksjeutbytte og gjev leiarane store opsjonar og bonusar. Arbeidstakarane vil i mange tilfelle ha eit anna perspektiv og vere meir

opptekne av å ta vare på arbeidsplassar og verdiskaping i verksemda. SV vil difor arbeide for at dei tilsette får høve til å ta avgjerder om delar av overskotet i verksemda.

12.2 Å fordjupe demokratiet

SV vil arbeide for å styrkje makta politikken har over marknadskreftene, styrkje dei folkelege røslene, flytte avgjerder nærmare innbyggjarane og gjennom det styrkje tilliten til kva politisk arbeid har å seie. Dette kan skje gjennom å styrkje nærmiljøarbeid, bydels- og bygdeutval eller andre former for deltakande demokrati. Å flytte avgjerder og ressursar til nærmiljøet vil styrkje lokalt engasjement og ta i bruk lokal kunnskap og engasjement.

Staten bør støtte kommunar som ynskjer å overføre makt direkte til innbyggjarane i kommunen, slik at dei kan høve til å påverke prioriteringane i lokalsamfunnet. I tillegg til å leggje til rette for å oppfylle det kommunelova seier om innbyggjarinitiativ, kan dette til dømes vere aktiv bruk av folkerøystingar, opne spørjetimar, utvida høyringspraksis og andre demokratifremjande ordningar.

SV går inn for reformer som kan skape eit meir deltakande demokrati i Noreg. Sjølv om det politiske systemet vårt byggjer på representative organ, er det mange politiske avgjerder som kan takast direkte av folk sjølve. Dette kan skje gjennom auka bruken av folkerøystingar eller gjennom andre former for deltakande demokrati, til dømes gjennom deltakande budsjettering i samband med kommunebudsjetta. SV vil òg at folket skal få direkte framleggsrett i dei folkevalde organa på nasjonalt nivå.

Folkestyre må innebere noko meir enn retten til å velje kven som skal styre. Folkestyre må òg innebere at dei folkevalde kan stillast til ansvar utanom vala. SV vil tilrå ei ordning der veljarane får rett til å krevje nytt val av Storting viss minst 25 prosent av veljarane skriv under på eit slikt krav. Liknande ordningar bør innførast for fylkesting og kommunestyre.

Ein viktig del av demokratistyrkinga er å sørgje for at alle delar av folket har høve til deltaking og representasjon. Kvinner er framleis underrepresenterte i dei folkevalde organa. Ungdom må gjevast betre høve til å kunne påverke. Ei rekkje plikter og rettar som er politisk avgjorde, gjeld frå 16-års alder. Det er difor naturleg å setje ned røysteretten til 16 år.

→ *For kjønnskvotering i politikken sjå kapittel 9 «Feminisme, kjønnspekt og motmakt».*

Det må bli enklare å røyste, mellom anna ved at vidaregåande skular og høgare utdanningsstader i større grad blir brukte som røystestader.

SV ynskjer at avgjerder skal takast så nær dei det vedkjem som råd. Kommunen er den viktigaste lokaldemokratiske arenaen. Den viktigaste føresetnaden for eit meir levande lokaldemokrati er difor framleis styrking av kommuneøkonomien gjennom auka overføringar frå staten. Det er betre økonomi som kan gje det lokale folkestyret handlingsrommet som trengst for å utvikle seg.

SV arbeider for ei desentralisering av makt i Noreg. Makt må overførast både frå statleg politisk nivå og frå forvaltning, til regionalt og lokalt politisk nivå. Vilkåret er at den faglege kompetansen blir sikra. Færre av dei statlege overføringane til kommunane bør vere øyremerkte, sjølv om øymerking i ein del tilfelle er nødvendig for å sikre likeverdige vilkår for folk over heile landet. SV går imot at kommunar skal slåast saman med tvang frå statleg hald. Avgjerder om kommunesamanslåingar må takast lokalt.

SV går inn for å halde oppe tre forvaltingsnivå. Dei tre forvaltingsnivåa må handle saman i sterkare grad enn dei gjer i dag, mellom anna gjennom bruk av gjensidig bindande partnerskapsavtalar.

SV vil motarbeide ei utvikling der politiske organ misser ansvar til byråkrati og marknad. SV vil difor ha færre direktorat og meir direkte, politisk styring.

12.3 Å fornye demokratiet

SV vil at Grunnlova skal fornyast og oppdaterast. Ho må skrivast i moderne, norsk språkdrakt for å gjere henne lettast mogleg å forstå for folket. Grunnlova må på ein meir direkte måte enn i dag verne menneskerettane og sentrale politiske rettar som foreinings-, forsamlings- og demonstrasjonsfridomen i tillegg til streikeretten.

Monarkiet er ei avleggs statsform. I eit demokrati kan ikkje viktige samfunnsposisjonar gå i arv. SV vil difor avskaffe monarkiet og innføre republikk som styringsform i Noreg. Ein norsk republikk bør byggje på den styringsforma vi har i dag, og treng ikkje å føre til noka ny presidentrolle.

Ordninga med statskyrkje er òg avleggs. SV vil difor gå inn for eit fullstendig skilje mellom stat og kyrkje. Noreg er i dag eit samfunn med eit stort, religiøst mangfald. I tillegg er ein monaleg del av folket ikkje religiøst. Staten må difor vere nøytral i trusspørsmål. Det er difor heller ikkje akseptabelt at folkeregistreret har fungert som medlemsregister for Den norske kyrkja. Kyrkja må gjennomføre ei rundspørjing mellom alle medlemmene sine for å få klargjort kven som ynskjer å stå som medlemmer.

12.4 Den demokratiske samtalen

Ein fri samfunnsdebatt er livsnerven i demokratiet. Ytringsfridommen må difor forsvarast og utvidast. I dag set kommersialiseringa av det offentlege rommet grenser for den frie samfunnsdebatten. Pengesterke grupperingar kan kjøpe seg plass i det offentlege rommet med reklame og eigarskap i mediebransjen. SV vil kjempe imot ei slik utvikling.

SV arbeider for spreidd eigarskap i media. Medieeigarskapslova har ikkje i stor nok grad hindra konsentrasjon av eigarmakt i media. Ein heilskapleg gjennomgang av mediepolitikken må difor til. Pressestøtta bør aukast for å stimulere til ein allsidig avisflora. Han skal brukast til å sikre breidde og mangfald, både politisk og språkleg. Pressestøtta må òg kunne brukast til å styrkje alternativ på internett, og slik føre til utjamning når det gjeld å nå ut med informasjon. Det må òg bli råd å støtte etablering av nye aviser. Produksjonstilskotet skal sikre små lokalaviser og nummer 2-avisene i byane. Dette tilskotet har lenge fått lågare realverdi, og må aukast monaleg om mangfaldet i media skal oppretthaldast. NRK må utviklast vidare som allmennkringkastar.

Innsyn i offentleg sektor er avgjerande for demokratiet. Retten tilsette og tillitsvalde har til å uttale seg offentleg må vernast. Det bør òg så langt det er råd vere innsyn i kven som prøver å påverke dei som tek avgjerder. SV meiner difor at det må innførast eit lobbyregister for Stortinget og regjeringa, der møteverksemda mellom lobbyistar og politikarar blir registrert.

SV vil verne om retten einskildmennesket har til privatliv og til politisk organisering utan innsyn frå styresmaktene. Somme lovendringar i tillegg til trekk ved den teknologiske utviklinga har dei siste åra gjort overvaking av borgarane lettare og meir utbreidd. SV vil stoppe denne tendensen og leggje stor vekt på tilrådingane frå Datatilsynet i slike saker. SV vil ha strenge restriksjonar når det gjeld tilgang til datalagring av opplysningar om kommunikasjonen og røslene til innbyggjarane og når det gjeld høve til kameraovervaking og avlytting.

Noreg må ikkje bli eit teknologisk delt samfunn med eit skilje mellom dei som har tilgang på informasjon og teknologi, og dei som ikkje har det. SV ynskjer difor auka bruk av opne standardar, og vil leggje til rette for dette i offentleg forvaltning.

12.5 Forbrukarmakt

Den enskilde forbrukaren er ofte makteslaus mot informasjonsovertaket til selskapa og store høve til marknadspåverknad. Arbeidet med å styrkje forbrukarretten til informasjon og høve til å klage på dårlege produkt og tenester må halde fram.

Altfor store ressursar i samfunnet vårt forsvinn i marknadsføring. Den store reklamemengda vil seie at pengar er avgjerande for å nå det offentlege rommet. SV arbeider for ein vesentleg reduksjon i reklamepresset i Noreg. Reklameboards i byane bør ikkje tillatast. Mengda med reklame i posten kan reduserast drastisk ved å innføre eit prinsipp om at berre dei som aktivt seier ja, skal få uadressert reklame i posten. Telefonsal skal på same måte berre kunne gjennomførast overfor kundar som har sagt aktivt ja til dette. SV vil ha eit restriktivt regelverk når det gjeld fjernsynsreklame, og vil framleis ha forbod mot politisk reklame på fjernsyn.

12.6 Demokratisk mobilisering

Folkeleg mobilisering og engasjement er ein føresetnad for demokratisk og radikal endring. SV vil difor spele på lag med folkelege rørsler i arbeidet vårt for å skape ei meir rettvis verd og for å endre Noreg.


Noreg har ein stolt tradisjon med eit allsidig organisasjonsliv som har drive fram ei demokratisk og sosial utvikling. Gjennom å organisere oss i friviljuge organisasjonar har kvar og ein av oss større høve til å påverke avgjerder og skape noko saman. SV vil styrkje arbeidet til dei friviljuge organisasjonane gjennom å sørgje for stabile og føreseielege rammevilkår og gjennom å skape eit nært samarbeid mellom organisasjonane og det offentlege. Det er i samband med dette òg viktig at staten tek ansvar for å stimulere til auka fagorganisering.

Dei folkevalde organa må ha høg legitimitet. Det er difor viktig å vidareføre skiljet mellom Stortingsval og lokal- og fylkestingsval slik at det blir lettare å etablere lokale dagsordenar. Forsøk der fylke og kommunane i desse fylka kan halde val på ulike tidspunkt bør setjast i verk for å styrkje den lokale dagsordenen.

12.7 Mindre marknad, meir fridom

I Noreg har konkurranse og marknadstenking blitt innført på ei rekkje samfunnsområde dei siste to tiåra. Marknadssamfunnet skapar òg ei maktgliding. I staden for at makt over utforminga av samfunnet ligg i politiske organ, blir ho plassert i institusjonar der kvar einskild har lite høve til å påverke. I marknaden står individet åleine, ofte mot aktørar med mykje større ressursar og langt meir innsyn. I mange tilfelle blir resultatet difor dyrare og mindre effektive tenester. Den same utviklinga har òg ført med seg ei byråkratisering og rettsleggjering som har mange negative følgjer. SV vil erstatte tenkinga frå New Public Management med ein samhandlingsmodell som byggjer på samarbeid og heilskap, framfor konkurranse og marknadsteoretiske prinsipp.

Det er tid for å satse på å løyse fleire oppgåver i fellesskap att. Det gjev den enskilde meir fridom, fordi det gjev større høve til å påverke, og fordi det ikkje tvingar folk inn i ei kunderolle i stadig fleire delar av tilværet. SV går inn for at det blir sett ned ein kommisjon for å gå gjennom resultatata av den deregulerings- og konkurranseutsetjingspolitikken som tidlegare har vore gjennomført i Noreg med sikte på å foreslå reversering av dei reformene som har vore til skade.



SOSIALISTISK VENSTREPARTI

Akersgata 35, 0158 Oslo – Tlf: 21 93 33 00
post@sv.no – www.sv.no